

Japan mellom eigenart og internasjonalisme

Forteljingar om Japan i japanske historielærebøker

Jon Anders Hvoslef Lothe



Mastergradsoppgåve i historie
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap

UNIVERSITETET I BERGEN

12.06.2020

Abstract

In this thesis, I have analyzed the narratives found in six Japanese junior high school history textbooks. Four of these are contemporary textbooks, whereas the remaining two were published in the 1990s. I have had two goals with this project, the main one concerning the question of *how* the narratives about Japan are told in these texts. The secondary goal has been to find out whether these narratives have changed in the last 25 years, a period in which a number of revisions have been made to the related syllabus and other documents.

In all six textbooks I have identified a narrative centered around dimensions of *outside* and *inside* (or *the world* and *the nation*), as well as *the people* and *the elite*, and that the books at times differ widely in how they weigh these dimensions in their telling of the story of Japan. To varying degrees, most textbooks contain a narrative wherein a distinct nation of Japan, and its *elite*, remain at center stage throughout history, and where this national elite changes the face of the nation – while preserving its core - to suit external situations when this is called for. In other narratives, the Japanese people take center stage in a more *universal* story of progress towards freedom and equality, in a Japan where the elite – as other elites like it in other parts of the world – often hinders this development, and where the national dimension is far less important than the universal one.

Føreord

Eg vil først og fremst rette ein stor takk til rettleiar Christian Sæle for all den uvurderlege hjelpa han har gjeve meg i arbeidet med denne oppgåva, eit arbeid som til tider har verka uoverkomeleg. Uvurderleg hjelp har eg òg motteke frå bibliotekar Naoko Koriyama og kollegaene hennar ved biblioteket til Japan Textbook Research Center i Tokyo. Dei fortener difor også ein stor takk. Det gjer også Benedicte Mosby Irgens, mellom anna for at ho bidrog til å mogeleggjere ein særskild givande studietur til Japan.

Innhald

1	<u>Innleiing</u>	7
1.1	Japanske historielærebøker og kontroversene kring desse.....	7
1.2	Tidlegare forskning.....	8
1.3	Dei nasjonale forteljingane i lærebøkene - problemstilling og underspørsmål.....	11
1.3.1	Metode.....	13
1.3.2	Historiekulturen sine grunntropar.....	13
1.3.3	Funksjonen til historiske forteljingar.....	15
1.4	Kjelder – lærebøker og utdanningspolitiske dokument.....	16
1.5	Oppbyggjing.....	21
2	<u>“Nytt samfunn - historie”, ny utgåve – NSH 2</u>	22
2.1	Dei første japanarane – ein kortvarig «guldålder».....	22
2.2	Ei ustabil politisk historie - frå ritsuryou-staten til Meiji-restaurasjonen.....	22
2.3	Forteljinga om den jamne japanar – ein turbulent veg mot fridom og jamstilling.....	24
2.4	Omgang med utlandet frå oldtid til Meiji-restaurasjonen.....	26
2.5	Den japanske periferien gjennom åra fram til Meiji-restaurasjonen.....	28
2.6	Japansk kultur – nasjonalisering, demokratisering, «framsteg».....	29
2.7	Læring og utdanning.....	31
2.8	Opninga av Japan og Meiji-restaurasjonen.....	32
2.9	Japan som stormakt.....	34
2.10	Utviklinga innanriks.....	34
2.11	Frå Mandsjukuo til Hiroshima.....	37
2.12	Etterkrigstida.....	37
2.13	Oppsummering.....	39
3	<u>“Nytt samfunn - historie”, eldre utgåve – NSH 1</u>	41
3.1	Store likskapa, ulike framtider.....	41
3.2	Dei første japanarane.....	41
3.3	Eurosentrisme.....	42
3.4	Imperialisme.....	43
3.5	Eit demokrati mogeleggjort av utlendingar.....	44

3.6	Framtida og oppsummering.....	45
4	<u>“Historielærebok for ungdomsskuleelevar”, ny utgåve – HUE 2</u>	47
4.1	Mykje likt – noko ulikt.....	47
4.2	Den jamne japanar.....	47
4.3	Etniske og sosiale minoritetar.....	48
4.4	Omgang med utlandet, imperialismen og krigføring.....	50
4.5	Miljøvern.....	51
5	<u>“Historielærebok for ungdomsskuleelevar”, eldre utgåve – HUE 1</u>	54
5.1	Ur-japanaren.....	54
5.2	Ei tydeleg negativ eksemplarisk forteljing.....	54
5.3	Imperialisme.....	55
5.4	Etterkrigstida og framtida.....	56
6	<u>“Ny lærebok i historie” – NLH</u>	57
6.1	Dei første japanarane - ei tradisjonsforteljing.....	57
6.2	Kunst- og kulturutvikling – ei forteljing om framgang.....	58
6.3	Den japanske mellomalderen – frå splitting til samling.....	59
6.4	Kontakt med omverda – lukkinga av landet og “dei fire vindauga”.....	60
6.5	Ein kultur for læring.....	61
6.6	Japan sin veg mot stormaktstatus.....	62
6.7	Japan og vestlege stormakter – ein gryande «rasekrig».....	64
6.8	Krig med Kina.....	66
6.9	Krig mot vestmaktene – frigjering av Asia.....	67
6.10	Etterkrigstida.....	67
6.11	Oppsummering.....	68
7	<u>“Saman lærer vi historia til menneska” – SHM</u>	70
7.1	Introduksjon.....	70
7.2	Liding og urett – protest og folkemakt gjennom førmoderne tid.....	70
7.3	Det moderne Japan.....	72
7.4	Utlandet og utkanten – gjennom krig og fred.....	74
7.5	Imperialisme og krig i moderne tid.	76
7.6	Etterkrigstida – ei modningstid.....	77

7.7	Forsoning, fred, berekraft og rettferd.....	78
8	<u>Avslutning</u>	81
8.1	Innleiing.....	81
8.2	Opprinninga og den tidlege kontakten.....	81
8.3	Europa.....	82
8.4	Minoritetar i det japanske samfunnet.....	86
8.5	Imperialisme.....	87
8.6	Demokrati.....	87
8.7	No- og framtid - Japan sitt ansvar i verda.....	89
8.8	Nye og eldre utgjevingar – kva er ulikt?	89
8.9	Funksjonen til forteljingane	91

Lærebøker

Litteratur

1 Innleiing

I denne oppgåva har eg teke føre meg forteljningane ein finn i japanske historielærebøker for ungdomsskuletrinnet, og tenkjer her i innleiinga å greie ut om dette temaet, eit tema som for dei fleste vil vere relativt ukjend. Etter ein kort historisk gjennomgang av kva rolle desse lærebøkene har spelt i Japan og i omverda gjennom etterkrigstida, vil eg syne kva forskning som har vore gjort på området og i samband med dette kome med ei grunngjeving for mitt eige prosjekt.

1.1 Japanske historielærebøker og kontroversene kring desse

I Japan har det i over fleire tiår funne stad ein historiekulturell debatt om innhaldet i historielærebøkene som nyttast i skuleverket i landet. Ulike organisasjonar har vekse fram i samband med denne og andre konflikter knytt til historiebruk i landet,¹ og ein fremjer sine synspunkt - og går til åtak på sine motstandarar - gjennom ei rekkje ulike kanalar, til dømes teikneseriemediet.²

Konflikta har fått namnet *kyōkasho mondai*, “lærebok-kontroversene” eller “-problema”, og har vore av eit slikt omfang at den har blitt omtala som “central to the political conflicts of the postwar era” i landet,³ og har variert i intensitet gjennom etterkrigstida.⁴ Dei siste drygt 40 åra har konflikta blitt internasjonal, og diplomatiske tumultar mellom Japan og nabolanda har fått konsekvensar for både godkjenningsspraksisen av bøkene og innhaldet i desse.⁵

Det er i hovudsak framstillinga av den imperialistiske perioden mellom 1894-1945 denne strida har kretsast kring, nasjonalt og internasjonalt. Det hersker ei seigliv oppfatning utanfor Japan om at landet sine lærebøker utelét og/eller kvitvaskar dei negative konsekvensane av japansk imperialisme. Ein meiner dette syner at landet, i motsetnad til Tyskland, ikkje i tilstrekkeleg grad

¹ Sjø t.d. Saaler, S.(2005) om foreininga *Atarashii Kyōkasho wo Tsukuru Kai* («Foreining for ny lærebok»), gruppa bak “Ny lærebok i historie”.

² Sjø særleg Kobayashi Yoshinori sin sær populære *Shin Gōmanism Sengen Supesharu - Sensō Ron*, gjeve ut i tre bind mellom 1995 og 2004.

³ Nozaki, Y. og Selden, M., 2009, s. 135

⁴ Sjø Fukuoka, K., 2018 og/eller Nozaki, Y. og Selden, M., 2009 for ei oversikt.

⁵ Nozaki, Y. og Selden, M., 2009, s. 128 - Japan sine naboland - i første rekkje myndigheiter, men seinare også borgarar - engasjerte seg i strida først tidleg på 1980-talet, i etterkant av at japanske medier kom med avsløringar om godkjenningsspraksisen for desse lærebøkene. Utdanningsdepartementet skulle hadde bede forlaga om å erstatte ordet «invasjon» (*shinryaku*) med «innrykking» (*shin'nyū*) i omtalen av invasjonen av Kina på 1930-talet. Myndigheitene innførte ein “nabolandsparagraf” (*kinrin shokoku jōkō*) i lista over godkjenningsskriterier (*kyōkayō tosho kentei kijun*). Frå no av skulle hendingar som involverte Japan og nabolanda i nyare historie handsamast med eit medvit om å styrke “internasjonal forståing og samarbeid” - *kokusai rikai to kokusai kyōchō*...

har teke eit oppgjer med denne delen av fortida si.⁶

1.2 Tidlegare forskning

Den internasjonale merksemda kring dette aspektet ved lærebøkene avspeglast i den *engelskspråklege* forskinga som har blitt gjort på området.⁷ Ein finn mellom anna arbeid om lærebokstrida si rolle i nasjonal politikk,⁸ diplomatiske kriser som har hatt sitt opphav i kontroverser kring bøkene,⁹ den nyare historiske revisjonismen i Japan,¹⁰ japanske skuleelevar sin resepsjon av innhaldet i læreverka¹¹ og om transnasjonal lærebokaktivisme.¹²

Denne perioden er òg dominerande hos dei som har sett på sjølve innhaldet i læreverka,¹³ men ein finn òg eit mindretal arbeid som har teke føre seg andre delar av det.¹⁴ Det herskar inga usemje blant forskarane om at den imperialistiske perioden gradvis fekk meir plass i lærebøkene i løpet av etterkrigstida, særleg frå 1970-talet av, og at handsaminga av innhaldet har endra karakter.¹⁵ Forskinga har funne eit foreløpig toppunkt, både av kvantitativ og kvalitativ art, på 1990-talet,¹⁶ og at det har vore ein moderat tilbakegang i ein del verk sidan den gong.¹⁷ Forskingslitteraturen legg frem ulike teoriar om korleis denne tilbakegangen bør forklarast,¹⁸ og er ikkje minst usamde i implikasjonane av lærebøkene si handsaming av temaet generelt.¹⁹

I *The Victim as Hero* (2001) har James J. Orr sett på korleis japanske historielæreverk

⁶ I nyare tid stammar denne oppfatninga frå midten av 1990-talet, då konflikta om innhaldet i bøkene blussa opp att og var på sitt mest intense i Japan. Nasjonalistiske krefter reagerte då på lærebøkene sin relativt store openheit om krigsbrottsverk o.l., og formidlinga det desse kalla eit "sjølvpiskande historiesyn" (*jigyaku shikan*) (Sjå t.d. Cave, P., 2012 og Saaler, S., 2005).

⁷ Eg har av språklege grunnar avgrensa meg til engelskspråkleg forskning. Mykje av denne er både i dialog med forskning skrive på japansk og/eller er gjort av japanarar. Som den vidare oppgåva openbert vil syne, kan eg språket godt nok til å lese tekstar i lærebøker meint for ungdomsskuleelevar, men eg vurderte det som for omfattande og tidkrevjande å lese akademiske tekstar skrive på japansk i samband med dette prosjektet.

⁸ Nozaki, Y. og Selden, M. (2009)

⁹ Sjå t.d. Rose, C. (1998), Guex, S. (2015) og Hirano, M. (2009)

¹⁰ Sjå t.d. Hein, L. og Selden, M. (2000) og Saaler, S. (2005)

¹¹ Sjå t.d. Fukuoka, K. (2011)

¹² Sjå t.d. Ku, Y. (2014)

¹³ Sjå t.d. Orr, J. (2001), Barnard, C. (2003), Bukh, A. (2007), Saaler, S. (2005), Cave, P. (2012) og Yoshifumi, T. (2015)

¹⁴ Sjå t.d. Nelson (2002), Nishino, R. (2010) og Dierkes, J. (2010)

¹⁵ Dierkes, J., 2010, s. 150-151 - medan ein tidlegare for eksempel omtala konflikta med Kina på 1930- og 40-talet som ein "episode" (*jihen*), kallar ein det no for ein "krig" (*sensō*).

¹⁶ Nozaki, Y. og Selden, M., 2009, s. 133

¹⁷ Cave, P. (2012) har sett på denne tilbakegangen i detalj, og syner òg til verk som *utvida* omtalen av perioden.

¹⁸ Medan somme meiner det er godkjenningsorgana, og dimed utdanningsdepartementet, som har makta å presse forlaga til å mellom anna redusere omfanget og omtalen av denne perioden (Sjå t.d. Nozaki, Y. (2007)), medan andre meiner forlaga har gjort dette av økonomiske omsyn (Sjå særleg Cave, P. (2012)).

¹⁹ Her er Barnard, C. (2003) og Dierkes, J. (2010) dei mest kritiske røystene.

etter krigen er eit uttrykk for ein intensjon om *utdanning i fred*,²⁰ og meiner handsaminga av den imperialistiske perioden i verk frå 1970-talet og utover har vore av ein art som er eigna til å skjerpe lesarane sitt medvit om det japanske folket sitt medansvar for krigshandlingar og -brotsverk, og at dei ikkje utelukkande var uskuldige tilskodarar eller offer for det militaristiske regimet i landet.²¹

Alexander Bukh følgjer opp arbeidet til Orr i sin *National Identity in Narratives of Victimhood and Victimization* (2007).²² Det er ifølgje han ikkje nokon tvil om at konstruksjonen av ei *japansk* offerrolle dominerer narrativa om krigen også i læreverk av nyare dato, men han meiner, som Orr, at bøkene samstundes har eit stort potensial til å skape medvit om japansk aggresjon i fortida.²³ I læreverka han har sett på lar ein i stadig større grad delar av folket opptre som deltakarar og “undertrykkjarar” i det koloniale og imperialistiske prosjektet til den japanske staten.²⁴

I John Nelson sin *Tempest in a Textbook: A Report on the New Middle-School History Textbook in Japan* frå 2002, har forfattaren teke føre seg éi enkelt lærebok, eit verk eg òg har inkludert i utvalet mitt; “Ny lærebok i historie”.²⁵ Her syner han kva strategiar dette læreverket nyttar for å ta til motmæle mot det “sjølvpiskande historiesynet” (*jigyaku shikan*) forfattarane meinte andre lærebøker formidla då denne boka vart til, i perioden kring det nemnte toppunktet på 1990-talet. I hovudsak er det lærebøkene sin detaljerte omtale av det japanske militæret si valdelege framferd, og då særleg hendingar som Nanjing-massakren, som fekk gruppa bak denne boka til å reagere.²⁶

I sin *Language, Ideology and Japanese History Textbooks* (2003) har Christopher Barnard gjennomført ei diskursanalyse av ei rekkje utdrag frå ulike læreverk. Han konkluderer mellom anna med at bøkene gjennom *språket* stør opp under ein “uansvarlegheitsideologi” i måten det

²⁰ Orr, J., 2001, s. 72 - både amerikanske okkupantar og japanske intellektuelle ønskte at ein i etterkrigstida skulle utdanne eit pasifistisk, eller i alle høve *krigsskeptisk*, folk. Ei framstilling av det japanske folk som *offer* for, ikkje medskuldige i, militaristane sine gjerningar stod sentralt i denne tankegangen.

²¹ Ibid., s. 74-75 – verk frå 1970-åra var riktig nok var mindre kritiske enn utgjevingar frå dei umiddelbare etterkrigsåra. Lærebøker frå slutten av 1950-talet fram til kring 1970 framstilte den japanske staten sine handlingar i åra fram mot krigen som uunngåelege og forståelege; tekstane var prega av såkalla «apologist leanings». I denne perioden fortalde bøkene berre i avgrensa grad om lidningane til *ikkje-japanarar* i krigsåra, men denne tendensen forsvinn i aukande grad i bøker forfatta etter 1970.

²² Ved å ta føre seg nyare utgjevingar, frå utgjevingar frå det tidlege 1980-talet til 2000-talet.

²³ Bukh, A., 2007, s. 702

²⁴ Ibid., s. 696 - mellom anna ved at dei tar jord frå kinesarar og/eller koreanarar.

²⁵ *Atarashii rekishi kyōkasho*

²⁶ Nelson, J., (2002) - ei positiv “revurdering” av den imperialistiske perioden utgjorde difor kjernen i prosjektet deira, men ei omskriving av heile den nasjonale historia stod òg på agendaen.

omtalar den imperialistiske perioden på. Sjølv om til dømes hendingar som Nanjing-massakren er omtalt i desse verka, og sjølv om den faktisk kallast ei *massakre (daigyakusatsu)*, formidlast den i eit språk som gjer det mogeleg å *nekte* for deler av den historiske sanninga.²⁷ Desse konklusjonane skil seg ut som særskilte samanlikna med dei fleste andre forskingsverk, verk kor ein riktig nok ikkje har hatt det same metodiske utgangspunktet som Barnard.

Blant arbeid som stiller seg mindre kritiske til det dei finn, er Peter Cave sin *Japanese Colonialism and the Asia-Pacific War in Japan's History Textbooks*²⁸ frå 2012 blant dei mest sentrale, nyare verka. Her har ein sett på endringar i innhaldet som omhandlar den imperialistiske perioden i lærebøker etter årtusenskiftet, og presenterer eit samansett bilete av den omtala «tilbakegangen» som då fann stad. Cave syner mellom anna at denne på ingen måte var å sjå i alle læreverka, og søker vidare å forklare denne endringa. Han meiner ein bør sjå på andre faktorar enn press frå utdanningsmyndigheitene, som i deler av litteraturen framstillast som «allmektig»,²⁹ og at forlaga sine bekymringar for tap av marknadsdelar er vel så viktige.³⁰

Tematisk skil Ryouta Nishino (2010) sitt arbeid seg frå dei eg har nemnt så langt, då han har sett på korleis lærebøker i perioden frå 1950- til 1990-talet forklarar opphavet til japanarane som etnisk gruppe (*minzoku*). Han finn at tekstane i desse bøkene vektleggjer japanarane sitt heterogene opphav, og at utviklinga av stavingssystemet *kana* løftast fram som sentral i utforminga av ein japansk identitet.³¹

Ein annan som både har sett på den japanske urtida og den imperialistiske perioden, i tillegg til tre andre “episodar” i japansk historie,³² er Julian Dierkes i sin *Postwar History Education in Japan and the Germanys: Guilty Lessons* (2010). Han meiner innhaldet i bøker gjeve ut mellom 1950- og 2000-talet alle formidlast i ein stil han omtalar som “an empiricist

²⁷ Barnard, C., 2003, s. 154

²⁸ Fullstendig tittel: *Japanese Colonialism and the Asia-Pacific War in Japan's History Textbooks: Changing representations and their causes*

²⁹ Sjø t.d. Nozaki, Y. (2008)

³⁰ Cave, P. (2012) - han syner mellom anna til at ei lærebok som omhandla “tøystekvinnene” vart godkjent utan problem. Han finn vidare inga eintydig samanheng mellom marknadsdelar og innhald, då somme bøker som *auka* dekningsa si av den imperialistiske perioden ikkje gjekk tilbake i marknadsdelar etter neste opptaksrunde. Men læreverka som hadde vore særleg utsett for høgrenasjonalistiske svertetekampar tapte terreng, og denne økonomisk motiverte frykta, heller enn press frå myndigheitshald, forklarar i stor grad vala forlaga tok. I tillegg vart opptaksordninga i dei ulike skuledistrikta endra i denne perioden. Frå no av fekk politikarar (ofte konservative) meir å seie i denne prosessen enn tidlegare.

³¹ Nishino, R., 2010, s. 99, 105

³² Dierkes, J., 2010, s. 135 - ei andre er: ...“(2) the Kaga Uprising, (3) the Meiji Restoration, (4) Taishō Democracy,”...

historiography”, og at politisk historie, “decisions by rulers and their implementation by bureaucrats”, dominerer verka.³³ Han meiner ein må sjå til det japanske utdanningsdepartementet for å forklare denne stilen, og stabiliteten den har hatt, og at den skuldast behovet institusjonen har hatt for å framstå som ein nøytral part i strida om japansk historieformidling. Den mest effektive måten å gjere dette på, er å insistere på “a seemingly neutral historiography”.³⁴ Bukh (2007) meiner derimot at denne stilen har ei meir komplisert forhistorie, og er vel så mykje motivert av eit ønskje hos forfattarane om å skape avstand til den kjensleladde og eksplisitt ideologiske stilen frå åra fram til 1945.³⁵

Også underteikna hadde ambisjonar om ta føre seg desse læreverka si handsaming av den imperialistiske perioden, men oppdaga raskt at det kunne bli utfordrande å finne noko nytt å seie om dette temaet. Då ingen derimot ser ut til å ha gjennomført analyser av forteljingane i *heile* lærebøker,³⁶ og i alle høve ikkje med den innfallsvinkelen og det analytiske omgrepsapparatet eg har nytta, enda eg opp med å velje nettopp den inngangen til materialet. Tidlegare forskning har vore til stort hjelp med å leia meg i retning fleire av dei no- og fortidige læreverka eg har teke føre meg i denne oppgåva, og har vidare gjort meg merksam på endringar av både innhaldsmessig og utdanningspolitisk art etter årtusenskiftet, som eg vil greie ut om i det følgjande.

1.3 Forteljingane i lærebøkene - problemstilling og underspørsmål

Eg har altså valt å analysere forteljingane i heile læreverk i eit utval på seks japanske historielærebøker³⁷ for ungdomsskuletrinnet (*chūgakkō*) i denne oppgåva, og har arbeidd ut frå følgjande overhengande problemstilling: *Kva forteljingar om Japan finn ein i japanske historielærebøker (for ungdomsskuletrinnet)?*

³³ Ibid., s. 154

³⁴ Ibid., s. 102

³⁵ Bukh, A., 2007, s. 702

³⁶ Sidan dette er eit tema det er stor interesse for internasjonalt, er det sjølvstøtt mogeleg slike forskingsarbeid har gått under radaren min (i alle høve om dei er gjort på andre språk enn engelsk, japansk eller dei nordiske språk, og/eller har blitt fullførte i perioden etter at eg tok fatt på dette prosjektet).

³⁷ Lærebøker:

Atarashii shakai - rekishi («Nytt samfunnsfag – historie», NSH), Tokyo shoseki (forlag)

Shakai ka - chūgakusei no rekishi («Samfunnsfag – historiebok for ungdomsskuleelevar», HUE), Teikoku shoin

Atarashii rekishi kyōkasho («Ny lærebok i historie», NLH), 2017, Jiyūsha

Tomoni manabu ningen no rekishi («Saman lærer vi historia til menneska», SHM), 2019, Manabisha

Fire av lærebøkene i dette utvalet er dei nyaste (godkjente i 2015) og eldre utgjevingane av to læreverk.³⁸ Valet av dei eldre utgjevingane er tatt på bakgrunn av kunnskapen om at fleire utdanningspolitiske dokument har blitt revidert dei siste 15 åra, ei utvikling som gjorde det naturleg å sjå føre seg at ei diakron, komparativ analyse av utgjevingane ville kunne by på interessante funn. Eit sekundært mål ved oppgåva har difor vore å finne eit svar på følgjande: *Har forteljingane i historielærebøkene endra seg dei siste 25 åra?* Ingen av dei resterande to læreverka, som både er av nyare dato, eksisterte for 25 år sidan, og er på kvart sitt vis å rekne som *reaksjonar*, både på korleis lærebøkene såg ut den gongen og korleis dei har utvikla seg sidan. Eitt av desse er den nemnte «Ny lærebok i historie».³⁹

Dei omfattande spørsmåla om korleis det *japanske* (og *ikkje-japanske*) definerast, presenterast og forteljast fram i forteljingane, har vore sentrale i arbeidet mitt. Korleis framstillast Japan sin omgang med og forhold til nære og fjerne utland gjennom forteljinga, og kva konsekvensar får tilstrøyminga av kulturelle impulsar og/eller innvandrarar - dersom slike er å finne i forteljingane - for *det japanske*?

Det er nok ukontroversielt å påstå at det japanske nederlaget i den andre verdskrigen og den påfølgjande gjenreisninga i dei fleste forteljingar om landet vil bli gjeve sær stor betydning. Vil dette vere forteljingar om frigjering heller enn nederlag – om brot eller kontinuitet? Er forteljinga om etterkrigstida ei økonomisk suksesshistorie kor nasjonen mot alle odds oppnådde vekst og velstand, eller vart landet gjeve avgjerande drahjelp av omstendene? Vil forteljinga om etterkrigstida kanskje innehalde element av *revansjisme* og handle om nasjonal audmjuking, kor nasjonen til tross for rask økonomisk velstand eksisterer som ei vengeklypt stormakt, strippa for eit sterkt militære og ein guddommeleg keisar?

Vidare blir det interessant å sjå kva framtid forteljingane legg opp til, og om desse ser annleis ut no enn på 1990-talet. Landet står overfor ei velkjent utfordring i form av ein låg fødsels- og dødsrate (*shōshikōreika*). Korleis vil lærebøkene adressere dette, om i det heile teke? Har dei øydeleggjande naturkatastrofene i 1995 og 2011 hatt noko å seie for korleis ein ser føre seg framtida? Er forteljinga om det moderne Japan ei forteljing om gradvis nedgang, og som i ein eller anna form oppmodar til handling før det er for seint? I det følgjande skal eg greie ut korleis eg

³⁸ NSH og HUE. Dei eldre utgåvene er frå 1996.

³⁹ NLH vart første gong utgjeve i 2001. Det nyaste av læreverka, SHM, vart på si side godkjent for første gong i 2015, og vart til som ein reaksjon på både bøker som NLH og utviklinga i innhaldet i andre lærebøker.

metodisk har gått til verks for å finne svar på problemstillinga og desse relaterte spørsmåla - og fleire som har meldt seg på vegen.

1.3.1 Metode

Eg har i arbeidet med dette prosjektet søkt å lese dei fire nye lærebøkene på eit sjølvstendig grunnlag, men fann det etterkvart naturleg å lese to av desse i lys av kvarandre - i hovudsak på grunn av til dels slåande likskapar. Ei slik komparativ lesing har òg vore gjennomført i samband med utgjevingane frå 1990-talet, då ein diskusjon av eventuelle skilnadar mellom desse og dei nye utgåvene er knytt til den sekundære problemstillinga.

Eg hadde opprinneleg ein intensjon, i hovudsak knytt til tidsbruk, om å halde meg til det som blir formidla i brødteksten i læreverka, men såg etter kvart at det ville vere tenleg å også inkludere meir av innhaldet, då ein del skilnadar mellom verka – som elles kunne vere vanskeleg å spore - vart klarare ved å inkludere desse.

I analysearbeidet har eg nytta omgrepsapparata utvikla av historikarane Peter Aronsson, Niels Kayser Nielsen og Jörn Rüsen. Dette analytiske rammeverket, som eg skal greie ut om i det følgjande, har eg funne særst fruktbart i forsøka på å seie noko om *forteljingsmønstra* i og *funksjonane* til dei ulike forteljingane, og med det prøve å gripe dei store linjene i forteljingane og finne eit overhengande svar på *kva* dei eigentleg fortel.

1.3.2 Historiekulturen sine grunntropar

Aronsson (2004) sine “historiekulturella grundtroper”⁴⁰ er fire ulike *idealtypar* av historiemedvit, i tydinga “sambandet mellom det förflutna, nutiden och framtiden”,⁴¹ og kan difor òg nyttast som uttrykk for forteljingsmønstre i historiske forteljingar. To av desse ser ikkje historia i eit “endringsperspektiv”, medan dette utgjer kjerna i dei to andre, men då “åt två skilda håll”.⁴²

Den første av desse kallast “*Intet nytt sker under solen*”.⁴³ I forteljingar der denne tropa let seg identifisere, vil ein kunne finne, eksplisitt eller implisitt, påstandar om *det uforanderlege* i historia, forteljingar kor aktørane agerer i det “samma historiske rum hela tiden.”⁴⁴ I slike

⁴⁰ Aronsson, 2004, s. 78

⁴¹ Ibid., s. 77

⁴² Ibid., s. 79

⁴³ Ibid.

⁴⁴ Ibid.

forteljingar er fortida, som Niels Kayser Nielsen (2010) seier det, “høyst relevant for nutid og fremtid og kan ikke afskrives betydning.”⁴⁵ I forteljingane eg skal ta føre meg, kan det tenkjast at denne tropa kjem til uttrykk i forteljinga om japanske handlemåtar overfor omverda.

I den andre av desse grunntropene, “*Historien opprepar sig inte - førr helt annat än nu*”,⁴⁶ er det *kontrasten* mellom før og no som vektleggjast. Medan ein i forteljingar konstruerte etter den førre tropen altså har å gjere med det same “historiske rommet” gjennom heile forteljinga, gjer ein *nettopp ikkje det* i samband med denne andre tropen: fortida er “eit anna land” som ikkje har noko med no- eller framtida å gjere, anna enn å tene som eit kontrastfullt spegelbilete. Det kan tenkjast at denne tropen lar seg identifisere i forteljinga om Japan før og etter moderniseringa og vestleggjeringa (*bunmei kaika*) av landet på 1800- og 1900-talet – eller landet før og etter nederlaget i krigen i 1945.⁴⁷

Tropen “*Guldålder*”⁴⁸ seier kort sagt at “alt var betre før”. I ei slik forteljing vil den historiske utviklinga ha ført “hovudpersonen”, til dømes den japanske nasjonen, vekk frå ei ideell fortid og inn i ei tid kor alt frå den gong har forfalle. Den fjerde og siste av Aronsson sine tropar er “*Framsteget - från mörker stiga vi mot ljuset*”. Her er ei tru på framsteg og ei utviklingsoptimisme tydeleg. I den historiske utviklinga peikar “*alla kurvor (...) uppåt*”,⁴⁹ og tidlegare tider har ikkje nokon nytteverdi for no- og framtidige samfunn. Her er det til dømes naturleg å sjå føre seg ei forteljing om eit folk som beveger seg vekk frå ei fortid prega av urett, fattigdom og krig fram til ei no- og framtid kor dette i langt mindre grad er tilfelle.

Niels Kayser Nielsen har i sin *Historiens forvandlingar* (2010) identifisert og sat namn på ei femte grunntrope, ein “*u-model*”, ei kombinert forfalls- og framstegstrope.⁵⁰ Denne tropen finn ein særleg i mange nasjonale forteljingar, til dømes i forteljinga om Noreg: Nasjonen har gått frå ein gullalder, der den var sjølvstendig, framgangsrik og mektig, via ein forfallsperiode kor den låg under framandt styre, før den atter ein gong vann sin fridom og går ei lys framtid i møte. Nielsen ser den same grunntropen i mykje av dansk historieskriving.⁵¹ Kan ein sjå noko tilsvarande i forteljingane om Japan?

⁴⁵ Nielsen, N. K., 2010, s. 53

⁴⁶ Aronsson, P., 2004, s. 80

⁴⁷ Jamfør Aronsson (2004) sitt eksempel om korleis ein i forteljingar om europeisk historie hadde/har ein tendens til å framstille renessansen som noko heilt anna enn mellomalderen (s. 80).

⁴⁸ Ibid.

⁴⁹ Ibid., s. 81

⁵⁰ Nielsen, N. K., 2010, s. 54

⁵¹ Ibid., s. 55-56

1.3.3 Funksjonen til historiske forteljingar

I si utgreiing om *funksjonen* til historiske forteljingar, skriv Jörn Rüsen (2005) at dei har “the general function of orienting practical life in time by mobilizing the memory of temporal experience, by developing a concept of continuity and by stabilizing identity.”⁵² Denne funksjonen verkeleggjerast på fire ulike vis, som eg skal greie ut om i det følgjande.

Funksjonen til ei *tradisjonsforteljing*, som ein alternativt kan omtale som *opprinningshistoriar*, er å stadfeste dominerande sjølvforståingar og å understreke det bestandige.⁵³ Det Rüsen omtalar som “originally constituted forms of life”, til dømes det eit samfunn ser på som sine første representantar, er i tradisjonsforteljingar grunnleggjarane *av det noverande*.⁵⁴ Det eksisterer ein kulturell (og i somme forteljingar etnisk) kontinuitet mellom verda i går og verda i dag, og “samfunnet”, det vere seg ei religiøs rørsle eller ein nasjon, har vore slik det er til *evig tid*.

I *eksemplariske forteljingar* ser ein at evig aktuelle reglar og prinsipp realiserer seg i eksempel frå historia. At til dømes prinsippet om “demokrati” eller medråderett er evig aktuelt og prisverdig, kan ein syne ved å gi eksempel kor prinsippet er vellukka realisert i “temporally different systems of life”.⁵⁵ I andre høve kan ein gjennom historiske eksempel syne korleis visse haldningar, som til dømes framandfrykt, representerer moralske vonde – då gjennom *negative* eksemplariske forteljingar. Desse eksemplariske forteljingane kan difor opptre som anten “models of virtue” eller “vice”; gjennom slike forteljingar kan historia opptre som vår læremeister.⁵⁶

Ei *kritisk forteljing* er, som Rüsen (2005) gjev uttrykk for, “based on people’s ability to say no to traditions, rules and principles which have been handed down to them.”⁵⁷ Slike forteljingar bidreg med ei “motforteljing” overfor dominante forteljingstradisjonar. Rüsen trekkjer fram feministiske historier som illustrerande for denne funksjonen, som gjennom å fortelje korleis kvinner har lidd under patriarkarkiet stiller spørsmål ved “the validity of traditional patterns of womanhood”⁵⁸, og kan slik verke *emansipatorisk* på lesaren.

I ei *utviklingsforteljing* står *endringar* sentralt. I slike forteljingar ligg den historiske

⁵² Rüsen, J., 2005, s. 12

⁵³ Heiret, J. et. al. (red.), 2013, s. 28

⁵⁴ Rüsen, J., 2005, s. 12-13

⁵⁵ Ibid.

⁵⁶ Heiret, J. et. al. (red.), 2013, s. 28

⁵⁷ Rüsen, J., 2005, s. 14

⁵⁸ Ibid.

kontinuiteten nettopp i endringar. Heller enn å ha stadfesting eller avkrefting av validiteten til ulike tradisjonar som føremål, framhever desse forteljingane endringar som det meningsfulle og stabile i historia.⁵⁹

1.4 Kjelder - lærebøker og utdanningspolitiske dokument

Her følgjer ei oversikt over kva lærebøker eg har teke føre meg i dette arbeidet, og kvifor eg har valt nettopp desse. Denne gjennomgangen følgjast av ei utgreiing om dei ulike utdanningspolitiske dokument eg har sett på som relevante å setje meg inn i, sidan lærebokforlaga i Japan, i tillegg til læreplanen⁶⁰ og den japanske opplæringslova,⁶¹ òg må ta omsyn til eit sett godkjenningsskriterier.⁶² Dokumenta forfatta og reviderast på departementsnivå, og er rettsleg bindande,⁶³ og endringar i desse kan tenkjast å ha hatt innverknad på større eller mindre delar av innhaldet, ja, kanskje til og med på *forteljingane*, i læreverk gjeve ut dei siste åra.

Lærebøker

Nye lærebøker (godkjent i 2015):

- “Nytt samfunn - historie (NSH 2) frå forlaget *Toukyou shoseki*⁶⁴
- “Historielærebok for ungdomsskuleelevar” (HUE 2) frå forlaget *Teikoku shoin*.⁶⁵
- “Ny lærebok i historie” (NLH) frå forlaget *Jiyuusha*.⁶⁶
- “Saman lærer vi historia til menneska” (SHM) frå forlaget *Manabisha*.⁶⁷

Lærebøker (utgjeve 1996):

- “Nytt samfunn - historie (NSH 1)
- “Historielærebok for ungdomsskuleelevar” (HUE 1)

«Nytt samfunn – historie» er den marknadsleiande historielæreboka for ungdomsskulen i Japan, og

⁵⁹ Heiret, J. et. al. (red.), 2013, s. 28

⁶⁰ *Gakushū shidō yōryō*, http://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/new-cs/youryou/chu/sya.htm#rekishi

⁶¹ *Kyōiku kihonhō*, http://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/kyoukasho/gaiyou/04060901/1338839.htm

⁶² *Kyōkayō tosho kentei kijun*, https://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/kyoukasho/kentei/1343945.htm

⁶³ Nishino, R., 2008, s. 494

⁶⁴ *Atarashii shakai-rekishi* (新しい社会・歴史), *Toukyou shoseki* (東京書籍)

⁶⁵ *Shakaika-Chuugakusei no rekishi* (社会科・中学生の歴史), *Teikoku shoin* (帝国書院)

⁶⁶ *Atarashii rekishi kyoukasho* (新しい歴史教科書), *Jiyuusha* (自由社)

⁶⁷ *Tomoni manabu ningen no rekishi* (ともに学ぶ人間の歴史), *Manabisha* (学び舎)

hadde litt over halvparten av marknadssdelane i 2016.⁶⁸ Dette læreverket har vore meir eller mindre like dominant gjennom fleire tiår.⁶⁹ «Historielærebok for ungdomsskuleelevar» var ein særskild liten aktør på 1990-talet, med 1,9 prosent av marknadssdelane,⁷⁰ men har no kapra ein større del av kaka, med 17,9 prosent.⁷¹ Marknadssdelen til debutanten «Saman lærer vi historia til menneska» er 0,5 prosent,⁷² medan eg ikkje har funne oppdaterte tal når det gjeld «Ny lærebok i historie», eit verk som i 2009 hadde ein marknadssdel på 1,7 prosent.⁷³ Eit nyare, liknande læreverket, «Ny japansk historie» (*Atarashii Nihon no rekishi*),⁷⁴ har i dag ein marknadssdel på 6,3 prosent.⁷⁵

«Ny lærebok i historie», som *ikkje* vart godkjent i årets godkjenningrunde,⁷⁶ vart for første gong godkjent til bruk i skuleverket tidleg på 2000-talet. Dette er blant verka som har fått mest merksemd av forskarar og media dei siste 20 åra. Den høglydte debatten kring dette læreverket omtalast som kanskje den mest intense i heile etterkrigstida,⁷⁷ eit verk som altså vart forfatta av krefter som meinte innhaldet i resten av lærebøkene var å rekne som “sjølvpiskande”.⁷⁸

«Saman lærer vi historia til menneska» er på si side forfatta av ei gruppe som i årevis har arbeidd for å hindre at læreverket som «Ny lærebok i historie» blir teke i bruk i skuleverket.⁷⁹ Når det gjeld forkunnskapen min om dette læreverket, visste eg at det i den første godkjenningrunden vart avvist av departementet grunna ein omtale av “trøystekvinnene”,⁸⁰ kvinner heldt som sexslavar av det japanske militæret under krigen. Usemja om kva desse kvinnene har krav på av oppreising er eit høgst levande tema i relasjonane mellom til dømes Japan og Sør-Korea den dag i dag.⁸¹ Vidare visste eg at ein eller annan referanse til desse kvinnene nok likevel var å finne i dette læreverket, då skular som har teke det i bruk har fått merksemd frå nasjonalistiske grupperingar som meiner desse kvinnene bør gløymast for godt.⁸²

⁶⁸ <https://www.sankei.com/life/news/151031/lif1510310017-n1.html>

⁶⁹ Cave, P., 2012, s. 548 – i 1996 hadde boka ein marknadssdel på 41,1 prosent.

⁷⁰ Ibid.

⁷¹ <https://www.sankei.com/life/news/151031/lif1510310017-n1.html>

⁷² <https://www.sankei.com/life/news/151031/lif1510310017-n1.html>

⁷³ Bukh, A., 2007, s. 686

⁷⁴ <http://kyoukashokaizen.blog114.fc2.com/>

⁷⁵ <https://www.sankei.com/life/news/151031/lif1510310017-n1.html>

⁷⁶ <https://www.nikkei.com/article/DGXMZO55941290R20C20A2CR8000/>

⁷⁷ Nozaki, Y. og Selden, M., 2009, s. 133

⁷⁸ Ibid.

⁷⁹ Yoshifumi, T., 2015, s. 2 - “Det nasjonale barn og lærebøker-nettverket 21” - *Kodomo to Kyōkasho Zenkoku Net 21*

⁸⁰ Ibid. - departementet meiner ein enno ikkje har avklart om desse kvinnene vart utsett for tvang av militæret.

⁸¹ https://www.nrk.no/urix/sorger-over-dod-_trostekvinne_-1.14407368

⁸² <https://mainichi.jp/english/articles/20170809/p2a/00m/0na/015000c>

Då eg sat saman dette utvalet av lærebøker, var eg altså medviten om at desse bøkene – i alle høve på somme område – hadde ei ganske ulik tilnærming til japansk historie. Det kunne difor tenkjast at dei òg ville, i sin heilskap, fortelje fram ganske ulike forteljingar, og slik syne kva breidde som eksisterer innanfor dette feltet, frå læreverket eg gjekk ut frå plasserte seg på éi side av eit spekter av mogelege forteljingar, «Saman lærer vi historia til menneska», via dei meir representative bøkene «Nytt samfunn – historie» og «Historielærebok for ungdomsskuleelevar», til den andre ytterkanten, kor ein finn «Ny lærebok i historie».

At eg òg valte å ta føre meg lærebøker frå 1990-talet, heng altså saman med kva forskinga fortalte meg om desse læreverka – når det gjeld deira handsaming av den imperialistiske perioden. Då forskinga vidare gjorde meg merksam på at det har funne stad tilsynelatande *skilsetjande* revisjonar av dei nemnte utdanningspolitiske dokumenta, tenkte eg det kunne vere interessant å sjå om desse endringane hadde gjeve seg utslag i *forteljingane* i lærebøkene. Revisjonar gjort i landet sin opplæringslov i 2006 framstod umiddelbart som den mest påfallande av desse endringane.

Opplæringslova (*kyōiku kihonhō*)

Den opprinnelege japanske opplæringslova vart utforma i 1947, i ei tid kor landet var under amerikansk okkupasjon, og vart for første gong revidert i 2006.⁸³ I den andre paragrafen har ein no lagt til eit føremål om at utdanninga skal styrke “respekt for tradisjon og kultur, og kjærleik til landet og heimstaden som har oppseda dei...”⁸⁴ Ei slik oppmoding var utenkjeleg i den opprinnelege lova, som konservative krefter i landet har bore agg til sidan 1940-talet.⁸⁵ Denne endringa vart så operasjonalsert i dei reviderte godkjenningsskriteria frå 2009.

Godkjenningsskriteria (*kyōkayō tosho kentei kijun*)

Sidan 2009 har nemleg desse godkjenningsskriteria inkludert krav om at forlaga tydeleg må syne korleis tekstane deira oppfyller måla i denne paragrafen i opplæringslova.⁸⁶ Vidare har desse kriteria sidan 2014 inneheldt krav som har påverka omtalen av særleg kontroversielle tema knytt til

⁸³ Cave, P., 2012, s. 576-578.

Sjå http://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/kyoukasho/gaiyou/04060901/1338839.htm

⁸⁴ *Dentō to bunka wo sonchōshi, sorera wo hagukundekita wagakuni to kyōdo wo aisuru...*

http://www.mext.go.jp/b_menu/kihon/about/___icsFiles/afieldfile/2014/12/17/1354049_1_1_1.pdf

⁸⁵ Cave, P., 2012, s. 577

⁸⁶ Ibid., s. 576

historiske hendingar og territorium.⁸⁷ Det står mellom anna at ein “i omtalen av historiske hendingar i nyare tid kor der ikkje herskar semje om tal osv., må ein tydeleg uttrykkje dette, samt formidle det på ein måte som ikkje kan skape mistyding hos elevane».⁸⁸ Eit anna punkt seier at dersom det eksisterer eit regjeringsvedtak eller ein dom angående eit gitt tema, må teksten ta utgangspunkt i dette.⁸⁹

Læreplanar i historiedelen av samfunnsfag (*gakushuu shidō yōryō*)

Også læreplanen for det japanske ungdomsskulefaget “samfunnsfag” (*shakai-ka*) har blitt revidert fleire gongar sidan 1990-talet,⁹⁰ og for denne oppgåva har læreplanane frå 2008⁹¹ og 1989⁹² vore relevante. Umiddelbart ser ein at planen frå 2008 inneheld eit punkt som minnar om det ein finn i opplæringslova, då ein øvst i «føremål»-delen (*mokuhyō*) kan lese at faget skal “styrke kjærleiken til landet vårt si historie”.⁹³

Ser ein bort frå dette målet, er denne delen av planane like, og i båe kan ein mellom anna lese at historieundervisinga skal få elevane til å reflektere over dei tette historiske og kulturelle banda mellom Japan og andre land og “forstre ei positiv haldning til internasjonalt samarbeid”.⁹⁴ Eit meir nasjonalt fokus er òg synleg i *underoverskriftene* i “innhald”-delen (*naiyō*) i 2008-planen,⁹⁵ utan at det har ført til sjølve at innhaldet er nemneverdig ulikt. Under kvart av dei ulike punkta -

⁸⁷ Yoshifumi, T., 2018, s. 4 - dette gjeld særleg “trøystekvinnene” og (det somme meiner er) uavklarte territorials spørsmål mellom Japan og fleire naboland.

⁸⁸ 近現代の歴史的事象のうち、通説的な見解がない数字などの事項について記述する場合には、通説的な見解がないことが明示されているとともに、児童又は生徒が誤解するおそれのある表現がないこと。
http://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/kyoukasho/kentei/1411168.htm

⁸⁹ 閣議決定その他の方法により示された政府の統一的な見解又は最高裁判所の判例が存在する場合には、それらに基づいた記述がされていること。
http://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/kyoukasho/kentei/1411168.htm

⁹⁰ Sjå Dierkes, 2010, s. 127 for ei oversikt over læreplanar fram t.o.m. 1998 (1951, 1955, 1958, 1969, 1977, 1989 og 1998)

⁹¹ http://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/new-cs/youryou/chu/sya.htm#rekishi

⁹² http://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/old-cs/1322462.htm

⁹³ *Wagakuni no rekishi ni taisuru aijou wo fukame,...*

http://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/new-cs/youryou/chu/sya.htm#rekishi

⁹⁴ *Kokusai kyouchou no seishin yashinai.*

1989: https://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/old-cs/1322462.htm

2008: https://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/new-cs/youryou/chu/sya.htm#rekishi

⁹⁵ I 1989-planen er utviklingane i Japan plassert i ein samtidig regional/global samanheng. 2008-planen inneheld færre punkt, og halvparten av dei ser ut til å berre omhandle japanske tilhøve. I 1989-planen er overskriftene “Sivilisasjon(-ane) sitt opphav og Japan” (*bunmei no okori to Nihon*), “Utviklinga av oldtidsstaten og hendingar i Aust-Asia” (*kodaikokka no ayumi to higashi Ajia no ugoki*), “Utviklinga av det føydale styresettet og situasjonen i Asia” (*bukeseiji no tenkai to Ajia no jousei*), “Hendingar i verda og samlinga av riket” (*seikai no ugoki to tenka toutsu*), “Shogunat-len-systemet og lukka land-politikken” (*bakuhau taisei to sakoku*), “Endringar i

2008-planen inneheld færre punkt, delvis grunna samanslåing - finn ein detaljerte og spesifikke instruksjonar, noko eit eksempel frå 2008-planen kan illustrere.⁹⁶

I den avsluttande “handsaming av innhald”-delen (*naiyō no toriatsukai*) kan ein derimot sjå små skilnadar - i alle høve i språket. Når det gjeld handsaminga av Meiji-restaurasjonen, det moderne Japan sin fødsel, og tida etter nederlaget i 1945, står det til dømes det følgjande i 1989-planen: “Når det gjeld perioden frå opninga av landet til shogunatet sitt samanbrot, bør (elevane) sjå utviklinga innanriks i samanheng med situasjonen internasjonalt og få ei forståing for det store biletet av historiske hendingar på denne tida.”⁹⁷ Om etterkrigstida seier den eldre læreplanen at “ein bør gi elevane oversikt over hendingar i verdshistoria og under gjenoppbygginga av landet gjennom etterkrigstida fram til i dag.”⁹⁸

Om desse periodane seier 2008-planen følgjande: “Når det gjeld Meiji-restaurasjonen, bør ein gjere elevane merksame på korleis myndigheitene og folket makta å halde på sjølvstendet i ein uoversiktleg internasjonal situasjon, og arbeidde iherdig for å skape ein moderne stat.”⁹⁹ Vidare, i handsaminga av etterkrigstida, skal ein gjere elevane klar over korleis “borgarane overvant lidingar

verdssituasjonen og shogunatet i ein fastlåst situasjon” (*sekai jousei no henka to bakufu seiji no ikidumari*), “Utviklinga av det moderne Japan og internasjonale relasjonar” (*kindai Nihon no ayumi to kokusai kankei*), “Dei to verdskrigane og Japan” (*futatsu no sekai taisen to Nihon*), “Den noverande verda og Japan” (*gendai no sekai to Nihon*). I 2008-planen låter overskriftene slik: “Japan fram til og med oldtida” (*kodai made no Nihon*), “Japan i mellomalderen” (*chuusei no Nihon*), “Japan i tidleg moderne tid” (*kinsei no Nihon*), “Japan og verda i moderne tid” (*kindai no Nihon to sekai*), “Japan og verda i dag” (*gendai no Nihon to sekai*).

1989: http://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/old-cs/1322462.htm

2008: http://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/new-cs/youryou/chu/sya.htm#rekishi

⁹⁶ Ibid. - “Via (ein gjennomgang av) etableringa av Kamakura-shogunatet, krigen mellom det sørlege og nordlege hoffet og Muromachi-shogunatet, internasjonale relasjonar i Aust-Asia, Ōnin-krigen og samfunnsendringane denne førte med seg, skal ein la elevane reflektere over særtrekka ved “krigarstyret” (*bushi no seiji*), og få dei til å forstå korleis krigarane etter kvart utvida dominansen sin over heile landet, samtidig som ein ser at det etablerast direkte relasjonar med den “austasiatiske verda”. (鎌倉 (かまくら) 幕府の成立, 南北朝の争乱と室町幕府, 東アジアの国際関係, 応仁 (おうにん) の乱後の社会的な変動などを通して, 武家政治の特色を考えさせ, 武士が台頭して武家政権が成立し, その支配が次第に全国に広まるとともに, 東アジア世界との密接なかかわりがみられたことを理解させる。)

⁹⁷ kjelde: http://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/old-cs/1322462.htm

開国から幕府の滅亡に至る経過については、国際情勢や国内の新しい動きと関連させ、大きな流れをつかませるよう留意すること。

⁹⁸ kjelde: http://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/old-cs/1322462.htm

第二次世界大戦後の世界の歴史の大きな流れと我が国が再生発して今日に至った経過について大観させるよう留意する。

⁹⁹ 「明治維新」については、複雑な国際情勢の中で独立を保ち、近代国家を形成していった政府や人々の努力に気付かせるようにすること。

https://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/new-cs/youryou/chu/sya.htm#rekishi

og dedikerte seg til arbeidet med å skape eit nytt Japan.”¹⁰⁰

Elles er det interessant å merke seg at 1989-planen *ikkje* inneheld referansar til korkje *aino*-folkegruppa eller Ryukyu-kongedømet og deira omgang med Japan gjennom historia,¹⁰¹ ei folkegruppe og eit rike som inntil nyleg ikkje var ein del av den japanske staten. I 2008-planen er både desse nemnt i samband med handelsverksemd under og etter mellomalderen.¹⁰²

Kva kan desse endringane ha hatt å seie for innhaldet i lærebøkene – på andre område enn dei som gjeld særleg politiserte fenomen, som krigsbrottsverk og territorielle usemjer? Somme av kriteria representerer ei kodifisering av det som allereie var etablert praksis for fleire av læreverka,¹⁰³ men om læreverk bryt med denne praksisen, som «Saman lærer vi historia til menneska» tydelegvis gjorde, kan ein no syne til formelle krav for å hindre uønska innhald – eller ein uønska *omtale* av dette innhaldet. Vil det vere mogeleg å identifisere delar av teksten som kan vere eigna til å «fremme kjærleik» til landet, eller representerer denne endringa ikkje meir enn ein symbolsk siger for høgrenasjonale krefter i Japan? Vil inklusjonen av *ainoane* og Ryukyu i læreplanen ha hatt ein effekt på innhaldet i lærebøkene, og kanskje gjere forteljinga om den japanske nasjonen meir samansett og mindre majoritetsorientert – dersom den var det i utgåvene frå 1990-talet.

1.5 Oppbygging

Eg vil innleie oppgåva med ei analyse av kvar av forteljingane i utgåvene av «Nytt samfunn – historie», kor eg særleg vil peike på områder kor den eldre utgåva skil seg frå den nye, følgd av ein tilsvarende gjennomgang for utgåvene av «Historielærebok for ungdomsskuleelevar». Desse gjennomgangane vil følgjast opp av ei analyse av «Ny lærebok i historie» og «Saman lærer vi historia til menneska». Oppgåva vil avsluttast med ein diskusjon om korleis dei ulike læreverka fortel fram forteljinga om Japan i verda – og verda i Japan.

¹⁰⁰ 国民が苦難を乗り越えて新しい日本を建設に努力したことに気付かせるようにすること。

https://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/new-cs/youryou/chu/sya.htm#rekishi

¹⁰¹ https://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/old-cs/1322462.htm

¹⁰² 「鎖国下の対外関係」については、オランダ、中国との交易のほか、朝鮮との交流や琉球の役割、北方との交易をしていたアイヌについて取り扱うようにすること。

https://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/new-cs/youryou/chu/sya.htm#rekishi

¹⁰³ Ahn, Y., 2008, s. 39 – omtalen av trøystekvinnene vart kritisert av høglydte, nasjonalistiske krefter frå midten av 1990-talet. I tillegg til at ein meinte dette var oppspinn, var det òg eit upassande tema for unge tenåringsar. Difor slutta mange bøker å omtale desse etter 1990-talet.

2 新しい社会・歴史

«Nytt samfunn – historie» (NSH 2)

godkjent 2015, første opplag (oktober 2018)

2.1 Det første samfunnet på dei japanske øyene – ein kortvarig «guldålder»

Dette verket si forteljing om dei første samfunna på dei japanske øyene lesast som ein tidleg «guldålder»: Desse samfunna var enkle, idylliske og egalitære, og med ein mattilgang som får ein til å tenkje på «Edens hage».¹⁰⁴ Verket unngår elles å nytte moderne, *nasjonale* nemningar om samfunna og menneska som budde i dei, og let desse kategoriane vere udefinerte på dette tidspunktet.¹⁰⁵

Forteljinga om samfunna tek dei etter kvart vekk frå denne tilstanden og inn i ein verkelegheit kor mellom anna skilnadar mellom menneska oppstår. Ein elitestyrte innsats for å *kodifisere* og *tilstramme* desse skilnadane, som først oppstod i samband med etableringa av høvdingdømer, er gjennomgåande i mykje av den vidare forteljinga. Det same er på den andre sida eit folkeleg prosjekt for å *utfordre* og *utjamne* desse – eller i alle høve gjere motstand mot aurotitetane – og denne forteljinga om *vegen tilbake* mot jamstilling for det store fleirtalet er strukturert som ein “*u-modell*”, sjølv om ein ikkje er i mål ved slutten av forteljinga.

2.2 Ei ustabil politisk historie - frå ritsuryō-staten til Meiji-restaurasjonen

I år 701 vart ein kinesiskinspirert *ritsuryō*-stat (*ritsuryō kokka*), med eit lovverk modellert etter *ritsuryō*-lovsamlinga frå det samtidige Tang-Kina, grunnlagt i Japan,¹⁰⁶ den første sentraliserte staten i landet si historie, med det keisarlege hoffet i sentrum. Interne og eksterne tilhøve tvang relativt raskt fram endringar i denne forfatninga,¹⁰⁷ og mykje av den vidare forteljinga om den fortel om ein elite som set eigeninteressa si foran «fellesgodet»,¹⁰⁸ og at prioriteringane deira legg

¹⁰⁴ *Atarashii shakai rekishi* (NSH 2), 2018 – menneska budde i ein natur som inneheldt overveldande mengder mat, og såg difor ikkje noko særleg utvikling av jordbruk og husdyrhald på denne tida (Ibid., s. 32-33). Våtris-jordbruk kom med migrantar frå kontinentet på 300-talet fvt, og med dette følgde danninga av høvdingdømer (s. 34-35).

¹⁰⁵ Ibid., s. 32-33 – ein unngår nemningar som «Japan» (*Nihon*, ein nytter «dei japanske øyene» (*Nihon rettō*)) eller det moderne demonymet «japanar» (*nihonjin*) i omtalen av dei første samfunna på øyene. Etterkomarane av dei første migrantane «blanda seg» (*majiriau*) med seinare busetjarar, og i løpet av mange år spreidde eit folk med felles kultur og språk seg over store område.

¹⁰⁶ Ibid., s. 42

¹⁰⁷ Ibid., s. 48 - endringar internasjonalt gjorde det mindre naudsynt å ha ei omfattande vernepliktsordning, og den nasjonale ordninga for fordeling av jord vart òg avvikla.

¹⁰⁸ Ibid., s. 50 - den adelege Fujiwara-ætta skaffa seg etter kvart monopol på rådgjevarstillingar ved hoffet.

grunnlaget for ein ny krigarelite,¹⁰⁹ som skal blir sitjande med den reelle makta i fleire århundre.¹¹⁰

Forteljinga om den japanske mellomalderen frå 1100-talet¹¹¹ handlar om grunnleggjinga og kollapsen til to ulike shogunat, om at hoffet (i Kyoto) forsøker å gjenreise autoriteten sin, følgd av ein periode kor det vart delt i to,¹¹² om mongolske invasjonforsøk, bondeopprør, og om ein kring 100 år lang borgarkrigsperiode frå 1460-talet.¹¹³ I løpet av denne og den seinare perioden blir hoffet og det gamle regimet i stadig større grad sat på sidelinja.¹¹⁴ Medan ein i borgarkrigsperioden såg ein framvekst av lokalisme,¹¹⁵ vart denne følgd av ein rikssamlingsinnsats på slutten av 1500-talet, kor mykje i samfunnet var einsretta.¹¹⁶ Samlingsinnsatsen kulminerte i det siste shogunatet.¹¹⁷

Forteljinga om det siste shogunatet handlar *både* om ein framgang som mellom anna førebur landet på moderniseringa som kjem,¹¹⁸ og om eit regime som gradvis blir meir autoritært, som mister legitimitet¹¹⁹ og som i siste instans må fjernast grunna manglande evne til å ta

¹⁰⁹ Ibid., s. 66 - akkumulering av store eigedommar førte til eit behov for vaktthald. Somme krigarar vart etter kvart "inkorporert" i adelen og gjeve viktige posisjonar.

¹¹⁰ Ibid., s. 68-69 – mektige eks-keisarar allierte seg med krigarar, som slo seg opp ved å delta i keisarlege arvestrider på 1100-talet. Leiande krigarar regjerte etter kvart landet som shogunar fram til 1860-åra.

¹¹¹ Mellomalderen, *chuusei*, varte frå midten av 1100-talet til midten av 1500-talet..

¹¹² Shogunatet sigra over hoffet og rivaliserande krigarar i 1221, og styrka kontrollen over institusjonen (Ibid., s. 70-71). Det andre restaureringsperioden varte frå 1333 til 1336. Ein måtte gi opp ønsket om å samle makta hos hoffet og adelen - hoff-allierte delar av krigarklassen godtok det ikke. Eit nytt shogunat vart danna, og hoffet vart delt i to (s. 78-79).

¹¹³ To mektige lensherre-familiar barka saman i den landsomfattande **Ounin**-krigen. Borgarkrigsperioden, (*sengoku jidai*), følgde denne. Krigarar tok over eigedomane til keisaren, adelen og religiøse institusjonar – og shogunen sat att med sær s lite. Mange krigarar styrta overhovuda sine og vart «krigstids-lensherrar» (*sengoku daimyou*), som la til rette for handel og utvikling i dei sjølvstyrde lena sine (s. 84-85).

¹¹⁴ Shogunatet tok over mange av hoffet sine ansvarsområde, og styrte etter eit eige lovverk (Ibid., s. 68-69). I distrikta tok shogunen sine menn over oppgåvene til hoffutnemnte provinsguvernørar (*kokushi*) (s. 78-79). I det siste shogunatet si levetid vart hoffet og adelen sitt politiske handlingsrom ytterlegare avgrensa gjennom eit oppsynsorgan og eit eige lovverk (s. 113).

¹¹⁵ Ibid., s. 85 - dei ulike "krigstids-lensherrane" forfatta eigne lovverk for lena sine.

¹¹⁶ Ibid., s. 106, 108-109 - riket vart samla i løpet av dei siste tiåra av 1500-talet. Den første av tre rikssamlarar slo hardt ned på utfordrarar som sjølvstyrte byar og sekter. I denne perioden innførte ein den same måleininga for areal og kubikk over hele riket, mellom anna for å gjere skatteinnkrevjing lettare.

¹¹⁷ *Tokugawa*-shogunatet eksisterte frå kring år 1600 til 1868. Shogunatet delte opp lena (*han*) etter kor lenge dei hadde vore lojale mot Tokugawa-familien. Kvar lensherre måtte tilbringe annankvart år i hovudstaden Edo, noko som avgrensa kontrollen dei hadde over lena sine (s. 112-113).

¹¹⁸ Når det gjeld jordbruk, industri og utbyggjing av eit nasjonalt kommunikasjonsverk, er dette ei forteljing om framgang. Byar, som Edo, Kyoto og Osaka (*santo*), opplevde vekst og utfylte kvarandre. Edo, var det politiske sentrum i landet, Osaka det kommersielle, medan Kyoto var eit sentrum for læring og kultur (Ibid., s. 120-121, 122-123). Ein handverksindustri vekte fram. Denne «utgjorde basisen for utvikling av moderne industri» - *kindaikougyou ga hattensuru kiso ni narimashita* (s. 126-127).

¹¹⁹ Den femte shogunen brukte store ressursar på byggjing av templer og innførte ein «ekstrem» dyrevelferdslov. Ressursbruken gjorde at ein byrja å lage myntar av låg kvalitet. Prisstigning følgde. Mykje av dette vart bøta på i regjeringsperiodane til den 6. og 7. shogunen. Ein byrja no å avgrense kor mykje gull og sølv som kunne eksporterast, og fjerne i tillegg litt av den dyre «staffasjen» i seremoniane kring shogunen (Ibid., s. 124). Innsparingar og reformar frå 1716 betra på dei offentlege finansene i ein periode (s. 126), eit reformarbeid som inspirerte ein innsats seinare på 1700-talet. Shogunatet oppmoda til danning av laug, eksporterte kopar under

naudsynte grep for å motstå press frå utlandet då dette frå midten av 1800-talet var sterkare enn nokon gong. Den parallelle forteljinga om fleire av lena som set i gang denne regimeendringa handlar om ein elite som framstår som dei rette til å redde eit landet i ei krisetid.¹²⁰ Krisetida, som varte gjennom mykje av 1800-talet,¹²¹ enda med ei restaurering av det japanske hoffet gjennom den Meiji-restaurasjonen (*Meiji ishin*) i 1868.

Medan forteljinga om den politiske historia fram til restaurasjonen er prega av hyppige utskiftingar og endringar på øvste plan, og kor ein ikkje før på 1600-talet ein ser *framgang* - i form av langvarig *stabilitet* – fortel den samstundes om mykje framgang når det gjeld andre delar av det japanske samfunnet, mellom anna i liva til den jamne japanar.

2.3 Forteljinga om den jamne japanar – ein turbulent veg mot fridom og jamstilling

Forteljinga om japanarane utanfor den politiske nasjonen handlar om materielle framsteg,¹²² men òg om urett, motstand og gradvis myndiggjering. Medan forteljinga om den første japanske staten¹²³ her kan lesast som ei negativ *eksemplarisk forteljing*, då denne tydeleg forteljast fram som djupt urettferdig,¹²⁴ handlar forteljinga om den etterfølgjande mellomalderen om bønder og byborgarar som sikrar seg stadig meir

myndigheitenes monopol, utforska *Ezochi* (Hokkaido) og drenerte nye våtmarker, men ein kombinasjon av korrupsjon, naturkatastrofer og dårlege avlingar resulterte i opprør. Ein måtte gi opp dette arbeidet etter kort tid (s. 128). Gjennom seinare reformarbeid tok ein mellom anna grep for å forhindre hungersnaud - og all urolegheiten dette førte med seg - og tok på andre vis fleire steg i ein meir autoritær retning, mellom anna ved å forby regimekritikk og avgrense kva som kunne trykkjast. Gjennom framferda si “fekk det (regimet) mange fiendar” - *hitobito no hankan wo kaimashita*. (s. 128-129, 132-133).

¹²⁰ Ibid., s. 129, 133 - i Satsuma-lenet tok myndigheitene monopol på sal av sukker og tente godt på smugling via Ryukyu. Choushuu slo seg opp på finansverksemd og styrkte forsvaret sitt mot utanlandske skip, mellom anna ved å setje opp kystbatteri, og fekk større påverknad innanfor nasjonal politikk.

¹²¹ Ibid., s. 133 - regimet gjennomførte dei såkalla *Tenpou*-reformane med eit mål om å mellom anna betre «offentleg moral». Mellom anna var prostitusjon vart forbode, yringsfridomen innskrenka og lauga oppløyst for å senke prisane. Forsøk på å leggje meir jord under shogunen sin direkte kontroll vart møtt med motstand, og ein måtte gi opp reformarbeidet etter to år. Bønder som hadde trekt inn til byane gjennom uåra vart tvunge tilbake til landsbygda.

¹²² I forteljinga om mellomalderen ser ein mellom anna bebringar innanfor jordbruket. Ein tok i bruk nye reiskap og nyttedyr, og byrja å hauste inn to avlingar om året (ris og andre kornsortar). Det oppsto småindustri på landsbygda. Marknadar vart opna ved sentrale vegkryss og tempel. Ved desse, og ved sentrale gjennomfartsårer og hamner, vart det danna byar (Ibid., s. 72-73). Denne positive utviklinga heldt fram på 1300-talet (s. 82-83).

¹²³ *Ritsuryō*-staten

¹²⁴ Ibid., s. 44-45 – i *ritsuryō*-staten vart majoriteten utnytta medan eliten naut store privilegier. Delar av befolkninga tilhørde ein slavekaste (*nuhi*), som kunne seljast og kjøpast, og ikkje inngå ekteskap med folk utanfor kasten sin. Bønder flykta frå jorda for å sleppe høge skattar og arbeids- og verneplikt. «Byrdene» (*futan*) var mange, og førebuinga av mellom anna ris og tekstilar, som skulle betalast i form av skatt, kravde heile hushaldningen sin innsats. Om ein mangla ris til å plante og ete, kunne dei låne såkorn frå myndigheiene. Desse låna vart etter kvart obligatoriske. Aristokratiet, som berre talte 200 individ, heldt stillingar i statsadministrasjonen, naut skattefritak og mottok høge løningar og store mengder jord.

medråderett,¹²⁵ og sjølv om til tider valdeleg motstand mot myndigheitene er eit teikn på misnøye, syner det òg ei handlekraft som står i kontrast til den underkua haldninga til bøndene i oldtida.¹²⁶ Forteljinga om dei kastelausa - og forgjengarane deira – handlar om menneske som både vart verdsett for eigenskapane sine,¹²⁷ men som samstundes vart diskriminerte av storsamfunnet.¹²⁸ Men også desse menneska kan i denne forteljinga yte motstand om dei var misnøgde, og er slik sett ikkje berre offer eller reiskapar i regimet sine hender.¹²⁹

Opptøyer preger mykje av levetida til det siste shogunatet,¹³⁰ men òg at folk i naud hjelp kvarandre gjennom harde tider og at levestandarden steig.¹³¹ Den veksande pengeøkonomien er eit nytt element som skapar større skilnadar i samfunnet,¹³² og økonomisk misnøye med regimet toppar seg etter opninga mot omverda på 1850-talet, misnøye som «svekka autoriteten til shogunatet».¹³³

Ei positiv *eksemplarisk forteljing* frå denne perioden fortel om den *miljøvenlege* livsførselen til vanlege folk, ein livsførsel boka informerer oss om at ein ikkje fann maken til i det samtidige Europa.¹³⁴ Forteljingar om japanarane si historiske erfaring med miljøproblem og -katastrofer er å finne fleire stader verket,¹³⁵ mellom anna mot avslutninga av hovudforteljinga. Denne erfaringa, og den potensielle

¹²⁵ I landsbyar som etter kvart vart sjølvstyrte, forvalta bebuarane ressursar og vedtok regelverk i fellesskap. Byar vekte fram i takt med handelen, og vart etter kvart også sjølvstyrte (Ibid., s. 82-83).

¹²⁶ Fleire landsbyar slo seg no saman for betre å opponere mot myndigheitene. ein rubrikk i margen fortel om eit klagebrev overlevert ein føydalherre i Kamakura-æraen (1185 - 1333). Bøndene som sto bak dette hadde flykta frå jorda si i samla flokk i protest mot den nye *jitou*-en (forpaktaren), som hadde innført ei rekkje plikter han handheva med væpna makt (Ibid., s. 73). På 1400-talet følgde store bondeopprør (s. 82-83). I borgarkrigsperioden tok bønder og andre kontroll over område, eitt av dei i heile 100 år (s. 84).

¹²⁷ Ibid., s. 87 – ein av dei tidlege kastelausa, *kawaramono*, vart til dømes rekna som den fremste hagedyrkaren i landet, og vart mykje brukt av shogunen.

¹²⁸ Ein gjorde det tydeleg kva rettar og plikter som høyrde til kvar enkelt stand. Ei landsdekkande konfiskering av sverd frå bønder og geistlege gjorde ein det til dømes klårt at berre krigarstanden fekk bere våpen. I tillegg vart det forbode for bønder å bli byborgarar (Ibid., s. 108-109). Dei kastelausa vart plassert i gruppene *eta* og *hinin*. Desse menneska vart mellom anna utestengde frå landsbystyra, fekk ikkje delta på lokale festivalar, måtte bu på utvalde område og ha utvalde yrker. Det vart òg regulert kva klede dei kunne gå med (s. 114-115).

¹²⁹ I 1855 hadde dei suksess i sin protestert dei mot nye avgrensingar på kva klede dei kunne nytte, og argumenterte med at dette var urimeleg mot dei som skattebetalarar (Ibid., s. 133). Elles vart desse menneska mellom anna nytta av regimet til å slå ned bondeopprør. Slik skapte og heldt ein ved like mistru og fiendskap mellom stendene (s. 127).

¹³⁰ Dei kom av høge skattar, framferda til myndigheitene og mektige kjøpmenn si hamstring av ris (Ibid., s. 127). Uår og hungersnaud førte til eit stort opprør i Osaka i 1837, leia av ein tidlegare byråkrat. Det var utbreidd misnøye med myndigheitene si handtering av nauden i samfunnet (s. 132).

¹³¹ Ibid., s. 127

¹³² Ibid., s. 126-127 – landsbygda var ikkje lenger sjølvberga. Somme bønder mista jorda si og var leiglendingar eller drog til byane for å finne arbeid. Andre bønder kjøpte opp stadig meir jord.

¹³³ Ibid., s. 157 – *bakufu no ken'i wo teikasaseru koto ni narimashita*. Dyrare daglegvarer og anna førte til mange opprør i denne perioden.

¹³⁴ Ibid., s. 138 – ein levde sparsommeleg og resirkulerte nærast alt ein brukte til dagleg i det som omtalast som eit økologisk samfunn (*eko shakai*). Avføring vart samla inn og nytta som gjødsel. I byar som Paris og London hadde ein kloakksystem, men sleit likevel med uhygieniske tilhøve og vond lukt. Utlendingar som vitja Japan på 1800-talet vart overraska over kor hygienisk samfunnet var. Det er «mykje vi bør lære av» - *manabu tokoro ga takusan arimasu* – livsførselen til menneska på den tida.

¹³⁵ Ibid., s. 192, 268-269, 270-271

nytteverdien den kan ha, er sentral i den avsluttande «appellen» til dette verket – kor ein peikar fram mot ei framtid kor mellom anna miljøvern vil vere viktig.

2.4 Omgang med utlandet frå oldtida til Meiji-restaurasjonen

Forteljninga etablerer tidleg Japan som ein deltakar - i første rekke ein *mottakar* - i eit internasjonalt nettverk for utveksling av idear og varer,¹³⁶ og ei open og nysgjerrig, men også vaksam haldning, dominerer mykje av den vidare forteljninga om relasjonane mellom ut- og innlandet.¹³⁷ Fram til 1590-talet er det berre mongolske invasjonforsøk som nemnast som eit *negativt* møte mellom Japan og utlandet,¹³⁸ som fekk store innanrikspolitiske konsekvensar,¹³⁹ men kor ein kort tid etter strida etablerte gode relasjonar.¹⁴⁰

Det mongolske imperiet er elles ei positiv kraft i dette verket, og deira skaping av ei «eurasiatisk verd» var tilsynelatande berre av det gode.¹⁴¹ Den islamske verda er òg ein brubyggjar mellom aust og vest i denne forteljninga. Dette var ein tolerant sivilisasjon, bygd gjennom nærast blodlause erobringar.¹⁴² Kontrasten til europeisk ekspansjon i Amerika og Asia er stor.¹⁴³ Europearane er utan tvil ei kraft ein bør vere på vakt mot.

Japan initierer det neste negative møtet gjennom å invadere Korea på 1590-talet,¹⁴⁴ men også her

¹³⁶ Ibid., s. 28-29 - innleiingsvis fortel ein at “hellenismen påverka kunsten i India, Kina og Japan” - *Indo, Chuugoku, Nihon no bijutsu ni mo eikyō wo ataemashita* (s. 28-29).

¹³⁷ Japanske høvdingdøme innleia den første offisielle kontakten med kontinentet (Ibid., s. 34-35), og migrantar frå kontinentet på 500-talet, *toraijin*, var berarar av mykje nyttig kunnskap – om alt frå klesproduksjon, pottemakarkunst, det kinesiske teiknsystemet (*kanji*), konfutsianisme og buddhisme - og fekk stillingar kring hoffet og ved religiøse institusjonar (s. 37). Kontinentale førebilete var viktige under den første rikssamlinga på 500- og 600-talet (s. 38). Japanarar handla med Kina også inn i perioder kor landa ikkje hadde diplomatiske relasjonar (frå år 894) (s. 49). Krigarklassen la òg til rette for handel med Kina frå 1100-talet (s. 69), og kontakten med utlandet heldt fram sjølv gjennom perioden kor landet var «lukka» (*sakoku*, “lukka land”) gjennom over 200 år.

¹³⁸ Ibid., 76-77 - den første invasjonen fann stad etter at Japan avviste mongolske krav om underkastelse. Det var ein kortvarig styrkedemonstrasjon, forkorta av usemjer innad i invasjonstyrkene. Japansk kystforsvar og ein kraftig vind gjorde at det andre invasjonforsøket slo feil. Uroligheiter i andre deler av mongolriket sørga for at framtidige invasjonsplanar ikkje vart noko av.

¹³⁹ Det første shogunatet fall grunna intern misnøye i etterkant av mongolske invasjonar på 1200-talet (s. 72-73).

¹⁴⁰ I etterkant av konflikta fann det stad handel og kulturutveksling mellom Japan og det mongol-styrte Yuan-Kina (Ibid., s. 76-77). Relasjonane til det seinare Ming-Kina hadde «stor innverknad» på samtidig japansk økonomi og kultur - *Nihon no keizai ya bunka wa ōkina eikyō wo ukemashita* (s. 80), og handel med både Kina og Korea heldt fram gjennom borgarkrigsperioden. Japan eksporterte sølv av høg kvalitet som var ettertrakta også i Europa. Ein annan handelspartner, Korea, vart på slutten av 1300-talet samla under Joseon-dynastiet, og gjekk inn i ei tid kor ein utvikla ein sjølvstendig kultur, mellom anna ved hjelp av si eiga stavelsskrift *hangul* (s. 84-85).

¹⁴¹ Ibid., 76-77 – imperiet hadde trusfridom og etablerte handelsruter mellom aust og vest. Misjonærar og handelsmenn frå Europa vitja Kina via desse rutene, mellom anna Marco Polo, som introduserte europearar for Japan.

¹⁴² Ibid., s. 100-101, 136-137 - ei sideforteljninga syner mange eksempel på kva islamske samfunn har gjeve verda. Medan mange europearar var opptekne av å lære av muslimane, såg muslimane på Europa som bakstreversk. Men Europa skulle til slutt «ta forbi» den islamske verda.

¹⁴³ Ibid., s. 102-103, 152-153

¹⁴⁴ Ibid., s. 109 - det japanske regimet gjekk vekk frå planar om å fremme handel med eit utval asiatiske land til å følgje ei meir aggressiv linje. Med eit mål om å leggje Ming-Kina under seg, invaderte Japan Koreahalvøya to gongar dette tiåret. Ein kombinasjon av koreanske geriljasoldatar, kinesiske styrker og ei koreansk flåte gjorde at ein

makta ein i løpet av få år å leggje konflikta bak seg og etablere særst gode relasjonar.¹⁴⁵ Gjennom forteljinga om invasjonane av Korea gjev verket eit eksempel på – og ei påminning om – at Asia framleis var ei kjelde til «framifrå teknologi» (*sugureta gijutsu*) sett med japanske auge.¹⁴⁶

Dei første møta mellom europearar og japanarar er positive,¹⁴⁷ og var møter som introduserte landet for skytevåpen, noko som akselererte rikssamlingsprosessen.¹⁴⁸ Dei ulike rikssamlarane si haldning til kristendommen går frå å vere prega av entusiasme¹⁴⁹ og toleranse¹⁵⁰ til å bli fiendtleg, og i etterkant av eit opprør fronta av kristne i 1637 vart undertrykkjinga av dei truande skjerpa, og ein «lukka land»-politikk (*sakoku*) implementert.¹⁵¹ Handsaminga av dei kristne syner at den japanske eliten hadde ei velutvikla antenne for det den såg på som potenseielle trugsmål mot stabiliteten i og sjølvstendet til landet,¹⁵² ein tankegang som her er synleg både i tidlegare tider og vidare inn i moderne tid. Dette verket si forteljing om Japan sitt forhold til utlandet kan seiast å vere kjenneteikna av tropen «*intet nytt sker under solen*»: den japanske nasjonen – eller eliten i den – har *til alle tider* sett at landet har mykje å tene på å aktivt pleie omgang med omverda - før «lukkinga» av landet var Japan på sitt mest aktive internasjonalt¹⁵³ - men har samstundes visst å ta grep om noko trugar sjølvstendet. Dette er spesielt trydeleg då landet omsider opnar seg att.

Nemninga «lukka land» til tross: Dette var *ikkje* ei hermetisk nedstenging av grensene, då regimet

gjekk i forhandlingar. Desse braut saman, og det andre invasjonsforsøket slo feil då rikssamlaren døydde i 1598. Korea vart lagt aude i denne krigen, og mange koreanarar vart tvunge med til Japan.

¹⁴⁵ Ibid., s. 118-119 – etter at ein gjenoppretta diplomatiske relasjonar byrja Korea å sende store delegasjonar til Japan når ein ny shogun skulle innsetjast. I desse følgja fann japanske lærde og kunstnarar mange kollegaer dei kunne samtale med, og følgja vart teke godt imot der dei var innom på ferda. I margen forteljast det om ein mottakshall i eit tempel kor ein tok imot koreanarar, som var fulle av lovord om utsikta herfrå.

¹⁴⁶ Ibid., s. 109 – pottemakerar tvunge med til Japan la grunnlaget for ein japansk porselensindustri, og ein finn monument til ein av desse i Japan i dag. Deira innsats mogeleggjorde japansk produksjon av såkalla *Arita*-keramikk.

¹⁴⁷ Ibid., s. 104-105 – dei første europearane kom på 1540-talet. Mange lensherrar konverterte til kristendommen for å innynde seg hos iberiske handelsmenn, og jesuittane omvende mange, og bygde kyrkjer, skular, sjukehus og barneheimar. På byrjinga av 1600-talet var det 300 000 kristne i landet. For å syne fruktene av innsatsen sin, sende jesuittane ein delegasjon kristne japanarar til Europa i 1582. Dei vart «teke varmt imot» - *...netsuretsuna kangei wo ukemashita*. Den «sørlege barbar-handelen» (*nanban boueki*) med iberiske handelsmenn gav Japan tilgang på ulltekstilar, klokker, glasprodukt og anna.

¹⁴⁸ Ibid. - *teppou ga hiromaru to, (...) zenkoku touitsu no ugoki wo unagashimashita*.

¹⁴⁹ Ibid., s. 107 - den første av rikssamlarane for hardt fram mot buddhistiske sekter, men var han venleg innstilt overfor dei kristne.

¹⁵⁰ Ibid. - i 1587 vart kristen misjon gjort forbode, men vart framleis tolerert av kommersielle omsyn.

¹⁵¹ Ibid., s. 117 - dei ein mistenkte for å vere kristne måtte trække på bilete av Jesus (*fumie*). Ein oppretta familieregister tilknytta buddhisttempel, kor folk måtte registrerte seg. Deira kjære måtte gravleggjast på buddhistisk vis.

¹⁵² Ibid., s. 107, 116-117 - utvisingsordren frå 1587 var delvis motivert av at ein meinte misjonærane ville hjelpe dei iberiske maktene i å erobre Japan. Det aukande talet på kristne fekk regimet til å innføre eit nytt forbod i 1612-13, då ein frykta lojaliteten til Gud ville ta plassen til lojaliteten overfor lokale og nasjonale herskarar. Dette forbodet vart valdeleg handheva, og eit stort tal kristne vart avretta.

¹⁵³ Ibid., s. 116 - gjennom handelen med land i Sørøst-Asia oppsto det «japanske byar» (*Nihonmachi*) i området. Heime ønskte ein nederlandske og britiske skip velkomen til hamnene sine.

gjennom heile perioden sørga for å halde seg løpande orientert om omverda.¹⁵⁴ Utanrikshandelen var stramma inn,¹⁵⁵ og japanske busetjingar i utlandet gjekk til grunne då inn- og utreise no vart forbode.

Eksempelet Kina syner kor farlege europearane hadde blitt på 1800-talet, då dei var militært overlegne asiatiske makter.¹⁵⁶ Japanarane valde først ei aggressiv linje overfor utanlandske skip, men Opiumskrigen lærte dei at denne politikken var nyttelaus.¹⁵⁷ «Urettvise avtalar» (*fubyoudou jouyaku*), og deira effekt på Japan sine relasjonar med det nære og fjerne utlandet, er sentrale i forteljninga om opninga og moderniseringa av Japan, ei modernisering som òg får konsekvensar for samfunn i utkanten, geografisk og kulturelt, av det japanske majoritetssamfunnet.

2.5 Den japanske utkanten gjennom åra fram til Meiji-restaurasjonen

Erobringa av områda til *emishi*-folket nordaust i landet på 800-talet utgjer det første møtet mellom den japanske majoritetsbefolkninga og minoritetar i forteljninga,¹⁵⁸ ei forteljning om møter som stort sett slår negativt eller nøytralt ut for den ikkje-japanske parten, men som japanarane tener på, både materielt og kulturelt.

For *aino*-folket¹⁵⁹ ender møta med majoritetsbefolkninga med at ein gjer opprør mot dårleg behandling.¹⁶⁰ Forteljninga om dette folket handlar elles om at dei var særskilte deltakarar i eit

¹⁵⁴ Ibid., s. 118, 126 – gjennom informasjon samanfatta av nederendarane og kinesarane med jamne mellomrom. Det var forbode å importere europeisk litteratur fram til tidleg på 1700-talet, men gjennom heile perioden var det ulovleg å importere *kristen* litteratur.

¹⁵⁵ Ibid., s. 117-118 – Lukkinga gjorde det forbode å handle med katolske statar, men handel med Kina og Nederland var framleis tillate - men berre via Dejima-øya utanfor Nagasaki.

¹⁵⁶ Ibid., s. 152-153 – Kina vart tvunge inn i ein «urettvis avtale» etter tapet mot Storbritannia i Opiumskrigen. Landet måtte opne fleire av hamnene sine for britiske skip, gi frå seg Hongkong og betale krigsskadeerstatning. Krigen vart følgd av Taiping-opprøret, som gav stormakter eit høve til å skaffe seg enda fleire rettar i landet. Taiping-opprøret knytast direkte til dei økonomiske følgjene av Opiumskrigen. Kina enda etter kvart opp som ein vestleg «halv-koloni» (*hanshokuminchi*). Frå 1850-talet vart det meste av Sør- og Sørøst-Asia kolonisert.

¹⁵⁷ Ibid., s. 129, 132-133 – det fann stad ei rekkje «episodar» med vestlege skip i japanske farvatn frå slutten av 1700-talet. Mellom anna trengde det britiske skipet HMS Phaeton seg inn i hamna i Nagasaki i 1808. Regimet utsteda ei «fordrivingsordre» (*ikokusenuchiharairei*), som mellom anna gjorde at eit amerikansk skip med japanske skipbrotne vart fordrive. I ein periode slo regimet hardt ned på kritikk mot denne linja, men den internasjonale situasjonen fekk ein til å revurdere denne. Japan byrja å tillate skip å leggje til for å skaffe seg drivstoff og vatn, samtidig som ein tok grep for å styrke forsvaret.

¹⁵⁸ Ibid., s. 48-49 – folket ytte hard motstand, og då dei til slutt tapte vart leiaren *Aterui* deira avretta i det som i dag er Osaka. Dette vart gjort på ordre frå keisaren, som ikkje hørde på bønne frå sin øvstkommanderande om å syne mannen nåde.

¹⁵⁹ Dei held til på det som i dag er den nordlegaste av dei store japanske øyene, Hokkaido, men som då vart kalla *Ezochi*.

¹⁶⁰ Ainoane byrja å handle med japanarar som busette seg sør på Ezochi på 1200-talet, men misnøye med samarbeidet fekk dei til å gjere opprør, noko dei gjekk tapande ut av (Ibid., s. 81). På 1600-talet innleia dei eit handelssamarbeid med det Matsumae-lenet. Også her ender dei opp med å ta til våpen mot japanarane, og må nok ein gong sjå seg slått (s. 119).

internasjonalt handelsnettverk *uavhengig* av japanarane.¹⁶¹

Ryukyu-kongedømet¹⁶² sør for Japan vart etter kvart eit handelsknutepunkt i Aust-Asia¹⁶³ – og klarte seg på same vis som ainoane godt på eiga hand. Dette verket lovprisar òg den lokalproduserte litteraturen i riket, som kunne samanliknast med det ypperste frå Japan.¹⁶⁴ Eit japansk len erobra omsider riket på 1600-talet, men såg seg tent med å la det helde på sin uavhengige status og tributrelasjonen til Kina.¹⁶⁵

2.6 Japansk kultur – nasjonalisering, demokratisering, «framsteg»

Med jamne mellomrom gjennom forteljinga presenterast kulturlivet og -produksjonen frå dei aktuelle periodane i japansk historie,¹⁶⁶ ein gjennomgang som samla sett fortel om ei *nasjonalisering* og *demokratisering* av kulturproduksjon og -konsum i landet,¹⁶⁷ prosessar som òg er synlege i forteljinga om det religiøse livet i landet.¹⁶⁸

Den tidlegaste japanske kunsten ligg *særs* tett opp til førebilete frå stader som India, Korea og Kina,¹⁶⁹ og personar og impulsar frå kontinentet la sterke føringar for kulturproduksjonen i fleire århundre.¹⁷⁰ Det dåverande keisarlege skattkammeret vart kalla «Silkevegen sin endestasjon» (*Shirukuroodo no shūchakuten*). Namnet er talande: Japan hadde blikket retta utover, men var altså ein *endestasjon*, ikkje eit utgangspunkt.¹⁷¹

Japansk litteratur vart fødd på 700-talet,¹⁷² og frå 900-talet utvikla det seg ein «kultur med nasjonale

¹⁶¹ Ibid., s. 119, 234-235 – på 1600-talet handla dei med folk på øyene nord for seg og nordaust i Kina. Ei sideforteljing inneheld fleire detaljar om dette folket si historie fram til moderne tid, også frå tida før dei møtte japanarane.

¹⁶² Som omfattar det som i dag er det japanske Okinawa-fylket.

¹⁶³ Ibid., s. 81

¹⁶⁴ Ibid., s. 92-93 – her kjem òg Ryukyu sin privilegerte posisjon tydeleg fram. Medan Ming-Kina tok imot japanske handelsskip ein gong i tiåret, drog skip frå Ryukyu dit meir eller mindre årleg. Det vart laga ei diktsamling i riket som «kan samanliknast med oldtidas *Manyoushū*» - *kodai no Manyoushū ni hittekisuru...*

¹⁶⁵ Ibid., s. 119 - japanarane tente godt på Kina-handelen via Ryukyu, som òg byrja å sende av garde delegasjonar når ein ny shogun skulle innsetjast.

¹⁶⁶ I stor grad nyttast plassen til å leggje fram ulike sentrale verk eller kunstformar som vart til i desse åra.

¹⁶⁷ Både ved at den frigjer seg frå importerte uttrykk og ved at stadig større delar av folket deltek, både gjennom konsum og utforming.

¹⁶⁸ Frå 700-talet vart buddhismen omfamna som ein nasjonal religion, ein bygde mellom anna storarta tempel over mykje av landet. Gjennom trua skulle ein trygge samfunnet mot epidemiar og andre katastrofar (Ibid., s. 46-47). I ein uroleg periode på 900-talet oppsto japanske buddhist-sekter som skaffa seg følgjarar i mykje av befolkninga i løpet av 1000-talet (s. 51). Mange, krigarar som vanlege folk, lot seg fenge av buddhistiske rørsler frå 1100-talet og utover, og i same periode oppsto ein synkretistisk religion som kombinerte shinto-tru og buddhisme (s. 75). I Muro-machi-æraen slo kvar buddhistiske sekt seg saman i grupperingar, og ulike trusretningar vart omfamna av ulike delar av samfunnet. Krigarar og bønder sokna til sin retning, handelsmenn til sin og krigarelite til sin (s. 86).

¹⁶⁹ Ibid., s. 39

¹⁷⁰ Ibid. - s. 39, 46

¹⁷¹ Ibid., s. 46 – her finn ein kunstverk frå mellom anna frå Vest-Asia og India, henta heim av japanske delegasjonar.

¹⁷² På denne tida samanfatta ein verka *Kojiki* og *Nihon Shoki* (skrive med kinesiske teikn), med myter og historie om landet og keisarinstusjonen, og diktsamlinga *Manyoushū*, kor ein finn dikt av alt frå keisarar til bønder. I

karakteristikkar»:¹⁷³ på det importerte grunnlaget oppstod uttryksformer som var tilpassa dagleg- og kjenslelivet til befolkninga og «den japanske ånda» (*Nihon no fūdo*).¹⁷⁴ Her går forteljninga langt i å hevde at det importerte *ikkje eigentleg* var eigna til å formidle “det japanske”, men dette tyder på ingen måte at det kontinentale skulle slutte å inspirere og informere gjennom mange av dei følgjande århundra.¹⁷⁵

Kulturlivet var lenge sentrert kring adelen, men «vanlege folk» (*minshū*) sine bidrag til tidlege restaurerings- og oppføringsprosjekt syner ei interesse for kulturelt vedlikehald og utvikling som fanna breitt.¹⁷⁶ I verk produserte i mellomalderen er kvardagen til større deler av befolkninga avspegla,¹⁷⁷ og frå 1400-talet byrjar den jamne innbyggjar å la seg underhalde av det same som eliten.¹⁷⁸ Elles syner forteljninga at strenginstrumentet *shamisen* kom til landet via Ryukyu,¹⁷⁹ eit eksempel på kva Japan tente på relasjonane med dette kongedømet.

Formidlingsruta for kultur mellom Japan og Europa gjekk i første runde éin veg,¹⁸⁰ men på 1800-talet skulle japanske *ukiyo-e*-kunstverk ha «stor påverknad» på europeisk biletkunst.¹⁸¹ Eksposeringa for vestleg kunst seint på 1800-talet skapte *både* ei positiv revurdering av tradisjonelle kunstartar - nedvurderte i restaurasjonsperioden¹⁸² - og ei framdyrking av ein ny japansk kunst, forma ved hjelp av europeisk teknikkar. På denne tida vart stadig meir av litteraturen skrive i eit muntleg språk - eit anna døme på ei demokratisering av kulturlivet.¹⁸³ «Massekultur»¹⁸⁴ er stikkordet for kulturlivet i moderne tid,¹⁸⁵ ei kor ei

verket *Fudoki* samla ein informasjon om tilhøva i kvar provins i landet (Ibid., s. 47). I ei sideforteljing fortel ein korleis dei japanske mytene har mykje til felles med myter ein finn i alt frå Polynesia til det gamle Hellas (s. 58).

¹⁷³ Ibid., s. 50-51 - *kokufū bunka*

¹⁷⁴ Ibid. - litteratur skrive av kvinnelege forfattarar med det nyutvikla kana-stavingsystemet utgjorde kjerna i denne nye kulturproduksjonen.

¹⁷⁵ Innanfor til dømes bilethogging (Ibid., s. 74), tradisjonen med tedrikking og te-seremoniar (s. 86) og biletkunst (s. 87) gav det kontinentale stadig eksemplar til etterfølgjing. På 1500-talet byrja ein i Japan å lage utstyr til te-seremoniar som var like høgt verdsett som tilsvarande kontinentale produkt (s. 110).

¹⁷⁶ Ibid., s. 74

¹⁷⁷ Ibid. - krigarkulturen er tydeleg i verket “Forteljninga om Heike” – *Heike monogatari*. I verket *Tsuredzuregusa* var vanlege folk sine liv tema.

¹⁷⁸ Ibid., s. 87 - Nou-skodespel vart framført i landsbyar under festivalar, saman med *Kyogen*-stykker, som tok utgangspunkt i vanlege folk sine dagleg- og kjensleliv.

¹⁷⁹ Ibid., s. 111

¹⁸⁰ Ibid., s. 110-111 - Europearane introduserte japanarane for alt frå teknologiske nyvinningar til kveitebakst. Ein nemner fleire mattypar, klokker, biletkunst, eksempel på japansk litteratur som vart gjeve ut på japansk skrive med det latinske alfabetet, og europeiske klesplagg som vart populære. Europeisk kultur vart kalla “sørleg barbarkultur” (*nanban bunka*).

¹⁸¹ Ibid., s. 131, 185 – i desse verka såg vestlege kunstnarar ein «skjønneheit ein ikkje i den vestlege verda» - *Oubei ni nai bi wo muidashimashita*.

¹⁸² Ibid., s. 184

¹⁸³ Ibid., s. 184-185 – ein romantisk og realistisk tendens synt seg i japansk litteratur på denne tida.

¹⁸⁴ Ibid., s. 210-211 - *taishuubunka*

¹⁸⁵ Gjennom rimelege aviser og tidsskrift, radio og kino vart nyheiter og underhaldning gjort tilgjengelege for stadig fleire (Ibid., s. 210-211). I etterkrigstida spelte fjernsynet ei sentral rolle, både ved å «samle landet» og stimulere til konsum (s. 256-257).

rekke japanske kulturprodukt, både av populær og “høgare” art, har fått mykje merksemd internasjonalt.¹⁸⁶

Dette verket si forteljing om japansk kultur er i stor grad ei forteljing om relasjonane – og det ein kan kalle *styrkeforholdet* - mellom Japan og omverda. Den er på mange måtar kjenneteikna av “*framsteget*”-troppen: i forteljinga går japanske kulturuttrykk frå å vere *reine kopiar* av kontinentale førebilete, skapt av innvandrarar, til å etter kvart finne sin nasjonale form og ende opp som noko utlandet let seg inspirere av. Ein går frå å vere ein importør til å bli ein eksportør av kulturprodukt, til å bli ein internasjonalt verdsatt *kulturnasjon*. Delar av forteljinga kan vidare kallast ei *tradisjonsforteljing*, der grunnsteinane til moderne japansk kultur - i vid forstand - introduserast, og der samanhengen mellom det historiske og det notidige til tider stadfestast eksplisitt.¹⁸⁷

2.7 Læring og utdanning

Forteljinga om Japan si opne og proaktive haldning til det nye og utanlandske gjennom heile historia vitnar om ein *læringskultur*. Dette er også ei forteljing om ein demokratiseringsprosess: stadig større delar av folket får ta del i eit liv som involverer utdanning.¹⁸⁸

Sjølv om innføringa av allmenn skulegong var ressurskrevjande og upopulært hos mange, nemner forteljinga eksempel på vanlege borgarar som omfamna tiltaket,¹⁸⁹ og vidare at stadig fleire barn vart gjeve grunnleggjande skulegong og at skuletilbodet gradvis vart gradvis utvida.¹⁹⁰ Forteljinga kjem med fleire døme på kor verdsatt utdanning var i befolkninga, som eldsjeler som sørga for at foreldreause barn fekk skulegong,¹⁹¹ og at tidlegare kastelaue gleda seg over mogelegheitene som låg i utdanning.¹⁹²

Vidare går det moderne japanske skulevesenet frå å undervise jenter og gutar kvar for seg, og ha eit til tider sterkt militaristisk og nasjonalistisk preg, til å gi baa kjøn i same klasserom ei opplæring sentrert

¹⁸⁶ Ibid., s. 256-257 - Fleire japanske filmregissørar naut stor internasjonal respekt, og japanske forfattarar vann Nobels litteraturpris. Japansk populærkultur som *anime* og *manga* har mange tilhengjarar utanfor landegrensene.

¹⁸⁷ Ibid., s. 94 – gjennom ein presentasjon av ei rekke eksempel på «kvardagskultur» (*seikatsu bunka*) som ein byrja med på 13-, 14- og 1500-talet, etablerer ein tydelege band med dagen i dag, mellom anna når det gjeld tradisjonelle japanske klede (*wafuku*), mykje av japansk mat- og drikkekultur og høgtider.

¹⁸⁸ Stadig større delar av befolkninga involverast. Det første «skulevesenet» i landet var dominert av barna til krigarar og rike handelsmenn (Ibid., s. 87), men frå byrjinga av 1800-talet vart det opna stadig fleire tempelskular og «privatskular» (*shijuku*) kor òg barna til bønder kunne lære seg grunnleggjande ferdigheiter (s. 131).

¹⁸⁹ Ibid., s. 162 - ansvaret for å føre opp skulebygg fall på lokalbefolkninga. Dette skapte misnøye hos mange, medan andre “samla saman ressursar og førte opp flotte skulebygg” - *jimoto no hitobito ga shikin wo dashiatte rippana kousha wo tateru...*

¹⁹⁰ Ibid., s. 185, 210

¹⁹¹ Ibid., s. 236 – ei sideforteljing fortel om eldsjeler sin innsats for å gi eit utdanningstilbod til mellom anna foreldreause barn. I Taisho-æraen gjorde framveksten til ein demokratisk tankegang at ein følte eit større ansvar for barna. På 1930-talet kom ei lov mot barnemishandling og andre lovar meint å beskytte sårbare barn. I etterkrigsgrunnloven var retten til utdanning garantert. Sidan har Japan mellom anna ratifisert FN sin barnekonvensjon.

¹⁹² Ibid., s. 190-191 – Etter emansipasjonen, såg tidlegare kastelaue (*burakumin*) i ein landsby i Osaka-området lyst på framtida, og ville «skyve til side år og dag med diskriminering gjennom utdanning»- *naganen no sabetsu wo, kyōuiku no chikara de hanenokeyou to shita nodeshita.*

kring demokrati¹⁹³ - ei forteljing som er tydeleg prega av «framsteget».

Stabile samfunnstilhøve la grunnlaget for eit variert intellektuelt liv frå 1600-talet av, der somme japanarar interesserte seg for det siste frå Europa,¹⁹⁴ medan andre retta blikket mot det «opprinneleg japanske».¹⁹⁵ Desse gruppene legg på kvar sitt vis grunnlaget for det moderne Japan etter 1868 i denne forteljinga. Utlandet er av stor interesse og relevans i forteljinga då dei første japanske universita vart etablerte seint på 1800-talet. Utlendingar vart gjeve undervisingsstillingar ved desse, og mange japanarar drog til utlandet i søken etter ny «vestleg vitenskap og teknologi».¹⁹⁶ Denne innsatsen bar frukter, då japanske forskarar utmerkte seg internasjonalt seinare på 1900-talet.¹⁹⁷

2.8 Opninga av Japan og Meiji-restaurasjonen

Shogunatet si framferd overfor utlandet skaffa det mange fiendar i Japan. Det søkte å gjenvinne legitimitet ved å knytte seg tettare hoffet - ein institusjon som no, midt på 1800-talet, blir re-aktualisert for første gong på lenge i forteljinga, etter århundre i «politisk eksil». Regimet sine fremste motstandarar insisterte ei stund på at landet måtte lukkast att, men fann raskt ut at berre ein samla og moderne stat ville kunne hevde seg mot stormaktene, og at shogunatet difor måtte styrtast.¹⁹⁸ Dei politiske grepa shogunatet tok førte ingen veg, og det gjekk til slutt under.¹⁹⁹

¹⁹³ Ibid., 173, 221, 245 - den «keisarlege utdanningsforordninga» (*kyouiku chokugo*) frå 1890 utgjorde ein «beregjelke» (*hashira*) i utdanninga fram til 1940-talet. Den formidla «lojalitet og patriotisme» (*chuukun aikoku*). Det militaristiske fokuset i utdanninga vart styrka under andre verdskrig, medan det etter krigen vart laga ein ny opplæringslov «som har utdanning i demokrati som sitt utgangspunkt» - *minshushugi no kyouiku no kihon wo sumesu...*

¹⁹⁴ Japanarar stod for nyvinningar innanfor ei rekkje område som agrikultur, astronomi og matematikk (Ibid., s. 124). Stadig meir vestleg litteratur vart lese i landet, og verksemda til studentane av «vestleg kunnskap» (*rangaku*) «la grunnlaget for moderniseringa» av landet - *kindaika no kiso ga kizukaremashita*. Utlendingar gav ei hjelpande hand i dette arbeidet: Den tyske legen Philipp Franz von Siebold underviste i medisin og anatomi i Nagasaki (s. 130-131).

¹⁹⁵ Verk frå den japanske oldtidsstaten vart studert, og lærde frå heile landet vart involvert i prosjektet med å skrive eit omfattande nasjonalt historieverk, «Stor-Japans historie» - *Dai Nippon rekishi*. Ein byrja på dette verket i 1715, og avslutta arbeidet i 1906 (Ibid., s. 124)). *Kokugaku-rōrsha* («nasjonal lære»-rørsla) granska eldre japansk litteratur, og kultiverte eit tankegods som seinare inspirerte dei keisar-lojale motstandarane av shogunatet (s. 130).

¹⁹⁶ Ibid. - *oubei no atarashii kagaku ya gijutsu...*

¹⁹⁷ Ibid., s. 185 - Dei stod mellom anna for «forskning i verdsklasse» (*sekaitekini saisentan no kenkyuu*) innanfor kjernefysikk

¹⁹⁸ Ibid., s. 158-159 - *rekkyou ni taikoudekiru tsuyoi touitsu kokka wo tsukuru tame, bakufu wo taosou to kangaeru youninarimashita*. Både Choushuu- og Satsuma-lenet hamna i konflikt med vestlege styrker. Møtet med vestleg overmakt syntte kor nyttelaus dette var. Lena slutta fred med utlendingane, moderniserte eige forsvar og inngjekk ein allianse i 1866.

¹⁹⁹ Japan vart meir eller mindre tvunge til å opne seg av ei amerikansk flåtestyrke, som mellom anna ikkje retta seg etter krav om å ta kontakt via Nagasaki. Dei ønskte at amerikanske skip skulle kunne leggje til hamn i Japan. Shogunatet søkte for første gong råd hos hoffet, som saman med ulike lensherrar fekk meir å seie i nasjonal politikk. Regimet gav til slutt etter for implisitte, amerikanske truslar om maktbruk, og inngjekk ein venskapsavtale med USA - og gjekk kort tid etter i forhandlingar om ein handelsavtale med landet. Denne vart inngått utan keisarleg løyve. Hoffet skal ha «hata tanken på å knyte band med omverda» - *gaikoku to no kankei wo musubu koto wo kiratta choutei...* Shogunatet hadde nettopp vore vitne til at Kina nok ein gong vart audmjuka militært av vestleg styrker i

Nok ein gong i forteljninga melder ein årvåken elite seg, som gjennom å endre kurs etter først å ha hatt nyttelause og urealistiske ambisjonar, makter å gjere tilsynelatande *alt riktig* i åra som kjem: ein gjennomfører ein serie vellukka reformar – etter å ha overkomme motstand frå delar av befolkninga²⁰⁰ - og oppnår suksessar internasjonalt som reddar landet frå å bli kolonisert og gjer det i stand til å sjølv byggje eit imperium.

Med moderniseringa følgde ei avvikling av standssystemet og ein emansipasjon av dei kastelause.²⁰¹ Med dette tek nasjonen eit langt steg i retning *likskap*, men fjerninga av *juridiske* avgrensingar sørga ikkje for at liva til tidlegare kastelause vart frie for diskriminering frå myndigheitene. Vidare vart dei materielt forverra gjennom fjerninga av privilegia dei tross alt hadde hatt.²⁰²

Den liberale «rørsle for fridom og borgarrettar» (*jiyuuminken undou*)²⁰³ kjempa for etableringa av ei nasjonalforsamling og kritiserte regimet sine autoritære tendensar. Dei vann etter kvart fram,²⁰⁴ samstundes

1858, og følte ein ikkje kunne vente. Ein urettvis avtale var betre enn alternativet, og handelsavtalen med USA var den første av fleire. Gjennom avtalen vart fem hamner opna for handel, utlendingar vart gjeve ekstraterritoriale rettar og Japan fråsa seg retten til å krevje toll av utanlandske varer (s. 154-155). Hoffet og shogunatet knytte band gjennom ekteskap. «Heidre keisaren, kast ut barbarane»-rørsle (*sonnou joui undou*) samla seg under slagordet «styrt shogunatet» (toubaku). Regimemotstand vart møtt med vald, og ein av shogunen sine mest sentrale ministrar vart drepen i eit attentat i Edo i 1860. Opninga av landet gjorde somme daglegvarer dyrare, og billege importvarer skada japansk industri. Tilgangen på rimeleg råbomull kom andre til gode. Myndigheitene prega om myntar med mindre gull, då ein ubalansert valutakurs gjorde at mykje gull forlot landet. Prisstiginga som følgde framprovoserte fleire folkelege opprør (s. 156-157). Shogunen overrekte suvereniteten til hoffet og avvikla shogunatet, men ønskte seg framleis ein plass i det nye regimet. Regime motstandarar fekk hoffet til å utstede ein meir omfattande restaureringsordre, som mellom anna kravde at shogunen sa frå seg landområda sine og heile embetsverket - slik skulle shogunen som maktfaktor bli «eliminert» for all framtid (Ibid., s. 159).

²⁰⁰ Ibid., s. 162-163, 170 – «tre store reformar», *sandai kaikaku*: allmenn skuleplikt, verneplikt og eit meir moderne skattesystem var sentrale i «moderniseringa som skulle gjere landet likt vestlege land» - *oubei shokoku ni naratta kindai*... Verneplikta var upopulær blant bøndene, og førte til opprør. Tidlegare krigarar var òg misnøgdde med verneplikta, då denne tyda at deira tid var omme. Det same gjorde skattekrava, og regimet var tvunge til å senke landskatten frå 3 til 2,5% etter å ha møtt valdeleg motstand.

²⁰¹ Ibid., s. 160-161 - alle vart gjort til likeverdige “borgarar” (*kokumin*), og sto fritt til å velje yrke, bustad og ektemake. Vanlege folk fekk velje seg etternamn.

²⁰² Ibid., s. 161, 190-191 – ei sideforteljninga omhandlar ein periode på 50 år, frå emansipasjonen til 1920-åra, og fortel om at ordren skapte glede både i og utanfor målgruppa. Tidlegare kastelause (burakumin) i ein landsby i Osaka-området såg lyst på framtida og ville «skyve til side år og dag med diskriminering gjennom utdanning» (*naganen no sabetsu wo, kyōiku no chikara de hanenokeyou to shita nodeshita*). Store handelsmenn ønskte òg ordren velkomen, då dei no kunne tene pengar på det som tidlegare var burakumin sitt spesialområde; lærproduksjon. Handelsmenn utkonkurrerte burakumin over heile landet, og dei fekk det gradvis verre. Elles syner forteljninga korleis fordommar og ovetru heldt fram med å diktere myndigheitene si haldning til desse menneska, og at moglegheitene for arbeid og ei god framtid var avgrensa for dei.

²⁰³ Ibid., s. 170-171 – ei rørsle som argumenterte for borgarrettar med eit utgangspunkt i vestlege, liberale idear, og forfatta sjølve mange grunnlovsutkast. Eit tidlegare, *Itagaki Taisuke*, var sentral i framveksten av denne rørsle. Han trakk seg frå regimet etter at Japan, som inngjekk ein venskapsavtale med Qing-Kina i 1871, ikkje lukkast i å etablere relasjonar med Korea. Usemjene om korleis ein skulle gå fram for å oppnå dette, førte til splittingar i regimet.

²⁰⁴ Ibid. - innad i regimet var ein usamde i korleis ein burde møte krava til «rørsle», men avsløringar om ei korrupsjonsskandale fekk fortgang i prosessen med å etablere ei nasjonalforsamling

som at regimet skjerpa kontrollen over politisk aktivitet.²⁰⁵

Den japanske grunnloven, inspirert av tyske og *austerrikske* førebilete, vart overrekket folket av keisaren under ein seremoni i februar 1889. Dette dokumentet gav ein suveren keisar store fullmakter,²⁰⁶ men gav samstundes befolkninga ei rekkje rettar,²⁰⁷ og liberale parti vann stort under det første nasjonale valet.²⁰⁸ Grunnloven opna «vegen for folkeleg deltaking i politikken»,²⁰⁹ og Japan vart «den første moderne «konstitusjonelle» staten i Asia.»²¹⁰ I dette verket si forteljing om tilhøva mellom japanaren og myndighetene – mellom folket og eliten – representerer grunnloven eit tydeleg steg i retning *fridom, jamstilling og medråderett*.

2.9 Japan som stormakt

Ambisjonane om «rikt land, sterk hær», *fukoku kyouhei*, eit nytt slagord ein no skulle samle seg under, måtte realiserast om ein skulle klare å motstå dei vestlege stormaktene. Eit ledd i dette var statleg «promotering av industriverksemd» (*shokusan kougyou*), som skulle skape eit grunnlag for ein kapitalistisk økonomi. Ei storstilt adoptering av vestleg kultur, *bunmeikaika*, påverka samfunnet og det intellektuelle livet i landet,²¹¹ og i løpet av få tiår tilpassa Japan seg den nye verdsordenen - og bidrog til å gravleggje den gamle.²¹²

²⁰⁵ Ibid., s. 171, 172 – det meste av aktiviteten til dei politiske partia som sprang ut av rørsla vart stoppa av regimet i løpet av 1880-åra. Valdelege hendingar i fleire delar av landet, og regimet sitt svar på desse, eskalerte denne prosessen.

²⁰⁶ Ibid., 172-173 - han var ansvarleg for å utnemne regjeringer, øvstkommanderande for militæret, hadde makta til å kalle saman og oppløyse nasjonalforsamlinga, inngå avtalar med andre statar, gå til krig og slutte fred.

²⁰⁷ Ibid., s. 173 – som yrings-, trykke-, forsamlings-, organisasjons- og trusfridom.

²⁰⁸ Ibid. - 1,1 prosent av befolkninga hadde røysterett ved dette valet. Dette utgjorde kring 450 000 individ som alle var menn over 25 år og som betalte meir enn 15 yen i “nasjonalskatt”.

²⁰⁹ Ibid. – *kokumin ga kokka no seiji ni sankasuru michi ga hikarermashita*.

²¹⁰ Ibid. - *koushite gikai seiji ga hajimari, Nihon wa Ajia de saisho no kindaitekina rikkensei kokka ni narimashita*.

²¹¹ Ibid., 164-165 – vestlege, liberale idear spreidde seg til stadig fleire, og skulle inspirere den seinare «rørsla for fridom og borgarrettar» (*jiyuuminken undou*).

²¹² Japan sin siger over Kina i krigen 1894-1895 svekka Kina si evne til å motstå utanlandsk press ytterlegare og bidrog til å øydeleggje «den tradisjonelle, Kina-sentrerte austasiatiske internasjonale ordenen, som hadde eksistert sidan oldtida.» - *kodai kara tsuduiteita Chuugoku wo chuushin to suru higashi Ajia no dentoutekina kokusai kankei wa kuzuremashita*. Krigen sprang ut frå kinesisk misnøye med at Japan mellom anna inkorporerte den kinesiske tributtstaten Ryukyu, og ønskte at også Korea skulle bryte tributt-relasjonen til Kina. Når Kina styrkte stillinga si på halvøya på 1880-talet, og vestlege makter heldt fram ekspansjonen sin i Asia, byrja Japan å frykte kva som ville skje om landet ikkje sikra seg kontroll over Korea. Kina enda opp med å mellom anna måtte anerkjenne koreansk sjølvstende. Fleire stormakter skaffa seg rettar og territorium i Kina etter krigen, og gjennom ein «tremaktsintervensjon» (*sangoku kanshou*, beståande av Russland, Frankrike og Tyskland) vart Japan «råda» til å gi Liaodong-halvøya tilbake til Kina, eit anna bytte etter sigeren. Russland fekk så rett til å leige mellom anna denne halvøya (Ibid. s. 175, 176-177). Japan var sentral i å slå ned Boksaropprøret, og svekka dermed Kina ytterlegare. Boksarane hadde eit ønskje om å “fjerne utanlandske makter” - *gaikoku no seiryoku wo haijoshiyoutosuru...* Etter at opprørarane hadde kringsett utanlandske legasjonar i Beijing, erklærte Qing-regimet stormaktene krig. Kina enda opp med å måtte betale krigsbøter og godta stasjonering av utanlandske styrker nord i landet. Russarane styrkte no sitt nærvær i Mandsjuria. Japan byrja å frykte for interessene sine i Korea og allierte seg med Storbritannia i 1902 (Ibid., s. 178-179).

I åra før den første verdskrigen sigra Japan over Kina og Russland i krig, reviderte avtalane det hadde med stormaktene og byrja å tvinge naboland inn i tilsvarende avtalar og/eller gjere dei til koloniar. I same periode vart utkanten formelt innlemma i staten, ein prosess som i all hovudsak var uønskt av bebuarane der.²¹³ Forteljinga syner her korleis ein aggressiv utanrikspolitikkk *styrka* demokratiske tilhøve i Japan,²¹⁴ at den japanske triumfen over Russland inspirerte folk i ulike delar av Asia, og at delar av *det japanske folk* samstundes byrja å føle seg overlegen andre asiatiske nasjonar,²¹⁵ og at relasjonane til andre stormakter byrja å forverre seg.²¹⁶

I 1911 vart Kina «den første republikken i Asia»,²¹⁷ men den republikanske regjeringa måtte raskt inngå samarbeide med restane av det gamle regimet av militære grunnar. Dei revolusjonære ideala vart undertrykt, og landet gjekk etter kort tid i oppløysing.²¹⁸ Det kinesiske moderniseringsprosjektet var mislukka – det makta ikkje å samle folket bak seg.

Deltaking i første verdskrig gav Japan ei rekkje tyske områder i Kina og i Stillehavet, og japansk framferd førte til protestar og boikott av japanske varer i Kina.²¹⁹ Prinsippet om nasjonal sjølvråderett inspirerte ei sjølvstenderørsle i Korea som japanarane slo ned militært, men som vann innrømmingar - utan at det japanske assimileringarbeidet vart stansa.²²⁰

2.10 Utviklinga innanriks

I løpet av 1880-åra vart industri og kommunikasjonsnettverk bygd ut i Japan, og japanske industriprodukt byrja å erstatte importvarer og vart sjølv eksporterte. Men med industriverksemd følgde både

²¹³ Ibid., s. 168-169 - gjennom ein avtale med Russland i 1875 vart Kuril-øygruppa japansk, Sakhalin russisk. I 1876 vart Ogasawara-øyene japanske. Ei liste fortel oss kva år Japan fekk råderett over mellom anna *Senkaku*- og *Takeshima*-øyene. Ainoane no jaktmarkene og fiskeplassane sine, i tillegg til at regimet fråråda praktiseringa av skikkane og kulturen deira. Ryukyu-kongedømet vart omgjort til eit japansk len i 1872 og til eit fylke, Okinawa, i 1879. Dette vart gjort med våpen i hand og til motstand frå befolkninga, som gradvis såg sitt samfunnssystem «japanifisert». Det japanske regimet vidareførte opprinneleg det tradisjonelle skattesystemet på øyene, men trappa gradvis opp assimileringa.

²¹⁴ Ibid., s. 177 - krigsskadebøtene etter sigeren over Kina gjekk med til industriutvikling og opprusting, ein innsats kor ein var avhengig av støtte frå nasjonalforsamlinga - politiske parti fekk meir makt, og partiregjeringer vart danna.

²¹⁵ Ibid., s. 179 - rørsler som ønskte sjølvstende opplevde vekst i land som India og Vietnam.

²¹⁶ Ibid., s. 180-181 - samtidige japanske framstøt i Mandsjuria førte til ei forverring av relasjonane med USA.

²¹⁷ Ibid., s. 181 - *Ajia de saisho no kyouwakoku de aru...*

²¹⁸ Ibid. - krigsherrar regjerte dei ulike delane av landet. Sun Yat-sen si nære tilknytning til Japan understreka i marginen. Han danna ei revolusjonær foreining i landet og flykta dit etter feilslåtte opprør. Fleire radikale japanarar støtta dei republikanske kinesarane. Ein nemner òg at han kritiserte den japanske politikken overfor Kina, og oppmoda landet om å jobbe for ei frigjerjing av folk i Asia, heller enn å velje ein «erobringsveg» (*shinryaku no michi*) som dei vestlege stormaktene.

²¹⁹ Ibid., s. 202, 204-205 – Japan returnerte eitt av områda til Kina i 1920-åra, men heldt «interessene» sine i ei rekkje andre.

²²⁰ Ibid., s. 205 – japanske kolonimyndigheiter anerkjente mellom anna eit utval av koreanarane sine politiske rettar, men assimileringlinja gjorde at motstanden heldt fram.

miljøproblem²²¹ og arbeidskonflikter,²²² utfordringar det tok si tid å finne gode løysingar på – men kor det vart kjempa for betring både frå grasrota og (delar av) eliten. Protestar mot regjeringa i 1912 utgjør startskotet for ein periode fram til slutten av 1920-åra kor landet vart meir demokratisk, og organisasjonslivet meir aktivt – her syner forteljinga at det japanske folk ikkje manglar evna og viljen til å engasjere seg politisk, men at myndigheitene fungerte som ein bremsekloss. Perioden toppa seg med innføringa av allmenn røyserett i 1925, som firedobla talet på røysteføre borgarar, men kvinner var ikkje blant dei.²²³ Vidare ramma eit jordskjelv Tokyo og Yokohama i 1923, ei hending som både syner at japanarar kunne la seg rive med av ondsinna, framandfiendtlege rykter og samstundes at landet visste å skape ein mogelegheit ut av ei katastrofe.²²⁴

Relasjonane mellom stormaktene var gode gjennom 1920-åra fram til 1929. Dei økonomiske nedgangstidene svekka tilliten folk hadde til «partipolitikarane» og demokratiet, og dei proteksjonistiske tiltaka til mange av stormaktene fekk land med få koloniar, inkludert Japan, til å ønskje seg tilsvarande økonomiske sfærer. Samanbrotet av «den internasjonale orden» (*kokusai kyouchou no taisei*) som no følgde får store og negative konsekvensar både for demokratiet og freden i regionen og internasjonalt.²²⁵ I det heile kan perioden frå 1929 til 1945 lesast som ei *negativ* eksemplarisk forteljing.

Etter to lagnadstunge attentat mot liberale japanske statsministarar i 1930 og 1932, var tida med partiregjeringsar omme. Dei neste kring 15 åra var prega av ekspansjon og krigføring, og mykje av befolkninga, som sleit i dei tøffe økonomiske tidene, ønskte dette velkomen, i alle fall i byrjinga, med invasjonen av Mandsjuria i 1931.²²⁶

²²¹ Ein kortfatta omtala av desse i brødteksten inneheld ei oppmoding om å gå til sideforteljinga for meir informasjon (Ibid., s. 182). I denne fortel ein om dei mest kjende kjelda til miljøproblem på denne tida. Forureining frå den store Ashio-gruva øydela livsgrunnlaget til lokalbefolkning, og ein lokalpolitikar, *Tanaka Shouzou*, gjorde myndigheitene merksame på dette, og ei rørsle som ville ha erstatningar og ønskte seg ein stans i gruvedrifta vokste. Gruvedrifta heldt fram med å gjere skade, til tross for at ein tok grep, og lokalbefolkninga hamna i handgemeng med politiet. I 1956 fekk ein omsider “løyst” problemet grunna teknologiske framsteg. Liknande problem oppsto fleire stader i Japan, men Ashio-problema vart eit symbol på miljøproblema i Japan (Ibid., s. 192).

²²² Ibid., s. 183 - det vart vedteke fleire lover for å få bukt med barnarbeid og avgrense arbeidsdagane, men desse hadde avgrensa suksess: ei rekkje unntak i reglementet gjorde at ein «ikkje eigentleg såg ei betring i situasjonen til arbeidarane» - *roudousha no okareta joukyou wa nakanaka kaizenshimasendeshita*.

²²³ Ibid. s. 183, 206-207, 208-209 – både *burakumin*- og *aino*-minoritane danna egne interesseorganisasjonar på denne tida. Ein «fredsbevaringslov» (*chian ijihou*) vart vedteke samstundes, og skjerpa undertrykkjinga av kommunistar. Den politiske venstresida hadde vanskelege kår. Det første japanske sosialistpartiet vart danna i 1901, men vart umiddelbart oppløyst av myndigheitene. Eit plott om å drepe keisaren vart avdekt i 1910, og 12 sosialistar vart dømt til døden. «I dag veit vi at mange av desse var uskuldige» - *genzai de wa, oooku no hito wa mujitsudatta koto ga wakatteimasu*.

²²⁴ Ibid., s. 211 – opp av ruinene steig ein moderne storby – jordskjelvet feia bort det gamle.

²²⁵ Ibid., s. 212-213 -

²²⁶ Ibid., s. 216-217, 219 – den første av desse statsministarane var tilhengar både av å betre relasjonane til dei kinesiske nasjonalistane, som arbeidde med å samle Kina, og av internasjonalt samarbeid. Under han inngjekk Japan ein nedrustingsavtale med USA og Storbritannia i 1930.

2.11 Frå Mandsjukuo til Hiroshima

Invasjonen og opprettinga av lydriket Mandsjukuo førte til at Japan vart «internasjonalt isolert» (*kokusaitekina koritsu*). Økonomien kom seg relativt raskt på fote att grunna opprusting og verksemd i nyeroobra områder. Den vidare krigen mellom Japan og Kina starta etter eit «samanstøyt» mellom kinesiske og japanske styrker utanfor Beijing i 1937, og «Nanjing-episoden» fann stad i den dåverande kinesiske hovudstaden seinare same året. Den kinesiske regjeringa, som vart støtta av USA og Storbritannia via «Jiang-hjelperuta», flytta hovudsetet lenger inn i landet. Krigen heldt fram, og både i Japan og landet sine koloniar fann det stad storstilt mobilisering og einsretting.²²⁷

I denne perioden handlar Japan på eit vis som gjer at landet til slutt sit at som okkupert og ihelbomba, noko som bryt med tidlegare handlingsmønstre i omgang med omverda. Kva skuldast dette? Utan at eg skal overdrive denne forteljinga si fordeling av «skuld» for denne utviklinga i Japan sitt disfavour, er det her dei vestlege statane som riv ned den internasjonale ordenen etter 1929, og som tidleg på 1940-talet innfører ein «ABCD-blokade»²²⁸ - eit propagandaomgrep frå krigsåra som nyttast i brødteksten (kor altså også Kina, offer for japansk aggresjon, er inkludert). Med dette går omverda langt i å avgrense Japan sitt handlingsrom.

Japan havna raskt på defensiven i krigen mot vestmaktene, og frå mars 1945 vart japanske byar «teppebomba». Media og innsatsen til forfattarar og kunstnarar sørga for å halde kampmoralen oppe, delvis med å halde sanninga skjult. Japansk framferd i erobra område var brutal, og innbyggjarane her byrja gradvis å «miste håpet dei hadde overfor Japan». Det japanske leiarskapet fortsatte krigen «sjølv etter at moglegheitene for siger var tapt». Militæret nytta det vi kjenner som *kamikaze*-åtak under slaget om Okinawa, kor ein òg dreiv folk til å begå kollektivt sjølv mord. ¼ av befolkninga på Okinawa mista livet i dette slaget. Salget var over den 23. juni, ein dato som markerast som «dagen for å trøyste dei døde» (*Irei no Hi*).

Japanske motvilje mot å gå med på ei vilkårslaus overgjeving, førte til atombombinga av landet og den sovjetiske invasjonen av Mandsjuria og Korea. Kort tid overgav Japan seg. Den 15. august tala keisaren i radioen. Den andre verdskrigen var over.

2.12 Etterkrigstida

Lidingane til vanlege folk, japanarar og andre, var ikkje over med dette, men ein var innstilt på å ta fatt på gjenreisingsarbeidet,²²⁹ og responderte positivt på grepa allierte okkupantar tok for å «demokratiserere»

²²⁷ Ibid., s. 220-221, 222

²²⁸ Ibid., s. 225 – eit akronym: American, British, Chinese og Dutch.

²²⁹ Ibid., s. 242-243 - Mange japanske soldatar hamna i Sibir som krigsfangar, foreldreause japanske barn vart etterlatt i Kina og mange koreanarar mista sine japanske statsborgarskap, men fekk likevel ikkje returnert til Korea.

(*minshuka*) landet.²³⁰ Japanske myndigheiter kom til kort i oppgåva med å utforme ein ny grunnlov,²³¹ som til slutt vart til gjennom eit (indirekte) samarbeid mellom okkupantane og japanske organisasjonar. Den nye grunnlova var tufta på *folkesuverenitet, menneskerettar og pasifisme*.²³²

Den kalde krigen fekk okkupantane til å vektleggje økonomisk gjenreising foran demokratisering og de-militarisering, og ein økonomisk oppgangsperiode følgde japansk produksjon av krigsmateriell under Korea-krigen.²³³ Japan inngjekk ein fredsavtale med *somme* av sine tidlegare fiendar i 1951 – og inngjekk samstundes ein sikkerhetsavtale med USA.²³⁴

Relasjonen til USA er ei kjelde til konflikt i det moderne japanske samfunnet i denne forteljinga. Usemja om denne relasjonane vedvarer inn i vår tid,²³⁵ og eksempla er mange.²³⁶

Forteljinga om dei første drygt 50 åra etter krigen handlar om politisk stabilitet, stor økonomisk vekst og at Japan rehabiliterast internasjonalt, mellom anna ved å normalisere relasjonane til fleire asiatiske land.²³⁷ Dei siste tiåra er derimot ei forteljing prega av at denne stabiliteten *ikkje lenger er der*.²³⁸ I nabolaget til Japan er det opptil fleire utfordringar, både knytt til det særleg utfordrande tilfellet Nord-Korea, men òg dei ulike territorialtvistene mellom Japan og fleire naboland.²³⁹ Kina har teke Japan sin

Dagleglivet var prega av varemangel, arbeidsløyse og underernæring, men «borgarane arbeidde iherdig og dedikerte seg til ei gjenreising av økonomien» - *kokumin wa kenmeini hataraki, keizai no fukkou ni tsutomemashita*.

²³⁰ Ibid., s. 245 – organisasjonslivet såg fornya aktivitet.

²³¹ Ibid., s. 244 – i utkastet frå japanske myndigheiter «hadde ein ikkje gjort anna enn å gjere små endringar i den gamle grunnlova» – *Dai-Nippon teikoku kenpou wo tenaoshishita mono ni sugimasendeshita*.

²³² Ibid., s. 244

²³³ Ibid., s. 248 - arbeidarrørsla, som var særskild aktiv dei første etterkrigsåra, fekk det tøffare.

²³⁴ Ibid., s. 248-249 – fleire av dei asiatiske landa Japan hadde invadert deltok ikkje på signeringsseremonien i San Fransisco.

²³⁵ Ibid., 260 – i dagens Japan er meiningane delte om støtte til amerikanske militæroperasjonar og amerikanske basar i landet.

²³⁶ Ibid., s. 249, 251 – radioaktiv stråling etter ei amerikansk atomprøvesprenging ramma ein japansk fiskarbåt, ei hending som var startskotet for den japanske rørsla mot atomvåpen. Tryggleiksavtalen med USA og danninga av eit nytt forsvar (*jieitai*) vart kritisert av fleire, og i 1960 demonstrerte mange i Tokyo mot ei fornying og revidering av tryggleiksavtalen. Mange på Okinawa vart skuffa over at amerikanske basar vart verande sjølv etter at den amerikanskje okkupasjonen var over i 1972.

²³⁷ Ibid., s. 249, 250-251, 254-255 – gjennom 38 år frå 1955 sat Det liberaldemokratiske partiet (*Jimintou*) med regjeringmakta, medan sosialistpartiet var det største opposisjonspartiet. Denne fenomenet kallast «1955-systemet». Japan vart medlem av FN i 1956 etter å ha normalisert relasjonane til Sovjetunionen. Relasjonane til (Sør-)Korea og Folkerepublikken Kina vart normaliserte på 1960- og 70-talet. Perioden frå 1955 til 1973 er «høgvekstperioden» (*koudokeizaiseichou*) i historia om japansk økonomi, ein økonomi som kom seg raskt etter oljekrisa, då ein i større grad byrja å produsere høgteknologiske produkt.

²³⁸ Ibid., s. 260-261 – «1955-systemet» fall saman på 1990-talet, då partiet mista tillit grunna korrupsjonsskandalar. Den japanske økonomien er ikkje det den ein gong var, og skilnadane mellom folk og mellom by og land er aukande.

²³⁹ Ibid., s. 260, 253-253 – Nord-Korea utgjer både ein atomtrussel, men har òg utgjort ei fare mot enkeltjapanarar gjennom opptil fleire bortføringar. Territorialtvistene gjeld *Takeshima*-øyene (med Sør-Korea), *Senkaku*-øyene (med Kina) og *Hoppouryoudo*, “Nordområda” (Kurilene, med Russland). Ei sideforteljing stadfester Japan sine historisk funderte rettar til alle desse territoria.

tidlegare plass som verdas nest største økonomi - men den økonomiske veksta er ikkje utan baksider.²⁴⁰ Med teksten om dette følgjer det for øvrig eit talande bilete.²⁴¹ I den nye forteljinga tek altså Japan og nabolanda uoppgjorte problem med seg inn i ei uviss framtid.

Det er ei usikker framtid forteljinga legg opp til, både nasjonalt og internasjonalt, men det er ikkje for seint å snu negative utviklingar - framtida er *open*, men det krevjer innsats frå borgarane. Nasjonale utfordringene kan løysast med mellom anna valdeltakelse,²⁴² og dei mange globale utfordringane fordrar eit medvit om globalt borgarskap. Historia har gjeve Japan ei rekkje erfaringar som gjer landet godt rusta til å bidra internasjonalt, som i arbeid med atom- og anna nedrusting, og i arbeidet med å skape eit «berekraftig samfunn» (*jizokukanouna shakai*).²⁴³

2.13 Oppsummering

Eg skal som nemnt kome med ein lengre diskusjon om dette og alle dei andre læreverka i avslutninga av oppgåva, men i analysen av denne har eg allereie nemnt kva forteljingsmønster eg meiner denne forteljinga kan seiast å kjenneteiknast av. Eg meiner i tråd med dette at dette er ei forteljing sentrert kring ei spenning mellom dimensjonane *innland-utland* og *folk-elite*, der ein mellom anna fortel fram forteljinga om ein nasjon – og ein nasjonal elite – som gjennom historia *svarar* på utviklingar ute ved å foreta endringar *inne*; Når verda endrar seg, endrar Japan seg med ho. I forteljinga som kretsar kring dimensjonen *folk-elite* ser ein ei forteljing om ei utvikling fram til eit tilvære for den jamne japanar har ein stor grad av medråderett, og oppmodast til å nytte nettopp denne for å *bevare* og *trygge* ulike aspekt ved det japanske samfunnet – samt, gjennom ein aktiv praktisering av eit «globalt borgarskap», skape ei ny og berekraftig verd.

Dei følgjande tre kapittela vil vere langt mindre i omfang, då eg i desse verka ser sær

²⁴⁰ Ibid., s. 259 – Kina, «verdaskaberi» (*sekai no koujou*), vart i 2010 verdaskaberi største økonomi då landet tok forbi Japan. Men «baksida» (*hanmen*) av suksessen fortel om store skilnadar mellom fattig og rik og alvorlege miljøproblem.

²⁴¹ Ibid. – biletet er av Deng Xiaoping som får ei omvising på ein japansk fabrikk seint på 1970-talet – rollene er snudd på hovudet frå tidlegare; her overleverer den tidlege «eleven» Japan sin gamle læremeister verdifulle kunnskapar som kjem godt med i utviklinga av nasjonen.

²⁴² Ibid., s. 262-263 - naturkatastrofene i 1995 og 2011 aktualiserte spørsmål knytt til tryggleik og energi, og synte dei sterke banda mellom menneska i dei ramma områda og viktigheten av frivillig innsats – ein innsats ein bør overføre til andre område. Arbeidet med å eliminere diskrimineringa av landet sine minoritetar og trygge levevilkåra til sårbare grupper, angår alle. Økonomisk vekst bør følgjast av ein innsats for å skape eit velferdssystem som gir folk trygge liv. Politisk aktivitet er ein føresetnad for å oppnå dette. Japan er framleis eit samfunn kor til dømes både burakumin- og aino-minoriteten diskriminerast, og ei utfordringa med ei låg fødsels- og dødsrate bør møtast av eit velferdssystem, og skal dette kome på plass, må folk engasjere seg politisk

²⁴³ Ibid., 263, 270-271, 273-274 – som einaste nasjon som har vore offer for atomåtak, har Japan engasjert seg i nedrustingsarbeid. Lesarane oppmodast om å nytte landet si erfaring med naturkatastrofer i arbeidet med å skape eit «berekraftig samfunn» (*jizokukanouna shakai*) for framtidige generasjonar. Usemjer mellom i- og u-land gjer det vanskeleg å einast om løysingar som kan hindre klimaendringar.

mykje av det same som i dette verka – dei fortel alle eigentleg den same *grunnforteljinga*. Dei er likevel ulike i kor *tydeleg* dei fortel fra dei ulike forteljingsmønstra denne forteljinga består av, og det er desse *skilnadane* eg i stor grad difor ønskjer å peike på i dei neste kapittele.

3 新しい社会・歴史

«Nytt samfunn – historie» (NSH 1) - 1996

3.1 Store likskapa, ulike framtider

I denne eldre utgåva av læreverket legg ein ikkje berre opp til ei anna framtid enn ein gjer i den nye, men delar av fortida ser òg annleis ut – på somme vis er den *enklare*, på andre vis meir *komplisert*. 1990-talslæreverkene har eit mindre format enn dei nye, og ein har difor ikkje hatt den same moglegeheiten til å fylle margene med informasjon. Mykje informasjon som er plassert i margene i den nye utgåva, er difor å finne i brødteksten i denne, men mykje er òg sjalta heilt ut.

3.2 Dei første japanarane

Dette verket er utprega «nasjonal» i terminologien knytt til *stad* og *folk* på eit tidleg tidspunkt i forteljinga, og nyttar til dømes namnet «Japan» (*Nihon*) om øygruppa då den nemnast for første gong.²⁴⁴ I tillegg nyttast omgrep som «prototypen på japanarar» (*nihonjin no genkei*) og «japanar» (*nihonjin*) om dei tidlegaste og litt seinare menneska på øyene.²⁴⁵ Forteljinga lukkar og definerer denne sentrale kategorien i historia om det japanske særst tidleg, både etnisk og kulturelt, og etablerer ein kontinuitet med notida, og kan seiast å fungere som ei *opprinningshistorie*.

Her forteljast det fram ei enda tydelegare «guldålder» enn den nye utgjevinga, hovudsakleg gjennom orda ein har valt. Dei første samfunna på dei japanske øyene er her «velsigna» (*megumareteita*) med mat frå naturen,²⁴⁶ og i teksten slår ein eksplisitt fast at samfunna òg var prega av utbreidd sosial likskap.²⁴⁷

Vi skal sjå at nærast alle forteljingane handsamar overgangen til perioden kor ein «kultur med nasjonale karakteristikk» (*kokufuu bunka*) på meir eller mindre same vis, men at det er

²⁴⁴ Altså i samband med den første migrasjonen frå det asiatiske kontinentet (NSH 1, 1996, s. 9). Dette skjer *kronologisk sett* til riktig tid; etter ein kort gjennomgang av opphavet til menneskeslekta, og før ein gjennomgang av dei første sivilisasjonane (Egypt, Mesopotamia, Indusdalen og Kina) (Ibid., s. 15-22) I den nyaste utgåva nyttast *Nihon* først frå 600-talet, då det faktisk vart teke i bruk (NSH 2, 2018, s. 41).

²⁴⁵ NSH 1, 1996, s. 12 – gjennom «prototypene» si «blanding» med seinare migrantar «vart i løpet av mange år japanarane, med eit felles språk og ein felles kultur, til» - *nagai toshitsuki no aida ni, koutsuu no kotoba ya bunka wo motsu nihonjin ga dekiteita to kangaerareru*.

²⁴⁶ Ibid., s. 11

²⁴⁷ Ibid., s. 12 - «ein ser føre seg at det nærast ikkje eksisterte ein skilnad på fattige og rike enda.» - *mada hinpu no sa wa hotondo nakatta to omowareru*.

subtile skilnadar å spore i mellom anna ordvalet. I dette verket er det tydelegare at det kontinentale, sjølv om det utgjer eit *uunverleg* grunnlag for utviklinga av ein nasjonal kultur, eigentleg ikkje er *eigna* til å uttrykke og formidle «det japanske». ²⁴⁸ Dette utgjer eit anna sentralt opprinningsselement i denne nasjonale forteljinga. Ein slik *nasjonal* terminologi er vidare synleg i forteljinga om det første keisardømet, kor «den japanske verkelegheiten» framtvang endringar i den importerte statsforfatninga. ²⁴⁹

Elles liknar mykje av dette verket si forteljing om japansk kulturutvikling på det ein finn i det nye verka, men med ein vesentleg skilnad: Her ender ikkje forteljinga på ein stad kor Japan nærast er eit kulturelt fyrtårn verda flokkar seg kring.

3.3 Europa – ein tidleg målestokk

Dette verket fortel i større grad enn det nye om utviklinga i (i all hovudsak) Europa, Amerika (etter at europearane hadde kome dit) og Aust-Asia, også der denne utviklinga ikkje kan knyttast til samtidige eller nært føreståande hendingar i Japan. I det nye læreverket har ein vore meir selektiv, og kan samstundes seiast å vere mindre «eurosentrisk» enn det eldre. ²⁵⁰

Dette 1990-talsverket fortel til dømes, i omtalen av kinesiske nyvinningar på 1100-talet, at Kina “låg lenger framme” enn Europa på det tidspunktet - ei implisitt *forventing* om at Europa nærast *alltid* har vore verdsleiande når det gjeld nyvinningar, noko ein tydelegvis ser det som naudsynt å opplyse lesarane om at verdsdelen ikkje har. ²⁵¹ Mange av desse nyvinningane nemnast att i samband med at ein i Europa i år 1500 “forbetra” (*kairyō*) mykje “som allereie hadde blitt oppfunne i Kina”. ²⁵² Her er det òg europearane sin innsats som byrja prosessen med å «sameine verda» gjennom handel og oppdagingar. ²⁵³ Fokuset på Europa er tydeleg eit par stader

²⁴⁸ Ibid., s. 56-67 - den nasjonale kulturen som no utvila seg, var “tilpassa dei andelegge eigenskapane og kjenslelivet i Japan” - *Nihon no fuudo ya seikatsu kanjou ni atta bunka...* Den japanske stavingsskrifta var ei av dei fremste nyvinningane i denne perioden, då den gjorde det mogeleg å “formidle kjenslene til folk” - *hitobito no kanjou wo kakiarawaseru youninaru...*

²⁴⁹ Ibid., 1996, s. 52 - *Nihon no jitsujou ni awasete sukoshizutsu kaeteitta.*

²⁵⁰ NSH 2, 2018, s. 136-137

²⁵¹ Ibid., s. 63 - i overgangen til den japanske mellomalderen opplyser boka om at ein samstundes utvikla eit rasjonelt eksamineringssystem for byråkratiet sitt i Kina, og at landet stod for eit rekkje nyvinningar (som krutt, kompasset og boktrykkerkunsten), som dei “tok i bruk før Europa” - *Yooroppa ni sakigakete jitsuyoukasare...*

²⁵² Ibid., s. 106 - *Chuugoku de saki ni hatsumeisareteita...*

²⁵³ Ibid., s. 111-112 - eit kart syner korleis verda vart sveisa saman gjennom europeiske oppdagingar, erobringar og handelsverksemd i løpet av dei neste århundra.

vidare i læreverket, i korte forteljingar ein ikkje finn i den nye utgjevinga.²⁵⁴

3.4 Imperialisme

Forteljinga om japansk krigs- og koloniseringsinnsats mot ulike naboland frå 1500- til 1900-talet er tydeleg *kritisk* i dette læreverket. Her har omverda *ingenting* å tene på møta med den japanske staten fram til 1945.²⁵⁵ Vidare sporar ein kimen til moderne japansk imperialisme lenger tilbake i tid i dette verket enn i det nyaste.²⁵⁶ Den japanske assimileringspolitikken i Korea er her forteljinga særst inngrepande og øydeleggjande – den «stal koreanarane sin stoltheit og sjølvmedvit som folk»,²⁵⁷ men verket inneheld òg ei forteljing om japanarar som sympatiserte med koreanane sin motstandsinnsats og ønskte å bevare koreanske kulturprodukt.²⁵⁸ Her eksisterer med andre ord tydelege, kritiske røyster i det imperialistiske Japan.

Verka skil seg som venta frå kvarandre i handsaminga av perioden mellom åra 1931 og 1945, mellom anna når det gjeld hendingane i Nanjing i desember 1937.²⁵⁹ Vidare nyttar ein her ikkje propagandaomgrepet «ABCD-blokaden» i forteljinga om opptakten til krigen mellom Japan og vestmaktene – og gjev dimed ikkje eit like sterkt inntrykk av at Japan var «krigsat av

²⁵⁴ I ei av desse legg ein ut legg ut om ulike sider ved «det moderne», som ideen om «fritid» (*rejaa* – frå det engelske «leisure») og om «kjernefamilien» (*kakukazoku*), som oppstod i det nyleg industrialiserte vesten. Vidare kan ein lese om skilnadane i daglegliva til familiane til borgarskapet og arbeidarklassen og at det no oppstod mange ulike idrettar – som ein kunne hygge seg med i fritida (Ibid., s. 173). Ei anna fortel om global økonomisk aktivitet og migrasjon. Ein seier mellom anna at den industrielle revolusjon (og kapitalismen) førte til forureining, og at folk no som transportmogelegheitene vart betre lettare kunne migrere mellom verdsdelane (s. 177).

²⁵⁵ I samband med dei japanske invasjonane av Korea på 1590-talet, fortel denne utgåva at det «mange menneske i Korea vart drepte i løpet av dei sju åra krigen varte» - *kono shichinen ni wataru tatakai de, Chousen de wa, ooku no hitobito ga korosareta* (Ibid., s. 119). Dette manglar frå den nyaste utgåva, som elles inneheld ei skildring som liknar den eldre (NSH 2, 2018, s. 109).

²⁵⁶ NSH 1, 1996, s. 179 - somme byrja allereie tidleg på 1800-talet å ta til orde for at Japan burde ekspandere utover eigne grenser.

²⁵⁷ Medan den nye utgåva seier at «(japanarane innførte) strenge restriksjonar på undervising (...) i koreansk historie» - *Chousen no (...) rekishi wo oshieru koto wo hageshiku seigenshi*,... (NSH 2, 2018, s. 180). I den eldre utgåva var dette «forbode» (*kinjirareru*), og gjennom assimileringa av koreanarane «stal ein frå dei deira stoltheit og sjølvmedvit som eit folk» - *minzoku no hokori to jikaku wo ubai*,... (NSH 1, 1996, s. 220).

²⁵⁸ Dei fleste japanarane fordømte sjølvstenderørsla i Korea sine aktivitetar. Men, sjølv om dei var fåtalige, var det somme i Japan som sympatiserte med den. Ein av desse var *Yanagi Muneyoshi* (Ibid., s. 245)

Desse menneska er òg omtalt i det nyaste verket, men med lita skrift i margin - ein må nærast leite med lupe (NSH 2, 2018, s. 211).

²⁵⁹ I denne utgåva står det følgjande (utan at japanarane og/eller japanske styrker nemnast som subjekt i setninga): «det seiast at kring 200 000 kinesarar, inkludert kvinner og barn, vart drepte (Najing-massakren)» - *fujoshi wo fukumu yaku nijuu man nin tomoiwareru chuugokujin wo satsugaishita (Nankin daigyakusatsu)* (NSH 1, 1996, s. 254). I den nye utgåva er talet på drepte «framleis ikkje er fastslått» - *imadani kakuteishiteimasen* (NSH 2, s. 2018, s. 220).

fiendar» (mellom anna Kina) som tvang landet til å angripe.²⁶⁰

Forteljinga om japansk krigføring og okkupasjonspolitikkk er utelukkande negativ,²⁶¹ og skildringar av japanske lidingar følgjast opp av ei skildring av skaden Japan gjorde på folk og eigedom på kontinentet, kor ein òg ser ein referanse til «trøystekvinnene» (*ianfu*).²⁶² Forteljinga om imperialismen avsluttast her med eit utsegn som gjer det klart at denne bør lesast som ei negativ *eksempelforteljing*, ei forteljing som syner dei øydeleggjande følgjene av ein imperialistisk og krigersk politikk.²⁶³ Forteljinga syner validiteten i dette utsegnet mot slutten av verket, der ein forklarar den enorme velstanden i det moderne Japan med at landet nettopp *ikkje* la ut på førkrigsvegen nok ein gong.²⁶⁴ Erfaringane frå andre verdskrig spelar vidare ei rolle vidare i forteljinga etter overgivinga i dette verket, mellom anna i samband om relasjonane mellom Japan og nabolanda.²⁶⁵

3.5 Eit demokrati mogeleggjort av utlendingar

I dette verket har reform- og demokratiseringsarbeidet til okkupantane tydeleg støtte i folket, og var soleis ikkje «framandt» og uønska.²⁶⁶ Den nye grunnloven representerer ei verkeleggjering av lange liberale og demokratiske tradisjonar i Japan, og prinsippa i den må hegnast om gjennom ein «ustoppeleg innsats» (*fudan no doryoku*) frå folket.²⁶⁷ Men medan japanarane sine

²⁶⁰ Den eldre utgåva fortel om den stadig meir omfattande embargoen mot Japan – som var eit svar på japansk aggresjon – men ein inkluderer ikkje Kina i denne innsatsen (NSH 1, s. 1996, s. 259).

²⁶¹ Under overskrifta «Illusjonen om «Den store austasiatiske sam-velferdssfæra»» (*Daitoua kyoeiken no maboroshi*) fortel ei sideforteljing om nokre av dei grovaste overgrepa gjort av japanske okkupantar, og at framferda deira ikkje var i tråd med propagandaen (Ibid., s. 261). Den andre sideforteljinga fortel detaljert om tvangsmobiliseringa av koreanarar (Ibid., s. 264).

²⁶² Ibid., s. 263 – «landet som ofra mest, var Kina» - *ooku no gisei wo dashita no wa Chuugoku de atta*. “Mange unge kvinner vart tvangssendte til fronten for å jobbe som “trøystekvinner”” - *juugunianfu toshite kyouseitekini senjou ni okuridasareta wakai josei mo tasuu ita*.

²⁶³ Ibid., s. 267 – «Japan måtte no reflektere over vegvala landet hadde gjort sidan Meiji-restaurasjonen, kor dei gjennom ein “rikt land, sterk hær”-politikk hadde ønskt å nå att og ta forbi vestlege stormakter og sjølv bli ei stormakt.» - *Meiji ishin irai, «fukokukyōuhei» de Oubei ni oitsukioikose to «taikoku» no micho wo tadottekita Nihon wa, sono shinro wo nemoto kara kentou suru koto wo semarareta no dearu*.

²⁶⁴ Ibid., s. 299

²⁶⁵ Ibid., s. 289I omtalen av normaliseringa mellom Japan og Folkerepublikken Kina, har ein her eit fokus på at Japan uttrykte “djup anger” for lidningane japanske krigshandlingar hadde forsårsaka hjå det kinesiske folk i landa sitt felles kommunike.

²⁶⁶ Ibid., s. 272-273 - i den vanskelege etterkrigstida var “det største håpet borgarane hadde (...) at Japan skulle bli gjenreist som eit fredeleg og demokratisk land.” - *koushita fuan no naka de, kokumin no ookina kibou to natta no wa, Nihon ga heiwa de minzokushugitekina kokka toshite saikensareru koto de atta*.

²⁶⁷ Ibid., s. 277 – her fortel ein om dei mange grunnlovstilkasta japanarar sjølve forfatta i den første etterkrigstida. Sjølv om okkupantane til slutt enda opp med å «tvinge» japanske myndigheiter til å vedta utkastet dei hadde forfatta, heile tida med eit auge på dei nemnte utkasta, inneheldt utkastet til okkupantane mykje det japanske folket hadde håpa på sidan «rørsla for fridom og borgarrettar» såg dagens lys på 1880-talet.

framtidshåp var i tråd med okkupantane sine interesser, var dette ikkje tilfelle i Korea.²⁶⁸

Men då okkupantane sine prioriteringar internasjonalt endra seg, endra dei okkupasjonspolitikken også: Dette verket syner i større detalj enn det nye konsekvensane av den endra politikken til okkupantane i lys av den kalde krigen, då til dømes leiarskikkelsar frå krigsåra vart teke inn i varmen att.²⁶⁹ Med dette gjer denne forteljinga det tydeleg at delar av førkrigs- og krigstidsstaten overlevde nederlaget – krefter som gjer det enda meir naudsynt at «folket» verner om den nye grunnlova si.

3.6 Framtida og oppsummering

Over dei siste sidene i læreboka definerast og forfektast konseptet «globalt borgarskap» (*chikyuu shimin*) overfor lesarane; eit globalt medvit er naudsynt om *verda* skal klare å takle alle sine utfordringar,²⁷⁰ og når det gjeld noko er vi her på *på rett veg*.²⁷¹

Asia blir stadig meir integrert,²⁷² og Japan har berre éi territorialtvist – som det forteljast om i margin i lita skrift.²⁷³ Vidare anar ein at Kina snart kan kome til å hevde seg internasjonalt, då område av landet opplev hurtig økonomisk vekst og utvikling.²⁷⁴ Krigserfaringa aktualiserast i avslutninga av forteljinga, både fordi ein innsats for *forsoning* med ofra for japansk aggresjon framleis er aktuell, 50 år etter, og fordi Japan er velegna til å sikre *freden* med å verne om sin grunnlovsfesta pasifisme. Den fredlege linja Japan har følgd har mogeleggjort velstanden i etterkrigstida; Japan har ikkje nok ein gong sikta seg inn på å bli ei militær stormakt.²⁷⁵

Etter å ha lese dette læreverket, er det først og fremst forteljinga si avslutning – og biletet

²⁶⁸ Ibid., s. 280 - “folk i Korea sitt ønskje om sameining vart ingen realitet grunna motsetnadene mellom USA og Sovjetunionen.” - *Chousen no hitobito no touitsu no negai wa, Bei-So tairitsu no tame ni jitsugensezu...*

²⁶⁹ Ibid., s. 282

²⁷⁰ Ibid., s. 295, 296-297, 298-296 - som utfordringar som miljøproblem (ødeleggjing av ozonlaget og global oppvarming), brot på menneskerettar og problem knytt til krig og fred. Dette er utfordringar «(vi) må jobbe saman for å finne ei løysing på» - *kyouryokushite kaiketsushinakerebanaranai mondai de aru.*

²⁷¹ Ibid. - mange land lova å (prøve å) løyse globale miljøproblem i fellesskap under Rio-konferansen i 1992, og innsatsen mot brot på menneskerettane styrkast stadig. Dei mange erklæringane og konvensjonane til FN har tydeleggjort kor viktig eit vern om grunnleggjande menneskerettar er for folk over heile verda.

²⁷² Ibid., s. 297 – land knyter seg til kvarandre gjennom organisjonar som ASEAN og APEC.

²⁷³ Ibid., s. 284 – usemja om Kurilene sin status stod i vegen for ein fredsavtale mellom Japan og Sovjetunionen i 1956.

²⁷⁴ Ibid., s. 297 – “Vidare syner også kystregionane av Kina hurtig økonomisk vekst” – *mata Chuugoku mo enganbu wo chuushin ni kyuusokuna keizai seichou wo miseteiru.*

²⁷⁵ Ibid., s. 298-299 – «Medan vi i dag tenkjer tilbake på den imperialistiske perioden, kan vi, som både japanske og “globale” borgarar, tenkje over korleis vi kan bidra med vårt på vegen mot eit globalt samfunn.” – *watashitachi wa, sonokoto wo omoikaeshinagara, nihonkokumin toshite, douji ni «chikyuuashimin» toshite, chikyuuushakai ni koukensuru michi wo kangaeteikitai.*

som målast av kva verda Japan her eksisterer i og kva framtid som venter landet – som skil seg frå den nyare utgjevinga. Her herskar ein annan tryggleik, velstand og stabilitet, og forteljinga sin påstand om at den imperialistiske og krigerske vegen var ein utviklingsmessig «blindveg», og at ein berre ved å oppgi denne kunne oppnå velstand og fred, er særst meiningsfull.

4 社会科・中学生の歴史

Historielærebok for ungdomsskuleelevar (HUE 2)

godkjent 2015, første opplag (januar 2016)

4.1 Mykje likt – noko ulikt

I si utforming er dette læreverket påfallande likt den nye utgåva av «Nytt samfunn – historie»,²⁷⁶ ein likskap som jamt over preger hovudforteljinga òg. Likevel er det skilnadar å spore i brødteksten, skilnadar som blir enda tydelegare om ein inkluderer det ein finn utanfor denne.²⁷⁷

4.2 Den jamne japanar

I dette verket er eit breiare spekter av «vanlege menneske», særleg kvinner, men òg eldre og barn,²⁷⁸ representerte i forteljinga om den jamne japaner sin veg mot fridom, medråderett og jamstilling. Til saman fortel dette verket ei eiga forteljing om kvinna si stilling i det japanske samfunnet gjennom historia, ei forteljing som følgjer ei mindre rett kurve oppover – også inn i moderne tid – enn den om den jamne japanske mannen.²⁷⁹

Dette læreverket fortel òg at kvinner var tydelege i kampen for jamstilling gjennom deltaking i «rørsla for fridom og borgarrettar» (*jiyuuminken undou*) på 1870- og 80-talet – eit prosjekt som ikkje bar frukter i denne perioden.²⁸⁰ Rørsla omfattar vidare politiske parti danna av fattige bønder,²⁸¹ og framstår i det heile teke meir som eit folkeleg prosjekt enn den manns- og elitedominerte rørsla det forteljast om i «Nytt samfunn – historie» (2018); arbeidet med å skape

²⁷⁶ På somme av sidene i verka er illustrasjonane og layouten nærast identisk (Sjå t.d. NSH 2, 2018, s. 176-177 og HUE 2, 2016, s. 178-179).

²⁷⁷ Verka skil seg frå kvarandre i deira forteljingar om den jamne japanar, dei etniske og sosiale minoritetane i samfunnet, omgangen med utlandet, og i kva grad ulike japanske regionar er representerte. Forteljingane er òg ulike når det gjeld kva framtider dei legg opp til.

²⁷⁸ HUE 2, 2016, s. 75 - i dei nære relasjonane mellom eldre og barn i det japanske mellomaldersamfunnet fann det stad utveksling av kunnskap og visdom frå dei eldste til dei yngste, medan dei unge og friske hjalp dei eldre å fysiske klare seg gjennom kvardagen.

²⁷⁹ Kvinner innanfor eliten i krigarsamfunnet hadde arverett på «forpaktar»-stillingar (*jitou*) (Ibid., s. 57), noko den andre nye læreboka òg nemner (NSH 2, 2018, s. 71, 73). Vanlege kvinner hadde mange rettार, som til dømes arverett, og i enda tidlegare tider fekk barn etternamna til sine mødre, og måtte ha deira løyve til å gifte seg. Mange kvinner gjorde det vidare bra innanfor handel gjennom mellomalderen (HUE 2., 2016, s. 75). Kvinna sin posisjonen endra seg på 1600-talet, då kvinner vart underordna menn. I denne perioden spreidde ideen om at kvinner til ei kvar tid skulle underordne seg næraste mannlege slektning/ektefelle seg – *dansonjohi* (Ibid., s. 117).

²⁸⁰ Ibid., s. 175 – grunnloven gav ikkje kvinner røyserett, og i 1890 vart det *forbode* for kvinner å engasjere seg i politisk aktivitet. Den nye “privatloven” (*minpou*) heldt fast på den diskriminerande ordninga frå Edo-æraen.

²⁸¹ Ibid., s. 173. I NSH 2 nemner ein denne aktiviteten berre indirekte, som ei kjelde til «opprør», hovudsakleg i margin (NSH 2, 2018, s. 172).

eit liberalt, demokratisk og solidarisk Japan er her ei oppgåve som involverer mange. Vidare fortel ein at somme japanarar som sleit med å få endene til å møtast i det nye Japan valde å emigrere,²⁸² noko som i enda større grad kompliserer den allereie kompliserte forteljinga om det moderne Japan si framvekst.

Både «Historielærebok for ungdomsskuleelevar» (2016) og «Nytt samfunn – historie» (2018) fortel ei forteljing om jamstilling mellom kjønna i marginen mot slutten av forteljinga, men en er meir omfattande i førstnemnte enn i sistnemnte. Denne fortel om arbeidet for jamstilling av kjønna – ei oppgåve ein altså ikkje kunne leggje frå seg etter at den juridiske jamstillinga kom på plass etter den andre verdskrigen. Gjennom perioden med høg økonomisk vekst vart kvinner bedne om å halde seg heime og vere husmødre på fulltid etter å ha gifta seg.²⁸³

4.3 Etniske og sosiale minoritetar

I dette verket kan ein sjå referansar til dei seinare japanske områda i nord og i sør i *brødteksten* allereie i forteljinga om den japanske urtida.²⁸⁴ Det forteljast at sjølv om samfunna her utvikla seg i andre retningar enn samfunna på dei japanske øyene, som at dei heldt fram å leve som jegarar og samlarar etter at det japanske majoritetssamfunnet byrja med jordbruk, så tyder *ikkje* dette at menneska her var isolerte og inaktive.²⁸⁵ Dette verket understreker både det *ikkje-japanske* og uavhengige ved desse samfunna, som det andre verket kan gi uttrykk for nærast ikkje eksisterte før dei «vart til» gjennom møter med majoritetssamfunnet – dei kjem først inn i forteljinga omtrent samstundes som japanarane byrjar å syne ei interesse for områda. Dei nemnast òg, riktig nok i marginen, i samband med dei mongolske invasjonane, som også ramma desse områda.²⁸⁶

Også her fortel ein at majoritetssamfunnet si framferd overfor både ainoane og befolkninga på Ryukyu (og seinare Okinawa) gav bebuarane her lite. Det skapast til dømes eit langt meir detaljert bilete av misnøyen til ainoane enn det forteljinga i «Nytt samfunn – historie»

²⁸² Ibid., s. 187 - i første rekkje til Hawaii og USA, seinare til Brasil.

²⁸³ HUE 2, s. 254, NSH 2, s. 263.

²⁸⁴ Ibid., s. 23 - her heldt ein fram å leve som jegarar og samlarar, i eit tid då våtris-jordbruk spreidde seg over store delar av det framtidige Japan elles.

²⁸⁵ Ibid., s. 25 – dei var bokstaveleg tala aktivt handlande, mellom anna med kvarandre. Ein har funne produkt frå dei sørlege Okinawa-øyene på Hokkaido i nord.

²⁸⁶ Ibid., s. 62-63

(2018) gjer,²⁸⁷ og her fortel ein i brødteksten detaljert ei *kritisk* forteljing om kva den seinare assimileringa av aino-befolkninga innebar, ein assimileringssinnsats med aktiv bruk av tvang.²⁸⁸

I verket si handsaming av staten si inkorporeringa av Okinawa, forteljast ein derimot at ønsket om assimilering òg var å finne i lokalbefolkninga²⁸⁹ - skulle ei innlemming først finne stad, ønskte folk her seg *dei same rettane* som befolkninga på hovudøyene. Vidare inneheld dette ei særskild detaljert sideforteljing om lidningane til innbyggjarane på Okinawa i 1945, lidingar det japanske militæret òg har eit tydeleg ansvar, som stod for ugjerningar som til tider retta seg mot det «okinawiske» ved befolkninga her.²⁹⁰

Det siste vi får høyre om ainoane i denne forteljinga, er å lese i ei margforteljing mot slutten. Her fortel ein at fleire aino-relaterte lovar vart vedteke på 1990- og 2000-talet, og med dette kjem forteljinga om dette folket på eit vis «i mål»: Dei har fått oppreisning.²⁹¹ Her skil verket seg frå «Nytt samfunn – historie» (2018), som nemner ainoane som éi av fleire grupper som er omfatta av det «store samfunnsproblemet» (*ookina mondai*) knytt til diskriminering og fordommar.²⁹²

Forteljinga om dei tidlegare kastelause, *burakumin*, sin kamp for fridom og jamstilling er i dette verket meir komplisert enn i «Nytt samfunnsfag – historie», då den jamne japanar spelar ei meir sentral rolle her:²⁹³ *burakumin* sine vanlege medborgarar spelar her ei uttalt rolle som

²⁸⁷ Ibid., s. 111 – gjennom eit bilete i margen syner ein her korleis ainoane gradvis fekk mindre ris for den same tørka laks.

²⁸⁸ Samstundes som ein ønskte å assimilere aino-befolkninga kulturelt, og gjere jordbrukarar av dei, ønskte ein *ikkje* at dei skulle bu på same område som busetjarar som kom frå hovudøyene. For å forhindre dette, tok regimet land frå ainoane og/eller tvangsflytta dei (Ibid., s. 169). Denne forteljinga er langt meir kritisk enn den (relativt omfattande) sideforteljinga ein finn i NSH 2 (2018, s. 234-235).

²⁸⁹ HUE 2, 2016, s. 168-169 – ein ønskte at japanske myndigheiter innførte det same skattesystemet på Okinawa som på hovudøyene, og at ein fekk delta i det politiske liv. Det japanske regimet innfridde dei nemnte krava i løpet av dei første tiåra av 1900-talet, og intensiverte den språklege og kulturelle assimileringa av samfunnet.

²⁹⁰ Ibid., s. 230-231 – her er det både handlingane til det japanske og amerikanske militæret som skapar lidningar. Befolkninga måtte gi frå seg landområde kor militæret kunne byggje basar, og tvunge til å jobbe i fabrikkar. Båtar som evakuerte barn og eldre var sunke av amerikanske ubåtar. Folk vart etter kvart tvunge til å gi frå seg mat til japanske soldatar og til å ta gruppesjølvmord, og somme vart drepte av hæren for *å ha nytta den lokale dialekten*, noko som var forbode.

²⁹¹ Ibid., s. 256 – ainoane sin interesseorganisasjon vart re-etablert etter krigen i 1946, og deltok i den verdsomspennande urfolk-rørsla som ønskte at desse folkegruppene skulle få anerkjent rettane sine. I 1997 vart det vedteke ein lov med eit mål om å fremme aino-kultur, og 1899-loven vart avskaffa. I 2008 vart det vedteke ein lov som gav ainoane status som urfolk.

²⁹² NSH 2, 2018, s. 262

²⁹³ Forteljinga om desse er, fram til moderne tid, meir eller mindre lik i dei to verka. Også her får vi høyre at det «skitne» arbeidet til forgjengarane deira, dei såkalla *kawaramono*, vart verdsatt (HUE 2, 2016, s. 83) og at dei seinare *eta* og *hinin* utførte særskilde viktige samfunnsoppgåver – og at somme vart riktig så velståande til tross for diskrimineringa dei opplevde (s. 117).

aktive *motkrefter* i denne minoriteten sin kamp mot diskriminering. Dette er eit tydeleg eksempel, ei negativ eksempelforteljing, om at *juridisk* jamstilling ikkje er einstyddande med reell jamstilling om ikkje det følgjer ei haldningsendring med.²⁹⁴

4.4 Omgang med utlandet, imperialismen og krigføring

I forteljinga om omgangen med iberiske handelsmenn og misjonærar på 1500- og 1600-talet, gjev dette verket eit tidleg eksempel på japansk «kultureksport», då ein listar opp ord portugisarane frå japansk²⁹⁵ - og at lån av ord dimed ikkje berre gjekk éin veg.

Dette verket inneheld to detaljerte sideforteljingar om japanske hamner som var opna mot omverda²⁹⁶ og ei om eit handelsnettverk som involverte heile Japan frå nord til sør, i tillegg til nabolanda.²⁹⁷ Ei rekkje rubrikkar i margen med temaet «utveksling» (*kouryuu*), fortel til saman ei komplisert forteljing om Japan sin omgang med den nære og fjerne omverda på godt og vondt.²⁹⁸ Den siste av denne handlar om internasjonal begeistring for japanske kulturprodukt, og går langt i å *definere* japansk kultur som ei «forbetring» (eller reformering) av importerte impulsar.²⁹⁹

I dette verket kan det verke som at frøet til seinare japansk sjåvinisme vart planta allereie

²⁹⁴ Ibid., s. 159 – negative haldningar til burakumin stakk djupt, og i margen forteljast det om dei aktive og valdelege motstandarane av innsatsen for å jamstille desse menneska med resten av befolkninga. burakumin opplevde å bli angripen av mobbar.

²⁹⁵ Ibid., s. 101

²⁹⁶ Ibid., s. 64-69, 164-165

²⁹⁷ Ibid., s. 122-123 - Hamnene desse skipa la til ved på sin veg til og frå Hokkaido-Honshuu, opplevde framgang. Litt om kva skipa hadde med til Ezochi og vice-versa. Via Nagasaki frakta ein varer frå Ezochi til Qing-Kina, og via Ryukyu frakta ein ingrediensar til medisin frå Kina. Sjøvegen ein frakta kombu frå Ezochi til stader i Japan og omland kalla ein kombu-ruta. Langs denne ruta vart det skapt ulike kombu-baserte matrettar. Kombu kunne seljast dyrt i Kina, der det var ettertrakta. Dette la Satsuma-lenet merke til. For å betre på “lensfinansene”, selde dette lenet kombu til Kina via Ryukyu, i tillegg til andre produkt. Vi kan framleis se “sport” etter denne handelsruta i dei lokale kjøkena ulike delar i Japan og i Kina. I Tomiyama finn ein ei farmasøytisk industri (TCM) og eit kombu-basert kjøken.

²⁹⁸ Den første fortel og at japanarane lærte å produsere «hardt porselen» (*jiki*) gjennom omgang med Kina og Korea (Ibid., s. 69). Den neste fortel om samarbeidet mellom Sun Yat-sen og japanske meiningsfeller, eit samarbeid som heldt fram sjølv etter at Japan byrja å ekspandere i Kina, noko Sun Yat-sen var sterkt imot (Ibid., s. 183). Ei anna fortel om kulturutvekslinga som fann stad under tyske krigsfangar sitt opphold i Japan under den første verdskrigen (Ibid., s. 197). Ei anna forteljing fortel om japanarar som var sympatisk innstilte til koreanarane sin situasjon under japansk herredøme, ville bygge bruer til Korea gjennom kulturutveksling og arbeidde for å verne om og syne fram koreansk “folkekunst” (*minhei*). Blant desse var *Yanagi Muneyoshi* og demokratiforkjemparen *Yoshino Sakuzou* (Ibid., s. 201). I forteljinga om nyare tid inneheld verket ei margforteljing om det osmanske skipet (Ibid., s. 259).

²⁹⁹ Den siste fortel at japansk kultur har fått fornya merksemd i ei globalisert verd, og inneheld meir eller mindre ein definisjon av japansk kultur som ei «forbetring» av tileigna uttrykk - “som vi har sett i dette verket, har Japan skapt ein uavhengig kultur ved å importere kultur frå utlandet og “forbetre” (*kairyousuru*) denne.” - *koremade manandekita youni, nihonjin wa gairai no bunka wo toriire, kairyousuru koto de, Nihon dokuji no bunka wo kizuitekimashita* (Ibid., s. 261).

på 1200-talet, då eit kraftige uvêr slo tilbake mongolske invasjonstyrker: medan naboland, som eit rike i Korea, vart invadert og måtte overgi seg, vart Japan beskytta av høgare makter. Ideen om at Japan var eit «gudommeleg land» (*shinkoku*) vart fødd.³⁰⁰

Forteljinga om den japanske imperialismen forteljast fram som ei *kritisk* forteljing, med ein historisk japansk innsats mot rasediskriminering i Folkeforbundet som eit av få lyspunkt.³⁰¹ Imperialismen gjevast i denne forteljinga eit «folkeleg andlet» gjennom ei tragisk sideforteljing om japanske busetjarar i Mandsjuria, kor ein riktig nok ikkje fortel om *direkte* skade gjort på dei som allereie budde der.³⁰²

I tillegg til at ein i dette verket tydeleg «attribuerer» omgrepet ABCD-linja til dåtidas propagandistar,³⁰³ inneheld forteljinga eit utdrag frå ei indonesisk historielærebok, noko ein ikkje finn i «Nytt samfunn – historie» (2018). Her kjem altså ein tekst frå eit av offerlanda til orde med sine eigne ord - omsatt til japansk.³⁰⁴ Forteljinga om Japan i den umiddelbare etterkrigstida opnar med lidningane til det japanske folk, både i og utanfor landet.³⁰⁵

4.5 Miljøvern

Dette verket avsluttar med ei skildring av ei no- og framtid kor *mijøvern* står i fokus, og gjennom heile verket finn ein ei rekkje korte, *miljørelaterte* forteljingar.³⁰⁶ I sin heilskap fortel desse sideforteljingane om japanarane sin relasjon til naturen, som heilt sidan oldtida har vore prega av ein respektert for naturkreftene, og eit medvit om at desse ligg utanfor menneskeleg kontroll.³⁰⁷

³⁰⁰ Ibid., s. 63

³⁰¹ Brødteksten i denne forteljinga inneheld fleire kritiske detaljar om den japanske annekteringa av Korea, som at koreanske bønder vart tvunge til å migrere til Japan eller Mandsjuria (Ibid., s. 182-183). Landet arbeidde (forgjeves) med å få på plass ein anti-rasediskrimineringsparagraf i charteret til Folkeforbundet, og var med dette “forut for si tid”: forslaget var det første av sitt slag i historia, og sjølv om ikkje ideen fekk gjennomslag då, trekk forteljinga ei linje fram til danninga av FN, kor ein liknande paragraf er å finne først i charteret til organisasjonen (Ibid., s. 199).

³⁰² Ibid., s. 222-223 - Dei vart drive dit av tøffe økonomiske tider i heimlandet, men mange kom aldri heim att. Depresjonen ramma silkeorm-avljarar i Nagano-fylket hardt, og mange herfra flytta til Mandsjuria. Her kjøpte ein land av dei innfødde, og hyra dei til å jobbe på ho. Mot slutten av krigen vart mange av troppane i Kwantung-hæren flytta til sørlege frontar, så mange bønder vart mobiliserte. Jordbruksdrifta gjekk trått då det etter kvart berre var kvinner, barn og eldre att på gardane. Då Sovjetunionen invaderte, døydde mange av busetjarane. Kring halvparten fekk aldri returnert til Japan att. Fleire foreldrelause japanske barn vart att i Mandsjuria.

³⁰³ Ibid., s. 225 – informasjon i marginen, **America, Britain, China og Dutch.**

³⁰⁴ Ibid., s. 227 – lokalbefolkninga i Indonesia ønskte japanarane velkomne, og kjende på noko av det same hadde gjort då Japan vann over Russland over 30 år tidlegare. Japanarane tvang indonesarar til å bygge militæranlegg og jarnbaner, men lærte somme av dei å nytte våpen.

³⁰⁵ Ibid., s. 238-239 – ein finn det meste av informasjonen om dei i marginen.

³⁰⁶ Ibid., s. 47 – under ei overskrift som kan omsetjast med «natur og miljø», *shizen kankyō*.

³⁰⁷ Ibid. – i den første av desse fortel ein at japanarar heilt frå oldtida til nyare tider har meint at ein i naturen finn krefter menneska ikkje har kontroll over.

Japanarar har visst å ta sine forholdsreglar med tanke på desse kreftene³⁰⁸ og/eller har bøta på overivrig hausting av ressursane.³⁰⁹ Her, som i «Nytt samfunn – historie» (2018), finn ein ei skildring av søppelhandteringa i gamle Tokyo,³¹⁰ samt forteljingar om dei miljøskadelege konsekvensane av den industrielle revolusjonen i både Europa³¹¹ og Japan.³¹² Den siste av desse miljørelaterte forteljingane handlar om kva teknologi og tankegang som kan gjere livet leveleg i framtida,³¹³ - eit uttrykk for teknologioptimisme.

4.6 Framtida og oppsummering

Som «Nytt samfunn – historie» (2018), inneheld også dette verket ei forteljing om dei territorialtvistene med nabolanda, inkludert øyene i nord,³¹⁴ og fortel at «innsatsen for å betre relasjonane (mellom Japan og fleire av nabolanda) held fram».³¹⁵ I tillegg til desse usemjene, og den vanskelege relasjonen til Nord-Korea, nemner verket at *rekishi ninshiki*, «historisk medvit» (her meiner ein nok kunnskap om «kva som har skjedd») framleis er ei kime til misforståingar mellom landa i regionen.³¹⁶

Eit globalt miljø- og energifokus dominerer avslutninga av forteljinga. Japan, grunna landet si lange erfaring med naturkatastrofar, er velegna til å assistere resten av verda i kampen mot naturkreftene.³¹⁷ Som nemnt i gjennomgangen av verket si handsaming av forteljinga om ainoane, er kampen mot diskriminering av denne – og andre grupper - lagt til side eller avslutta i denne forteljinga, då ein no bør alle bruke alle krefter på å redde miljøet.

Likskapane mellom dei to nye verka er som sagt slåande, og dei skil seg i hovudsak frå

³⁰⁸ Ibid., s. 79 – ei av forteljingene fortel om ein velkonstruert demning bygd av ein lensherre.

³⁰⁹ Ibid., s. 119 – på 1600-1700 vart det stadig mindre skog grunna tømmeravverkning og rydning. Der ein gjekk for fort fram, opplevde ein hyppige jordskred. Shogunatet tok då grep ved å verne og plante ny skog.

³¹⁰ Ibid., s. 135

³¹¹ Ibid., s. 143 – forureiningar førte mellom anna til sjukdommar, og at myndighetene tok grep for å hanskast med problema.

³¹² Ibid., s. 187

³¹³ Ibid., s. 260 – her fortel ein at el-bil-teknologien har utvikla seg sidan førre århundre, men det var lenge eit problem at ein ikkje køyre langt med dei. Men i det siste har ein sett framskritt, og el-bilar kom til nytte etter katastrofa i 2011, då det kunne vere vanskeleg å få tak i bensin. Batteria i bilane kan nyttast til andre høve enn å berre flytte køyretøya.

³¹⁴ Ibid., s. 246-247

³¹⁵ Ibid., s. 259 – *kankei kaizen ni mukete doryoku ga tsudukerareteimasu*.

³¹⁶ Ibid.

³¹⁷ Ibid., s. 260-261 - Fukushima-ulukka fekk verda til å revurdere atomkraft som ei “trygg” energikjelde, og heller sjå på meir fornybare kjelder som sol og jordvarme. Samstundes byrja ein å debattere levemåten i energikrevjande samfunn. Japanske myndigheiter og friviljuge organisasjonar bidreg med mykje i verda, og etter katastrofa i 2011 mottok Japan hjelp frå utlandet - og vart med det minna på verdien av internasjonalt samarbeid og gjensidig hjelp. Katastrofa i 2011 fekk oss til å tenkje på kor skjøre daglegliva våre er.

kvarandre gjennom si handsaming av temaa «folkemakt», der den historiske kampen for folkeleg medråderett i dette læreverket involverer fleire – og ikkje er konsekvent følgjer konfliktaksen folk-elite,³¹⁸ innland-utland, imperialismen og følgjene av den og kva framtid ein peiker fram mot.

Medan også «Nytt samfunn – historie» (2018) inneheld opptil fleire korte forteljingar om miljøvern og spørsmål knytt til energi, er desse plassert lenger bak i verket enn sjølve hovudforteljinga. I «Historielærebok for ungdomsskuleelevar» (2016) følgjer derimot dette miljøaspektet med gjennom heile verket, parallelt med hovudforteljinga, og fortel om utviklinga av ein særeigen og *japansk* relasjon til naturen gjennom ein serie positive eksempelforteljingar.

³¹⁸ I dette verket er som nemnt *vanlege folk* aktørar som ønskjer å reversere framsteg i samband med jamstillinga av tidlegare kastelause.

5 社会科・中学生の歴史

Historielærebok for ungdomsskuleelevar (HUE 1)

eldre utgåve (1996)

5.1 Ur-japanaren

Det er raskt tydeleg at både dei eldre utgåvene av hovudstraumsverka er meir “nasjonale” enn dei nyaste i korleis dei fortel fram opphavet til «japanaren». I dette verket omtalast dei første menneska på dei japanske øyene som «forfedra til japanarane» (*nihonjin no sosen*), og ein finn utsegn om at det over ein periode for over 2000 år sidan vart skapt essensielle, *biologiske* japanske karakteristikkar³¹⁹ i noko som kan kallast ei *etnisk opprinningshistorie*.

5.2 Ei tydeleg *negativ* eksempelforteljing

Forteljinga i dette verket målar om noko det mest negative biletet av vanlege folk sine liv i *ritsuryou*-staten av alle verka eg har sett på,³²⁰ og er slik ei sær *tydeleg* negativ eksemplarisk forteljing.

Også i forteljinga om den aukande myndiggjeringa av folket i løpet av mellomalderen syner ein her korleis demokratiet kunne ha ei bakside.³²¹ Byggjinga av ein meir solidarisk og medmenneskeleg haldning til minoritetar i det japanske samfunnet - og myndigheitene si utnytting av mangelen på denne - er eit vedvarande element gjennom forteljinga, og verket fortel i klartekst om kva *funksjon* det strenge, japanske standssystemet hadde i den samanhengen:³²² ved å halde folket delt inn stender gjorde ein det vanskeleg for dei å samle seg i opposisjon til myndigheitene.

Som i den nye utgjevinga, men her i brødteksten, fortel ein om folkeleg motstand mot

³¹⁹ HUE 1, s. 19 – i denne forteljinga “ser ein føre seg” (*kangaeru*) at dei første menneska på øyene (bokstaveleg tala) “blanda blod” (*konketsusuru*) med menneske som seinare migrerte frå den koreanske halvøya og sørlegare strøk. Gjennom denne blandinga vart det skapt eit folk som fann ein levemåte som “passa” (*au*) klimaet og topografien på øyene, og som etter kvart utvikla “karakteristikkar” (*taishitsu*) og ei “kroppsbygning” (*taikaku*) som var “japanar-aktig” (*nihonjinrashii*).

³²⁰ Ibid., s. 39, 41, 42-43 – her tek ein mellom anna utgangspunkt i ei konkret hending, byggjinga av den nye hovudstaden *Heijou-kyou* tidleg på 700-talet, for å illustrere kor dårlege arbeidstilhøva til bøndene var. Somme av dei fall om av utmatting grunna utilstrekkelege matrasjonar.

³²¹ Ibid., s. 89 - fleirtalet i sjølvstyrte byar kunne finne på å fordrive spedalske og andre sjuke, menneske som så måtte livnære seg av penge- og matdonasjonar.

³²² Ibid., s. 123 -

jamstilling av dei tidlegare kastelausa på 1870-talet.³²³ Ein slik folkeleg motstand lesast her i eit litt anna lys enn i den nye utgåva, då den finn stad på bakgrunn av ein lang periode kor regimet har gått inn for å skape mistru og hat mellom stendene. Elles omtalast dei kastelausa som motige, hardtarbeidande og ikkje minst *viktige* i dette verket.³²⁴

I denne forteljinga er mykje plass sett av til kvinner gjennom historia – om ikkje integrert i brødteksten. Med jamne mellomrom dukkar det opp rubrikkar i marginen som fortel om liva og statusen til kvinner gjennom historia, og korleis denne følgjer ein ganske så klar «u-kurve». Om kvinner i Kamakura-æraen,³²⁵ Muromachi-æraen³²⁶ og Edo-æraen. I det nysamla Japan frå 1600-talet og utover vart kvinnene plassert lågare på rangstigen enn nokon gong tidlegare – eit tydeleg tilbakesteg på vegen mot jamstilling og fridom.³²⁷ I ei sideforteljing fortel ein om ei driftig dame som drog til USA som student i ein alder av åtte år.³²⁸ Også i dette verket kjem det fram at kvinner vart diskriminerte i det nye Japan på 1800- og delar av 1900-talet,³²⁹ og ein fortel detaljert om korleis kvinner i dei nyopna fabrikkane hadde det.³³⁰ Kvinner på 1900-talet - mykje av det same som i andre verk.³³¹

5.3 Imperialisme

Verket er unikt i si kritiske skildring av dei menneskelege, materielle og *kulturelle* kostnadane av dei japanske invasjonane av Korea - eit tidleg eksempel på imperialistiske ambisjonar.³³² Ein har òg inkludert utdrag frå ei *koreansk* lærebok i forteljinga.³³³

I dette verket er relasjonane mellom Japan og vestmaktene tydeleg konfliktfylte frå tidleg

³²³ Ibid., s. 184-185 - også her fortel ein at somme bønder gjorde opprør mot emansipasjonsvedtaket.

³²⁴ Ibid., s. 122-123 - dei fylte ei særskild viktig rolle gjennom sine “fredsbevarande” yrker som “politimenn”, fengelsvoktarar og bødlar.

³²⁵ Ibid., s. 65 - mykje av det same som i HUE 2, men her foregriper ein gangen i historia og seier at kvinner skulle oppleve å få mindre å seie i samfunnet med åra som kom.

³²⁶ Ibid., s. 93 - her plukkar ein opp tråden frå førre margforteljing, og seier at medan kvinner innanfor *eliten* stod svakare i *Muromachi*-æraen (?), slo mange “kvinner av folket” seg opp innan handel og handverk.

³²⁷ Ibid., s. 124-125 - “Herre og tenar”-relasjonane i krigarsamfunnet var gjenskapa innanfor privatsfæra i alle stendene: kvinnene skulle adlyde menna sine, vere deira tenarar. I dette nye Japan vart “kvinnene plassert lågare på rangstigen enn nokon gong tidlegare.” ...*josei wa (...) kore made ni naku hikui chii ni nari*,... I ei sideforteljing fortel ein mellom anna at menn kunne velje å skilje seg frå kvinner om dei ikkje var i stand til å føde barn.

³²⁸ Ibid., s. 191

³²⁹ Ibid., s. 202-203 - den nye privatreppen gav ikkje like rettar som menn i samband med arveoppgjer og liknande. Dette var inga fullverdig demokratisering/liberalisering, men eit steg på vegen.

³³⁰ Ibid., s. 222-223

³³¹ Ibid., s. 247

³³² Ibid., s. 112-113 - øydeleggjingane inkluderte ei rekkje kulturskattar.

³³³ Ibid., s. 113 - her ligg fokus på koreanarane sine militære bragder - nasjonale heltar vart skapt. Admiral Yi Sun-sin utmerkte seg. Han fall i strid og vart i ettertid dyrka som ein helt som redda nasjonen i ei kritisk tid.

på 1900-talet i denne forteljninga; imperialisme er konfliktskapande, og eksempla på dette er mange.³³⁴ Dei første drygt ti åra etter krigen er likevel prega av samarbeid og harmoni mellom Japan, Storbritannia og USA. Ein finn saman på fleire nedrustingskonferansar, og Japan går med på å returnere tidlegare tyske område, erobra under krigen, til Kina.³³⁵

Også her har ein integrert forteljingar om japansk aggresjon frå lærebøker frå offernasjonane i verket.³³⁶ I omtalen av det som her kallast «Nanjing-massakren» vart “særs mange kinesarar, inkludert kvinner og barn, drepte”³³⁷, og hendinga vart kritisert i fleire land.³³⁸ Også dette verket nemner *ianfu*, «trøystekvinnene»,³³⁹ og også her er «såra» frå krigsåra framleis blant oss på fleire område.³⁴⁰

5.4 Etterkrigstida og framtida

Sjølv om Japan vart involvert i konflikta mellom USA og Sovjetunionen etter som den kalde krigen tilspissa seg, "heldt folk fast ved ønsket om å verne om freden og resultatet av okkupasjonsreformane".³⁴¹

I det siste avsnittet i læreverket, har ein det eine auge mot framtida, det andre mot fortida. Avsnittet i læreverket avsluttast med ei oppmoding til lesarane om å verdsetje dei tre prinsippa i den japanske grunnloven, fred, menneskerettar, demokrati, og fremje desse ute i verda - etter å ha kome med døme på kvifor Japan er spesielt velutrusta til å gjere nettopp dette.³⁴²

³³⁴ Japan krigsdeltaking på Trippelententen si side, gjennom alliansen med Storbritannia, vart ikkje ønskt velkomen av USA og Storbritannia. Japan si framferd overfor Kina under og etter verdskrigen skapte ikkje berre motstand i den kinesiske befolkninga men gjorde òg at ein i “USA og europeiske land (...) byrja å ha mistru til Japan.” - *Amerika ya Yooroppa no shokoku mo (...) Nihon ni taishite fushinkan wo motsu youninarimashita* (Ibid., s. 232-233). Etter den russiske revolusjonen, deltok Japan i den allierte intervensjonen i den russiske borgarkrigen, ein intervensjon som mellom anna var motivert av “den store effekten” (*ookikna eikyou*) revolusjonen hadde på koloniar og land i Asia. Japan hadde ambisjonar om å danne ei innflytelsessfære i Sibir, og hadde troppar i området to år lenger enn dei andre allierte. Dette førte òg til at landet vart kritisert frå fleire hald (Ibid., s. 235).

³³⁵ Ibid., s. 237

³³⁶ Ibid., s. 263 – ein har inkludert utdrag frå ei singaporeansk og koreansk ungdomsskulelærebok.

³³⁷ Ibid., s. 256 - *josei ya kodomo wo fukumu ooku no chuugokujin wo satsugaishi...*

³³⁸ Ibid. – omgrepet «Nanjing-massakren» nyttast.

³³⁹ Ibid., s. 270-271 og i rubrikk s. 257 (om “japaniseringa” av koreanarar).

³⁴⁰ Ibid., s. 288 - også her siterer ein frå det kinesisk-japanske kommunikeet, om japansk anger

³⁴¹ Ibid., s. 282 – *seno no heiwa wo ijishi, seno kaikaku no seika wo taisetsu ni shiyō to suru kokumin no negai wa tsuranukaremashita.*

³⁴² Ibid., s. 293 - den japanske nasjonen si unike erfaring med atombombeåtak, og det langvarige prinsippet om at landet korkje skal “lage, ha eller oppbevare” (*tsukurazu, motazu, mochikomasezu*) slike våpen, er stadig meir betydningsfullt, no som vi lever i ei tid der ein potensiell atomkrig kan utrydde menneskeslekta. Ein påstår så at tanken om at grunnleggjande menneskerettar skal respekterast, er rotfesta i det japanske samfunnet - men at ei rekkje menneske i samfunnet likevel diskriminerast. Ein nemner burakumin, ainoar, koreanarar, kvinner, handicappa, eldre og andre “svake”. På mange område “har vi framleis utfordringar” (*gendai no Nihon ga*

6 新しい歴史教科書

«Ny lærebok i historie» (NLH)

godkjent 2015, utgjeve 2017 (sjette opplag)

6.1 Dei første japanarane - ei tradisjonsforteljing

Innleiingsvis³⁴³ inneheld denne forteljinga ei rekkje påstandar om at mykje av “det japanske” fann forma si i løpet av dei første århundra av historia. Dette gjeld mellom anna den japanske karakteren, kulturen og etnisiteten,³⁴⁴ monarkiet i landet, i tillegg til eit utval japanske handlemåtar og haldningar overfor omverda. Forteljinga påstår samstundes at naboland som Kina og Korea *ikkje* i like stor grad kan syne til slike “kontinuitetar”,³⁴⁵ og at den japanske eliten hadde eit *nasjonalt medvit* ein ikkje fann maken til elles i regionen.³⁴⁶

Den første rikssamlinga blir her gjennomført for å oppnå “likeverd” (*taidō*) med Kina og for å hegne om sjølvstendet sitt, medan ein i nabolanda i større grad vel å underkaste seg Kina. Kina hadde eit arrogant, “sinosentrisk” verdssyn, som forteljinga illustrerer ved å syne til at kinesarane nytta negative *teikn* for å representere namna til japanske riker og herskarar.³⁴⁷

Gjennom fleire eksempel fortel ein korleis Japan synleggjorde sin uavhengige status,³⁴⁸

kakaeteiru ookina mondai desu). Også innanfor gruppa til dei boka er retta mot, ungdom, ser ein utfordringar, som kriminalitet, mobbing og skulefråfall.

³⁴³ Perioden frå urtida fram til byrjinga av mellomalderen på 1100-talet.

³⁴⁴ *Atarashii rekishi kyōkasho* (NLH), 2017, s. 26-27, 30-31, 38 – dei første menneska på øyene kallast «forfedra til oss japanarar» - *watashitachi nihonjin no sosen*. Lesarane oppmodast til å sjå føre seg korleis samfunna deira, som var eldre, fredelegare og meir avanserte enn tidlegare trudd, kan ha “lagt grunnlaget for den japanske kulturen og japanarane sin behagelege personlegheit” - “*Nihonjin no odayakana seikaku to Nihon bunka no kiso ga hagukumareta...*” Der ein i andre verk blir fortalt at kunnskap om risdyrking kom til øyene i samband med *migrasjon* frå det asiatiske kontinentet rundt 300 fvt., nemner ikkje forteljinga i denne noko slikt.

³⁴⁵ I ei sideforteljing snakkar den kinesiske keisaren varmt om at det japanske monarkiet hadde ein stabilitet ein ikkje fann i Kina, kor det eine dynastiet styrta det andre, ofte med opphav i ulike folkegrupper. Dette følgjast opp med ein påstand at det dermed “oppsto heilt nye land” – *mattaku betsu no kuni ga okotta koto wo imisuru no desu* (Ibid., s. 78). Ei anna sideforteljing seier at den 1300 år lange historia til namnet «Japan» (*Nihon/Nippon*) gjer at landet kan hevde å ha den «lengste historia i verda» (*sekai de mottomo nagai rekishi*), i kontrast til Kina og Korea, kor skifte av dynasti førte til namneendringar (s. 60-61).

³⁴⁶ Eit koreansk kongedøme skal til dømes ha tatt til seg det kinesiske *ritsuryō*-lovverket “i sin heilskap” utan å ha endra noko på det. Det var ikkje tilfellet i Japan (Ibid., s. 62). Dette verket er det einaste av dei eg har sett på som set av heile to sider til å fortelje om dei japanske opphavsmytene (s. 44-45).

³⁴⁷ *Yamatai* og *Himiko*, namna på eit japansk rike og dronninga som regjerte der, er i kinesiske tekstar skrivne med teikn som har tydingar som “ond”, “frykteleg” og “vulgær” (s. 40-41). Også namnet kinesarane nytta om *Japan, Wa*, hadde negative tydingar (s. 60).

³⁴⁸ Tittelen på herskarane i Kina sine tributtstatar, *ō* («konge»), var utelukka for den japanske monarken. Med tittelen *tennō*, som den japanske keisaren framleis nyttar, synte ein si uavhengige innstilling, samtidig som ein unnlot å fornærme den kinesiske keisaren (Ibid., 54-55). Ein gav òg eigne, nasjonale namn på historiske æraer, medan resten av Aust-Asia følgde kinesisk periodisering (s. 57). I omtalen av den kinesiskinspirerte hovudstaden

og at alt kontinentalt vart tilpassa den japanske verkelegheiten. Forteljinga påstår at den japanske interessen for det framande, kombinert med respekten for og verdsetjinga av det opprinnelege, etablerte seg som ein tradisjon i denne perioden³⁴⁹ - og gjev eit eksempel på at «overivrig» omfamning av det utanlandske kunne føre til konflikt.³⁵⁰ Ei vektleggjing av å skape samfunn med “harmoni mellom menneska” (*hitobito no wa*) framhevast òg som ein japansk tradisjon,³⁵¹ ein tradisjon ein kan spore tilbake til tida før vår tidsrekning.³⁵² I det store og det heile må forteljinga om det tidlege Japan, frå steinalder³⁵³ fram til og med etableringa av *ritsuryō*-staten på 700-talet, seiast å vere kjenneteikna av tropen “guldålder”.³⁵⁴

Etableringa av eit sofistikert og sjølvstendig keisardøme basert på, men på *ingen* måte ein kopi av, kinesiske modellar, følgjast av ein periode med tilsynelatande *forfall* gjennom siste del av oldtida og mellomalderen, i alle høve på det nasjonale, politiske plan, då denne staten fell saman.³⁵⁵ Men denne historiske utviklinga, kor Japan i løpet av ein periode enda opp med to maktsentra, hoffet og shogunatet, løftast i denne forteljinga fram som det som eksplisitt *redda* nasjonen seinare, når sjølvstendet var alvorleg truga av framande makter, og som mogeleggjorde ein rask omvelting av samfunnet.

6.2 Kunst- og kulturutvikling – ei forteljing om framgang

Dette læreverket si forteljing om japansk kunst- og kulturproduksjon fortel om ei stabil, positiv utvikling, og det i eit til tider sær panegyrisk språk, med fleire utsegn om korleis ulike japanske

Heijōkyō, nemnar ein at denne i motsetnad til inspirasjonskjelda *ikkje* var omringa av forsvarsmurar. Slikt trengte ein ikkje i fredelige Japan (Ibid., s. 62-63).

³⁴⁹ Ibid., s. 53, 55

³⁵⁰ Ibid., s. 50-51 – mektige klanar låg i konflikt med kvarandre om innføringa av buddhismen på 500-talet. Den eine parten meinte ei omfamning av den utanlandske religionen ville forarge dei japanske gudane.

³⁵¹ Ibid., s. 53

³⁵² Ibid., s. 32-33 - ei sideforteljing om ein landsby frå Jomon-æraen (10 000 fvt. - 300 fvt.) avsluttast med følgjande utsegn: “Forfedra våre, Jomon-menneska, danna eit behageleg samfunn som kan kallast ein “harmoniens sivilisasjon”” - *watashi tachi no sosen de aru jōmon no hitobito wa, [wa no bunmei] tomo yoberu konoyouna odayakana shakai wo kizuiteitanodesu.*

³⁵³ Steinalderssamfunna skildrast nærast som ein Edens hage, og at dei byrja med jordbruk i stor skala seinare enn andre samfunn i regionen, forklarast med at dei var “velsigna med mat frå naturen” - “*tōji no Nihon rettō wa shokuryō ni megumareteita node...*” (Ibid., s. 31). I den nemnte sideforteljing om steinalderlandsbyen, fortel ein at det *ikkje* vart funne krigsvåpen under utgravingar her. Dette var eit fredeleg samfunn (s. 32-33).

³⁵⁴ Aronsson, 2012, s. 80-81

³⁵⁵ Avviklinga av systemet for fordeling av nasjonalisert jord, som lot aristokratiske familiar osb. slå seg opp som landeigarar, er ein del av forklaringa (Ibid., s. 68-69). Læreverket “førebud” lesarane på at dette systemet, basert på ein kinesisk modell, mogelegvis ikkje kom til å overleve, då det i forkant ofte måtte reformerast for å tilpassast den japanske verkelegheita (s. 63).

kulturprodukt hadde unike kvalitetar samanlikna med produkt frå andre delar av verda.³⁵⁶ Frå å vere tett knytt til kontinentale førebilete,³⁵⁷ og produserte av innvandrarak herifrå,³⁵⁸ finn altså japanske kulturuttrykk etter kvart sine nasjonale særmerke, blir konsumert av stadig større delar av folket, og når etter kvart eit nivå av kvalitet som òg omverda let seg inspirere av.³⁵⁹

Denne forteljinga er på mange måtar kjenneteikna av “*framsteget*”-troppen: Kulturen finn som nemnt gradvis sin nasjonale form og blir etter kvart sofistikert nok til at landet går frå å importere til å eksportere kulturprodukt til andre delar av verda.³⁶⁰

6.3 Den japanske mellomalderen – frå splitting til samling

Dei mongolske overfalla på 1270- og -80-talet - frå det aggressive og trugande mongolske imperiet - er forteljinga sitt første eksempel på at *omverda er ein trugande stad*, noko som skal vare ved heilt fram til slutten og inn i framtida i denne forteljinga.³⁶¹ Ei sideforteljing syner kor djupe og varige spor desse invasjonane satt i japanarane, elite som vanlege folk. Erfaringa var relevant for landet då det vurderte det internasjonale trusselbiletet på 18- og 1900-talet, og tradisjonar på stader kor mongolane herja vitnar om at desse opplevingane stadig er aktuelle.³⁶²

Vidare blir både tradisjonen for å gjere opprør – blant bønder og religiøse sekter – og krigarelite sine forhandlingsorgan og domstolar løfta opp som eit uttrykk for ein rasjonell, japansk *konsensuskultur*: i alle desse tilfella arbeidde ein for å kome fram til ei avgjerse i

³⁵⁶ Av tidlege prestasjonar nemnast verdas største buddha-statue i forgylt kopar (Ibid., s. 64-65, 67), verdas eldste roman (s. 71) og mest “inkluderande” litterære, diktsamlinga *Manyōshū*, kor ein fann dikt frå alle lag i samfunnet, eit ein finn ikkje maken til i verda elles (s. 66-67).

³⁵⁷ Ibid. s. 67 - i ein tidleg periode kor ein aktivt tok til seg kulturprodukt frå Kina, var Japan kjend som «Silkevegen sin austlege endestasjon» (*Shirukurōdo no higashi no shūten*), og ein kan sjå inspirasjon frå Vest-Asia i kunsten frå perioden.

³⁵⁸ Ibid., s. 50-51 - *kikajin* var flyktningar frå kontinentet som la grunnlaget for buddhistisk kunst i Japan på 500-talet.

³⁵⁹ Ibid., s. 145 - på 1800-talet vart til dømes van Gogh inspirert av japanske kunstverk

³⁶⁰ Ibid., s. 268-269 - i oppsummeringa av japansk kulturliv etter krigen, står den internasjonale appellen sentralt, både når det gjeld populærkultur og meir tradisjonelle, «finkulturelle» uttrykk. Vidare er til dømes tradisjonell japansk matlaging, *washoku*, å finne på UNESCO si verdsarvliste.

³⁶¹ Ibid., s. 88-89 - imperiet, som i andre verka skildrast positivt - som ein brubyggjar mellom aust og vest - er her meir trugande. Det er berre deira fryktinngytande militære evner som understrekast. Invasjonane av Japan i 1274 og 1281 fann stad etter at japanarane nekta å overgi seg frivillig, og gjorde mykje skade. Men dei japanaske forsvararane kjempa iherdig. På grunn av innsatsen deira, og stormen som i ettertid har fått navnet *kamikaze*, “guddommeleg vind”, vart mongolane slått tilbake.

³⁶² Ibid., s. 90 – invasjonane endra synet på den koreanske halvøya. Det positive bilete ein hadde av halvøya som ei forsyningsåre for kontinental kultur, vart endra etter invasjonane. Halvøya fungerte som ein spydspiss for mongolske (og koreanske) styrker under invasjonane, og fleire århundre seinare frykta ein den ville gjere den same for russiske styrker. På *Iki*-øya, som vart hardt råka, får ein visst ungane sine til å slutte å gråte med å skremme dei med at mongolane og koreanarane kjem.

fellesskap.³⁶³ I forteljninga om domstolsorganet i shogunatet, kjem fram at ein som meddommar ikkje skulle la seg påverke av eigne relasjonar til den fornærma eller sikta, og at heile rådet var ansvarlege for avgjersla som vart teke.³⁶⁴

Keisarinstitusjonen nyttast for å legitimere samlingsinnsatsen frå slutten av 1500-talet,³⁶⁵ og det samla Japan er eit fredfullt samfunn utan store væpna konflikhtar, med ei standssystem kor det er rom for migrasjon mellom stendene,³⁶⁶ men kor menneska lågast på rangstigen også her blir “strengt diskriminerte” (*kibishiii sabetsu wo ukeru*).³⁶⁷ Bondeopprør kunne finne stad gjennom det siste shogunatet si levetid, men dei var sjeldan valdelege, og myndigheitene prøvde etter beste evne å imøtekomme krava for å raskt gjenopprette fredelege tilhøve.

Kontrasten er stor til samtidige europeiske samfunn, kor ein “stadig låg i krig med kvarandre” over fleire århundre,³⁶⁸ ein kontrast som på eit vis forklarar kvifor verdsdelen enda opp som militært overlegen asiatiske samfunn, og at ein i Kina og Japan etter kvart måtte hanskast med vestleg imperialisme.

6.4 Kontakt med omverda – lukkinga av landet og “dei fire vindauga”

Europearar utgjer den neste trusselen mot Japan i forteljninga, og i opptakten til hendingane som kulminerte i “lukkinga” av landet, målar forteljninga eit unikt bilete av europearane si ambisiøse erobringsslyst, også overfor Japan, og serverer påstandar om at Japan gjorde lurt i å vere på vakt og handle som dei gjorde.³⁶⁹

Denne forteljninga er unik i si legitimering av dei stadig strengare utvisings- og forbodsordra mot kristendommen i Japan, då dei kristne misjonærane her syner ein tydeleg mangel på respekt for japanske liv og etablerte, konkurrerande religionar, gjennom tvangskonversjonar, slavehandel og øydeleggjing av heiladomar.³⁷⁰ Rykta om at

³⁶³ Ibid., s. 106

³⁶⁴ Ibid.

³⁶⁵ Ibid., s. 116-117 - rikssamlar *Toyotomi Hideyoshi* vart sjefsrådgjevar for keisaren (*kanpaku*), og samla landet “i keisaren sitt namn” - *tennō no na ni yori...*

³⁶⁶ Ibid., s. 130-131 – i denne forteljninga er migrasjon mellom stendene mogeleg: krigarar kunne bli bønder og “byborgarar”, medan borgarar kunne bli adoptert inn i krigarstanden.

³⁶⁷ Ibid. - *eta*- og *hinin*-kastene.

³⁶⁸ Ibid., s. 156-157 – *Yōroppa de wa kokka ga aiarasou koto ga ōkunatteitta*.

³⁶⁹ I omtalen av det spanske og portugisiske imperiet sine oppdagingar og erobringar på 1500-talet, fortel ein om *Tordesillastraktaten* frå 1494, kor landa vart einige om å nærast dele verda mellom seg (Ibid., s. 112-113). Elles fortel boka at det vart hevda at dei same iberiske maktene hadde liknande erobringssplanar for Japan, og at misjonærane var deira fortroppar (s. 118).

³⁷⁰ Ibid., s. 121

misjonsverksemd vart nytta for å skaffe dei iberiske maktene eit bruhovud for militær erobring, framprovoserte sterke sanksjonar frå japanske myndigheiter,³⁷¹ som òg nära ei frykt for religiøst motiverte opprør.³⁷²

Ei inkonsekvent handheving av forbodet gjorde at talet på kristne held fram med å auke.³⁷³ Undertrykkjinga av dei heldt likevel fram, og som ein sjølvoppfyllande profeti resulterte regimet dette i eit opprør kor kristne spelte ei stor rolle i 1637.³⁷⁴ Den nasjonale eliten er i denne tida, som i oldtida, i utgangspunktet positiv til impulsar utanfrå, men veit å ta affære om det utanlandske set folket, kulturen eller sjølvstendet i fare, eit handlingsmønster som kan synast så *evig* at dette aspektet kan seiast å vere kjenneteikna av “*intet nytt sker under solen*”.

6.5 Ein kultur for læring

Den japanske læringskulturen er òg fortalt fram på eit vis som passar til denne tropen, då det nærast framstillast som eit sentralt trekk ved «det japanske» å vere lærevillig. Delar av Japan dreiv utbreidd handel med omverda i løpet av nokre århundre fram til lukkinga av landet,³⁷⁵ ei lukking som ikkje resulterte i at ein kutta all kontakt med utlandet.³⁷⁶ Gjennom kontakten med Europa før lukkinga, fekk Japan tilgang til “barbarkultur” (*nanban bunka*), som til dømes astronomi, medisin, kunnskap om sjøfart og trykkekunsten.³⁷⁷ Den kortvarige, men aktive omgangen med Europa skapte ei vidare “forståing for verda”³⁷⁸ hos japanarane, og forteljinga om den japanske læringskulturen gjennom dei neste århundra gjer det tydeleg kvifor Japan var så godt førebudd på å ta steget inn i “moderniteten” då ein mot slutten av 1800-talet måtte ta eit val om å gjere det.

Blant dei lærde i samfunnet såg ein no ein kombinasjon av ei *nasjonal*, tilbakeskodande

³⁷¹ Ibid. – sanksjonar som resulterte i martyrar.

³⁷² Ibid.

³⁷³ Ibid., s. 118

³⁷⁴ Ibid., s. 127

³⁷⁵ Ibid., s. 96-97, 114-115 – i første rekkje med andre land i regionen, men frå midten av 1500-talet også med spanjolar og portugisarar gjennom den «sørlege barbar-handelen» - *nanban bōeki*.

³⁷⁶ Ibid., s. 127, 128-19 – “lukka land”-politikken hadde som mål å fjerne kristendommen sin innflytelse i Japan og gi shogunatet kontroll over handel og informasjon frå utlandet – *sakoku wa kanzen ni kuni wo tozashita no de wa naku, sono nerai wa, Nihon kara kirisutokyō no eikyō wo haijoshi, bakufu ga bōeki to kaigaijōhō wo dokusensuru koto de atta*. Gjennom “fire vindauge” (*yottsū no madoguchi*) hadde ein kontakt med mykje av både den fjerne og nære omverda gjennom heile perioden, og shogunen fekk utlendingar til å informere han om internasjonale tilhøve med jamne mellomrom. Spania og Portugal vart fullstendig utestengt som eit resultat av politikken.

³⁷⁷ Ibid., s. 122-123 - biblar og eksemplar av Æsops fabler spreidde seg i landet. Det same gjorde vestleg-inspirert mat og tobakk (*tabako*).

³⁷⁸ Ibid. - *sekai no mikata wo hirogeta*.

“oppvåkning” gjennom *kokugaku*-rørsla (“nasjonal lære”-rørsla), som ville ta dei “kinesifiserte” japanarane tilbake til det opprinnelege gjennom å studere gamle japanske tekstsamlingar, i tillegg til akademisk arbeid innanfor “vestlege” disiplinar.³⁷⁹ Innanfor naturvitskap såg ein unike, japanske nyvinningar,³⁸⁰ og på somme av eliteskulane i landet fekk neste generasjon undervising i “vestleg lærdom” (*rangaku*), som mellom anna inkluderte medisin.³⁸¹ Grunnlaget for eit nasjonalsinna og tradisjonsbevisst folk – som samstundes visste å ta til seg og meistre *det utanlandske* – vart lagt i denne perioden.

I forteljinga om den sterke japanske læringskulturen, løfter ein fram utanlandske, *europaiske* vitnesbyrd. Misjonærar frå Europa vart overraska over den utbreidde lese- og skrivekyndigheiten hos både kjønn i det japanske samfunnet,³⁸² og gjennom ei vidare sideforteljing syner ein til vitnesbyrd frå andre utlendingar, som omtalar det japanske folket og nasjonalkarakteren i særskilte positive ordelag, kor dei mellom anna lar seg overraske over kor sivilisert dette samfunnet var.³⁸³

6.6 Japan sin veg mot stormaktstatus

Som nemnt syner denne forteljinga korleis det *tilsynelatande* forfallet frå oldtid til mellomalder var naudsynt for at nasjonen skulle klare å redde seg ut av krisa i 1850- og 60-åra. Dette argumenterer ein for i ei omfattande sideforteljing om Meiji-restaurasjonen, kor ein fransk observatør blir sitert for å illustrere korleis denne hendinga var *utan sidestykke* i verdshistoria, og korleis og kvifor den var meir velukka enn til dømes den franske revolusjonen.³⁸⁴ Restaurasjonen redda Japan frå å bli

³⁷⁹ Ibid., s. 139 - Gjennom å lese gamle tekstsamlingar kunne ein få tilgang til “den japanske ånd” (*yamatogokoro*) frå tida før buddhismen og konfutsianismen vart importert. Keisarinstitusjonen, med si påstått ubrote ættelinje gjennom tusener av generasjonar, var sentral i denne nasjonale læra.

³⁸⁰ Ibid., s. 132-133 - det forteljast om eit verk om algebra som synta at “den japanske matematikken” heldt eit nivå på linje med andre “skular” i verda.

³⁸¹ Ibid., s. 138

³⁸² Ibid.

³⁸³ Ibid., s. 120 - samfunnet var kjenneteikna av *sivilisasjon*, som dei besøkande ikkje venta å finne heilt aust i Asia, og stoltheit, lovløydna og ein asketisk livsførsel. Korkje krigarar eller bønder føler seg skamfulle over sin mangel på materielle goder. Ein av dei sa han ikkje hadde blekk og papir nok til å liste opp alle dei positive eigenskapane ved dette folket.

³⁸⁴ Ibid., s. 170-171 - det moderne Japan vart delvis skapt ved at eliten i samfunnet *på eige initiativ* fjerna privilegier dei sjølv naut godt av, altså ikkje som under den franske revolusjonen, der borgarane på valdeleg vis røska ned det gamle regimet. Ein franskmann var imponert over det han såg: den privilegerte krigarstanden valde, i møte med ein trussel frå utlandet, å sjølv gjennomføre ein revolusjon, delvis ved å ofre privilegia sine. Restaurasjonen vart gjennomført av ein krigarstand som sette fellesskapet først, og ein slik “revolusjon” ser ein ikkje maken til i verda elles.

kolonisert – og faren for dette var stor³⁸⁵ – og var mogleg takka vere dei to maktsentra ein hadde i landet, den japanske læringskulturen og ikkje minst det nasjonale medvitet i (delar av) eliten.³⁸⁶

Det nye regimet tok fatt på eit storstilt reformarbeid for å gjere den japanske staten likeverdig dei vestlege stormaktene, drive av eit “inderleg ønskje” (*higan*) om å reforhandle dei urettvise og “sårande” avtalane shogunatet hadde inngått med desse maktene.³⁸⁷

Fleire eksempel syner korleis Japan med stor dyktigheit makta å hevde seg i den nye, moderne verda,³⁸⁸ i motsetnad til til dømes Kina. Kontrasten mellom moderniteten til den nye japanske staten og det kinesiske keisardømet sin “førmodernitet” er tydeleg fleire stader,³⁸⁹ og forsøk på å følgje Japan sitt eksempel lukkast ikkje.³⁹⁰ Dette skuldast delvis, argumenterer ein for, at landet ikkje hadde ein klarsynt elite som tok grep i tide, som ein hadde i Japan.³⁹¹

Tre panegyriske sideforteljingar gjer lesarane kjend med personar som på kvart sitt område, det økonomiske, politiske og militære, bidrog til å gjere Japan til ei suksessfull stormakt.³⁹² Moderniseringa og vestleggjinga av mykje av samfunnet førte likevel ikkje til at ein kasta tradisjonane over bord, noko som særleg er tydeleg i forteljinga om den japanske grunnloven.³⁹³

³⁸⁵ Ibid. - Ved å syne til progresjonen i vestleg kolonisering på 1800- og 1900-talet, kor desse landa gjekk frå å styre kring 35% av jordas overflate i 1800 til å styre kring 84% i 1914, fortel ein at det er sannsynleg at Japan hadde blitt kolonisert om ikkje restaurasjonen hadde vore vellukka.

³⁸⁶ Ibid. - shogunen og heile krigarstanden var heile tida formelt sett keisaren sine tenarar, så når legitimiteten til shogunatet vart svekka, kunne shogunen sine motstandarar legitimere seg ved å spele på lag med keisaren. Ei vektleggjing av utdanning vart vidareført frå Edo-æraen. Utdanning stod sentralt i prosjektet med å bygge ein moderne nasjon. Ei forteljing frå Nagaoka-lenet syner den japanske evna til å investere i utdanning - og med det langvarig velstand - i staden for å nytte ressursane på meir nærliggjande behov. “Denne tankegangen gjorde moderniseringa av Japan til ei suksesshistorie.” - ...*konoyouna shisou* (...) *ga, Nihon no kindai wo seikousaseru moto ni natta nodesu.*

³⁸⁷ Ibid., s. 156-183

³⁸⁸ Ibid., s. 202-203 - eit høgt utdanningsnivå, «den flittige ånda» i folket og avviklinga av standssystemet framstillast som utslagsgivande for at den japanske industrielle revolusjonen vart suksessfull

³⁸⁹ Ei gruppe menneske frå Okinawa, nyinnlemma i det japanske keisarriket, vart drepne på Taiwan i 1871, ei øy med nære band til Kina. Kinesiske myndigheiter tok ikkje ansvar for å straffe gjerningspersonane, og synte at dei opererte i ein førmoderne tribut-verd med vagt definerte grenser og ansvarsområde (Ibid., s. 172-173). Det «førmoderne» med Kina syner seg under krigen mot Japan i 1894-95, kor dei japanske soldatane presterte betre enn kinesarane nettopp fordi dei hadde blitt “integrert” i eit nasjonalt prosjekt, og identifiserte seg med staten si sak (s. 190-191).

³⁹⁰ Ibid., s. 198-199 - mange av grunnleggjarane av den kinesiske republikken hadde studert i Japan og blitt eksponert for moderne idear der. Dei vart provoserte av at Kina stadig vart audmjuka av stormaktene. Men fordi desse republikanarane mangla støtte i store delar av folket, måtte dei inngå kompromiss med det gamle regimet.

³⁹¹ Ibid., s. 170-171 – medan Meiji-restaurasjonen fann stad 15 år etter at vestlege makter tvang landet ope, fall det førmoderne Joseon-dynastiet i Korea 44 år etter at stormaktene synte seg ved hamnene her, medan Qing-dynastiet vart styrta heile 72 år etter at det same skjedde i Kina.

³⁹² Ibid., s. 196-197, 200-201, 204-205

³⁹³ Ibid., s. 184-185 - i utkastet til grunnlov var det tydeleg at forfattarane “hadde rådført seg med europeiske grunnlovar, men hadde teke utgangspunkt i Japan sin tradisjonelle religion og kultur” - *Nihon no dentoutekina shuukyou ya bunka wo dodai to suru kenpou souan wo tsukutta* - akkurat som elitene i tidlegare tider.

Den same haldninga til omverda gjeld no som den gjorde for over eit millenium sidan: ein bør ta til seg det som er i nasjonen si interesse, men ikkje dermed gløyme det ein allereie har. 20 år etter Meiji-restaurasjonen, i 1889, vart Japan det einaste konstitusjonelle monarkiet (*rikkenseiji*) i Asia, og det i ei tid der ein ikkje trudde slike statar kunne eksistere utanfor den vestlege verda.³⁹⁴

Japan si fornya interesse for omverda - no gjennom imperialistisk verksemd - er i dette verket *i det store og det heile* noko omverda tener på, inkludert menneska på Hokkaido og Ryukyu, som innlemmast i riket i denne perioden. Dette gjeld særleg Ryukyu, kor forteljinga syner til språklege og etniske band til majoritetsbefolkninga, og ikkje minst eit ønskje hos mange av bebuarane om å bli innlemma i Japan.³⁹⁵ Ein fortel òg om «blodsband» mellom majoritetsbefolkninga og *aino*-folket, og i forteljinga om innlemminga av deira samfunn i det moderne Japan balanserast det mellom undertrykkjing og siviliserng.³⁹⁶

Den japanske sigeren over Russland i 1905 inspirerte både innbyggjarar i vestlege koloniar og ikkje-russiske nasjonalitetar i tsarriket.³⁹⁷ Mange koreanarar motsette seg den japanske annekteringa av riket, men japansk koloniseringspolitikk førte til industrialisering og utvikling.³⁹⁸ Japan skulle kome til å møte motstand frå fleire hald, og entusiasme og støtte frå andre, i sitt vidare oppdrag med å bringe “moderniteten” til andre delar av Asia.

6.7 Japan og vestlege stormakter – ein gryande «rasekrig»

I eit stadig meir rasefarga språk forteljast det om korleis vestlege stormakter følgde Japan med vaksame auge, og kjende på ei frykt som til tider var rasistisk motivert.³⁹⁹ I løpet av dei første tiåra av 1900-talet blir Japan framstilt som ein stadig meir sentral forkjempar og inspirasjonskjelde

³⁹⁴ Ibid., s. 187

³⁹⁵ Ibid., s. 174-175 – ei sideforteljing fortel at dei fleste av forfedra til menneska her kom frå Japan i Joumon-perioden (frå 10 000 – 500 fvt.), og at dei snakkar ein japansk dialekt i riket. Ein japansk forkjempar for innlemminga samanlikna den med ei *slavefrigjer*ing, då innbyggjarane med dette slapp å bruke ressursar på å underhalde kinesiske utsendingar o.l. Det eksisterte ein Japan-fraksjonen (*Nihon-ha*) i riket som ønskte å bli ein del av Japan. Motstandarane deira meinte Ryukyu si framtid var saman med Qing-Kina. Denne Kina-fraksjonen mista nærast all innflytelse etter at Kina var slått av Japan i strid i 1895, og moderniseringa av Okinawa skaut fart etter dette. Frå 1912 var innbyggjarane røysteføre ved nasjonale val, *men* inntektsnivået i fylket var lenge lågt, og ein hadde lenge ikkje eit tilbod om for vidaregåande utdanning på Okinawa.

³⁹⁶ Ibid. – eksempel på *kritiske* element i forteljinga, er skildringa av vanskane dette folket hadde med å tilpasse seg ein påtvungen livsførsel som jordbrukarar. Forteljinga er elles særskild rik på detaljar når det gjeld den japanske staten sine *positive* bidrag i ainoane sine liv, som eit vaksineprogram, skuletilbod og opplæring i hygiene. Av tradisjonelle aino-skikkar som denne staten forbaud, nemnar forteljinga skikken med å brenne heimen til avdøde personar.

³⁹⁷ Ibid., s. 195

³⁹⁸ Ibid., s. 198-199 - dette verket går ikkje i detalj om negative aspekt ved koloniserings- og assimileringarbeidet ein foretok seg her.

³⁹⁹ Ibid., s. 195 - etter sigeren over Russland i 1905 byrja dei å snakke om “Den gule fare”.

for den “ikkje-kvite verda”. I ei sideforteljing om internasjonale reaksjonar på den japanske sigeren over Russland, kjem det tydeleg fram at ein sjølv i allierte Storbritannia ikkje gleda seg over den japanske triumfen.⁴⁰⁰

“Den kvite rase” (*hakushoku jinshu*) motsette seg Japan sin innsats på vegne av “dei farga rasene” (*yuushoku jinshu*), som då dei røysta ned Japan sitt forslag om å inkludere ein paragraf mot rasediskriminering i charteret til Folkeforbundet.⁴⁰¹ Forteljinga føregrip hendingane under det komande væpna oppgjere mellom Japan og vestmaktene ved å løfta fram at landet *ikkje* fekk opparbeidd seg erfaring med “total krigføring” (*souryokusen*) grunna deira avgrensa deltaking i første verdskrig. Japanarane var difor treige med å gjere førebuingar til total krig og utvikle moderne krigsutstyr.⁴⁰²

Trusselen frå internasjonal kommunisme og vestlege stormakter forklarar i stor grad japanske val og handlingar i den skilsetjande perioden som no følgjer. Sjølv om forteljinga om 1920-talet er prega av demokratisering heime og samarbeid ute (eit samarbeid som var upopulært i visse kretser i Japan,⁴⁰³ fortel ein òg om ei gradvis forverring av relasjonane til USA.⁴⁰⁴ Antidemokratiske grep forklarast med å syne til reelle truslar, og at Japan ikkje var aleine om å avgrense fridomen til rørsler og parti på venstresida i politikken.⁴⁰⁵

Det kommunistiske skremselet legg seg som eit lag oppå den gamle trusselen om russisk ekspansjonisme, og *det framande* ved også japanske kommunistar understrekast; Dette var eit reiskap for Moskva.⁴⁰⁶ Feilslåtte revolusjonar i Europa gjorde at Komintern no såg mot Asia, og støtte revolusjonær aktivitet i vestlege og japanske koloniar. Kina var ein base for deira aktivitet, og Japan vart etter kvart eit målskive. Depresjonen råka det eksportavhengige Japan hardt, og

⁴⁰⁰ Ibid., s. 208 – “Den japanske sigeren i krigen mot Russland fekk verdsordenen, som var sentrert kring vestlege nasjonar og basert på rasediskriminering, til å skjelve” - *Nichiro sensō de no Nihon no shōri wa, jinshusabetsu ni motodzuku ōbei chuushin no sekai chitsujo wo yurugasu...* Ifølgje eit augevitne, reagerte “folk over heile Europa” (*Zen Yōroppa no jinmin*) på nyhenda om den endelege japanske sigeren “med ei sorg så djup at det var som om dei hadde mista foreldra sine” - *atakamo fubo wo ushinatta gotokuni kanashimi ureeta no desu*.

⁴⁰¹ Ibid., s. 216-217 - dette utfallet “skuffa mange japanarar” - *ōku no nihonjin wa rakutanshita*.

⁴⁰² Ibid.

⁴⁰³ Ibid., s. 220-221, 225 - japanske myndigheiter inngjekk fleire nedrustingsavtalar som provoserte dei militære.

⁴⁰⁴ Dette syner seg på fleire områder: Antipati mot “flittige” (*kinben*) og “framifrå” (*yuushuu*) japanske innvandrarak førte til slutt til at ein i 1924 vedtok det som i Japan er kjent som “den anti-japanske innvandringslova” (*hainichi iminhou*), som sette ein stoppar for all japansk innvandring (Ibid., s. 220). Vidare bidrog amerikansk press til at den for Japan særns gunstige anglo-japanske alliansen vart oppløyst i 1922, mot bae partar sine ønsker (s. 220-221).

⁴⁰⁵ Ibid., s. 227 - “fredsbevaringsloven” (*cianhijihou*), ramma særleg parti på venstresida, men legitimerast gjennom ei samanlikning med liknande lovar i andre land. Det eksisterte tilsvarande “fredsbevaringslover” i andre land.

⁴⁰⁶ Ibid., s. 226-227 - Det japanske kommunistpartiet vart danna i hemmelegheit i 1922 som “Den japanske avdelinga av Komintern - Det japanske kommunistpartiet”.

etableringa av lukka “blokk-økonomiar” tvang Japan til å finne alternative marknader.⁴⁰⁷

6.8 Krig med Kina

I Kina finn mykje anti-japansk aktivitet stad i både nasjonalistisk og kommunistisk regi på 1920- og 30-talet. Desse heldt fram sjølv om den japanske utanriksministeren, som einaste representant for dei imperialistiske maktene, *støtta* kinesiske krav om å få setje eigne tollsatsar.⁴⁰⁸

Eskaleringa av valden i Kina tvang til slutt den japanske hæren i Mandsjuria til å ta affære.⁴⁰⁹ Då eit iscenesatt åtak vart besvart av kinesarane, la japanarane under seg større område,⁴¹⁰ aktivitet som vart støtta av mange japanarar, då ein følte myndigheitene ikkje var i stand til å trygge japanske busetjarar i Kina. I Mandsjuria stod japanarane for industriutvikling under det inkluderande slagordet om “fem rasar i fellesskap” (*gozoku kyōwa*), men *likevel* heldt motstanden fram - og Japan enda opp som ein pariastat.⁴¹¹

At konflikta i 1937 eskalerte og spreidde seg til større område av Kina, skuldast i denne forteljinga i hovusdak kinesiske provokasjonar og kinesisk motstand. I desember inntok japanarane nasjonalist-hovudstaden Nanjing i den tru at Jiang Jieshi ville overgi seg, men nasjonalistane skifta hovudsete og krigen fortsatte.⁴¹²

Den utanlandske assistansen til Kina står i denne forteljinga i vegen for det japanske ønsket om få ein snarleg slutt på konflikta. USA stod for mykje av dette, og protesterte mot japanske ambisjonar om å skape ei “felles velsstandssfære” i Aust-Asia - ei økonomisk blokk som sidestillast med sonene vestlege makter hadde etablert for seg sjølve og koloniane sine.

Vestlege sanksjonar⁴¹³ tvang den japanske hæren til å sjå sørover for å kompensere for tapte importvarer, ei ekspansjonsrute ein visste ville føre til konflikt med vestlege kolonimakter.⁴¹⁴ Forhandlingane med USA kom ingen veg, og gjennom det såkalla Hull-notatet⁴¹⁵ kravde USA

⁴⁰⁷ Ibid., s. 224-225

⁴⁰⁸ Ibid., s. 228-229

⁴⁰⁹ Ibid.

⁴¹⁰ Ibid., s. 230-231 - ein internasjonal kommisjon anerkjente at situasjonen til japanarar i Mandsjuria var utrygg, men anerkjente ikkje Mandsjuku. Japan avviste ønsker om å trekkje ut troppene sine, og trakk seg ut av Folkeforbundet.

⁴¹¹ Ibid.

⁴¹² Ibid., s. 232-233 - dette er for øvrig alt det står om krigshandlingar i og rundt Nanjing i denne boka.

⁴¹³ Ibid., s. 236-237 – Japan var under press frå alle kantar gjennom sanksjonsregimet til ABCD-statane (America, Britain, China og Dutch (Nederland)).

⁴¹⁴ Ibid., s. 234-235

⁴¹⁵ Etter den amerikanske utanriksministeren Cordell Hull.

fullstendig japansk tilbaketrekking frå alle erobra territorier. Dette gjorde at ein måtte velje krig.⁴¹⁶

6.9 Krig mot vestmaktene – frigjering av Asia

Forteljinga om den andre verdskrigen er til dels ei forteljing om begeistring, håp og frigjering. Mykje japansk krigslukke i opningsfasen var prisgeve lokal assistanse. Folk i erobra områder, unnateke Kina - og då særleg dei kinesiske kommunistane – identifiserte seg med det japanske prosjektet. Det som var av lokal motstand mot japanske styrker vart støtta av dei allierte i denne forteljinga, ein detalj som på eit vis svekkar legitimiteten deira.

Då vestlege kolonimakter vendte tilbake etter krigen for å gjenopprette kontroll, lot ikkje dette seg gjere. Dette er i stor grad takka vere japanarane sitt arbeid med å opprette væpna grupper i fleire av områda dei okkuperte. Desse gruppene var aktive i frigjeringskampen etter krigen. I tillegg vart somme japanske tenestemenn verande att i områda for å bidra direkte i denne innsatsen.⁴¹⁷ Forteljinga om dette aspektet ved japansk imperialisme lesast nærast som ei *positiv eksempelforteljing*, om ein sterk part som hjelp svake og undertrykte inn i ei verd av fridom og sjølvråderett.

6.10 Etterkrigstida

Forteljinga om Japan etter krigen er *både* forteljinga om eit land som raskt legg konflikta bak seg grunna ei rask og vellukka attreiseing,⁴¹⁸ men som samstundes argumenterer for at den amerikanske okkupasjonen representerer ei forlenging av «krigen», forstått som ein tilstand kor ein stat tvinger si vilje på ein annan.⁴¹⁹ Den nye grunnloven er eit framtrudande symbol på nettopp dette i denne forteljinga, kor det ikkje står å lese at den hadde oppslutnad i nasjonen.⁴²⁰ Forteljinga om grunnloven, rettssakar mot (ofte uskuldige) japanske tenestemenn,⁴²¹ i tillegg til mykje som vart

⁴¹⁶ Ibid., s. 236-237

⁴¹⁷ Ibid., s. 240-241

⁴¹⁸ Då økonomien kom opp på førkrignivå i 1956, snakka ein om at “etterkrigstida var over” – *mohaya senjo de wa nai* (Ibid., s. 258).

⁴¹⁹ Ibid., s. 254-255 - “difor kan ein òg seie at krigen først slutta då Japan fekk att sjølvstendet sitt” - *sensou ga hontouni owatta no wa, Nihon ga dokuritsu wo kaifukushita tokida to kangaeru koto mo dekimasu*.

⁴²⁰ Ibid., s. 253 - grunnloven vart forfatta av okkupantane på *engelsk* (*eibun*), og det i løpet av ei veke, før den vart “pressa” på japanske myndigheiter. Dei skal ha “fått sjokk” (*shougeki wo uketa*) over at landet i denne grunnlova mellom anna sa frå seg retten til å føre krig, men godtok lovverket då ein frykta for stillinga til keisaren.

⁴²¹ Ibid., s. 248 - ei kort historie om Haag-konvensjonen (1907) følgjast opp av ein gjennomgang av “Dei største krigsbrottsverka i det 20. århundre” (*Nijuu seiki saidai no sensou hanzai*): teppe- og atombombinga av Japan. Ein

gjort under okkupasjonen, handlar om *nasjonale audmjukingar*.⁴²²

Landet blir i løpet av dei første tiåra etter krigen “rehabilitert” av eit internasjonalt samfunn som beundrar landet si økonomiske vekst og vellukka, internasjonale arrangement,⁴²³ folket sin stoiske ro i møte med naturkatastrofar⁴²⁴ og landet sin kulturproduksjon - ny som gamal.⁴²⁵ Men i denne forteljinga er det ei trugande omverda som dominerer dei avsluttande avsnitta i brødteksten. Her peikast det på mange måtar fram mot ei usikker og farleg framtid for Japan.⁴²⁶

Slutten på den kalde krigen følgjast av ein ikkje uventa hard dom over kommunismen, medan ein i samband med Gulfkrigen fortel at Japan sitt manglande styrkebidrag vart kritisert av det internasjonale samfunnet.⁴²⁷ “Eittpartistaten Kina” (*ittoushihaisuru kokka*), eit land som vart verdas nest største økonomi i 2012, syner militære musklar i regionen.⁴²⁸ Det er vanskeleg å lese gjennomgangen av dette trusselbiletet – og den internasjonale etterlysninga av *skarp* assistanse frå landet – utan å tenkje at ein meiner at framtida bør møtast av eit militært førebudd Japan. Kan det tenkjast at ei revidering av grunnlova kan vere naudsynt?

Under den siste overskrifta i verket, “Vegen Japan bør følgje” (*Nihon no susumu beki michi*), nemner ein faktisk kva revideringa av landet sin opplæringslov i 2006 gjekk ut på,⁴²⁹ I tråd med teksten i denne, seier forteljinga avslutningsvis at det er ønskjeleg at japanarar både no og i framtida, heile tida med ei tru på og ein stoltheit over eiga historie, formidlar den framifrå japanske kulturen til omverda og bidreg til å fremje fred og utvikling blant menneska.⁴³⁰

6.11 Oppsummering

Påstandane dette verket kjem med innleiingsvis i dette verket, og implikasjonane dei har for

fortel så om dei over 600 000 japanarane som teke til fange av Sovjetunionen på tampen av krigen og om generelt om japanske brotsverk, sjølv om ein her nyttar meir plass på å nemne at nærare 1000 japanarar vart avretta etter krigen, men at det blant desse fins uskuldige.

⁴²² Ibid., s. 248, 253, 254-255

⁴²³ Ibid., s. 260-261 - i 1968 hadde Japan nest størst BNP i den “kapitalistiske” verda. Landet arrangerte OL i Tokyo i 1964 og ei verdsutstilling i Osaka i 1970, dei første av sine slag i Asia.

⁴²⁴ Ibid., s. 273 - i verket sin korte omtale av tsunamien i 2011, er det særleg dette ein vektlegg.

⁴²⁵ Ibid., s. 268-269

⁴²⁶ Dei tre næraste nabolanda, Kina, Sør- og Nord-Korea, krenker japansk liv og eigedom gjennom kidnappingar (Nord-Korea) og ved å ta seg til rette på japanske øyer (s. 272-273)

⁴²⁷ Ibid., s. 270-271 - ein tykte det ikkje var nok at landet “berre” bidrog med store økonomiske summar.

⁴²⁸ Ibid., s. 272 - den gjennomsnittlege kinesar tener mykje dårlegare enn den gjennomsnittlege japanar, og det er enorme økonomiske skilnadar og store miljøproblem i landet. Eit kart i marginen syner kor det kinesiske gjennom etterkrigstida har vore involvert i krigshandlingar med naboland eller har slått ned interne opprør.

⁴²⁹ Her står det at utdanninga skal ha som føremål å styrke kjærleiken til og respekten for tradisjonen, landet, “heimstaden” og kulturen, *samtidig* som den skal fostre ei positiv haldning til utvikling og fred internasjonalt.

⁴³⁰ Ibid.

forteljinga i sin heilskap, gjer at dette verket ber eit *tydeleg* preg av tropen “*intet nytt sker under solen*”; grunnleggjande trekk ved det tidlegaste Japan definerer nasjonen og folka der også i dag; Japan av i dag er på somme essensielle vis det same som Japan av i går. I tråd med dette fungerer den innleiande forteljinga som ei *tradisjonsforteljing* eller *opprinningshistorie*, då ein her presenterer «the originally constituted forms of life»,⁴³¹ «livsformane» som har grunnlagt det noverande.

Okkupasjonsopplevinga forteljast her fram som eit *brot* på det som elles er gjennomgåande i forteljinga, nettopp at ein utprega nasjonalt medviten elite heile tida har sørga for å ha kontroll på kva ein har teke til seg, og har visst å ta drastiske grep om ein er i ferd med å miste kontrollen, då særleg grunnlova lesast som *framand* i dette verket. Innhaldet i denne implisitt gjere det vanskeleg for landet å møte no- og framtidige truslar mot japansk territorium – og bør difor «takast tilbake» av nasjonen.

⁴³¹ Rüsen, J., 2005, s. 12-13

7 とともに学ぶ人間の歴史

«Saman lærer vi historia til menneska» (SHM)

godkjent 2015, første opplag (januar 2019)

7.1 Introduksjon

Medan dei andre nyaste læreverka er relativt like når det gjeld layout, biletval og kapittelinnending og -titulering, skil dette verket seg ut både når det gjeld desse områda, men òg gjennom måten det fortel fram forteljinga på. Teksten under nærast kvar einaste overskrift innleiast med ei “rammeforteljing”, ein inngang til det ein meir generelt ønskjer å fortelje om.⁴³²

Mange av desse rammeforteljingane – og forteljinga i sin heilskap – er uttrykk for “historie nedanfrå”. Mykje kretsar difor kring liva til vanlege menneske av baa kjønn, på godt og vondt, både i og utanfor Japan.⁴³³ Vitnesbyrd nyttast mykje, og tema som urett, liding og eit folkeleg engasjement for å skape endring, er sentrale. Forteljinga set den *politiske modninga* til det japanske folket i sentrum. I ingen andre verk er fokuset på dette temaet *tydelegare* enn i denne, som fortel ei forteljing kor “*framsteget*”-tropen lett lar seg identifisere.

Vidare er konsekvensane krig og konflikt har hatt og framleis har for vanlege menneske over heile verda, til stades gjennom heile forteljinga.⁴³⁴ Det same er det motsette, dei positive verdiane fred og forsoning, som har synt seg mogelege og ønskjelege å verkeleggjere gjennom mykje av historia. Stadfestinga av universelle og evige sanningar gjennom eksempel frå ei rekkje tider og stader, som det menneskelege ønsket om fridom, at krig er eit onde og forsoning eit gode, gjer at foreljinga kan seiast å også vere kjenneteikna av tropen “*Intet nytt sker under solen*”.

7.2 Liding og urett – protest og folkemakt gjennom førmoderne tid

Det “universelle” ved denne forteljinga kjem tydeleg til uttrykk over dei første sidene i verket, der

⁴³² Ei livleg gruppe religiøse sin dansande innmarsj på ein marknadsplass introduserer til dømes forteljinga om tradisjonen med sesong-marknadar i Kamakura-æraen (1185 – 1333).

⁴³³ Vi får mellom anna høyre om kvinner sin plass i andre samfunn, som i det revolusjonære Frankrike og i samfunna til den amerikanske urbefolkninga.

⁴³⁴ *Tomo ni manabu ningen no rekishi* (frå no av SHM), 2019 - som einaste verk nemner dette i *brødteksten* at det i danninga av høvdingdømer i ur-Japan døydde mange menneske i krig (Ibid., s. 29). I forteljinga om krigar i Japan gjennom den japanske oldtida og mellomalderen, fortel ein her *konsekvent* om kva følgjer desse konfliktene fekk for vanlege folk i samfunnet (s. 64-65, 66-67, 74-75, 100-101).

Japan på ingen måte blir gjeve privilegert plass - øygruppa nemnast ikkje med eitt ord.⁴³⁵

Forteljinga om dei første samfunna på dei japanske øyene er i dette verket ikkje utelukkande prega av idyll og harmoni, men også av lidning,⁴³⁶ som at spedbarn døydde grunna matmangel – noko som skuldast overhausting av naturen.

Sjølv om mykje i forteljinga om japansk politisk historie gjennom oldtida og mellomalderen minnar om det ein finn i andre stader, fortel ingen andre like detaljert om livet til bøndene gjennom heile perioden, og også her finn vi ei *kritisk* forteljing om kor harde liva til den jamne bonde var i det første keisardømet.⁴³⁷ Konfliktnivået mellom elite og bondestand er høgt gjennom mykje av den vidare forteljinga fram til moderne tid,⁴³⁸ og i tråd med “*framsteget*”-tropen blir til dømes landsbystyra gradvis meir inkluderande og demokratiske frå 1300-talet av.⁴³⁹

“*Framsteget*” er vidare synleg i korleis verket fortel fram ei utviklinga av motstand mot myndigheitene som går frå å vere valdeleg og fanatisk til å bli rasjonell, ei utvikling ein finn oppsummert i overskrifta «Før var det opptøyer, no er det folkemøter».⁴⁴⁰ Eit eksempel på 1800-talet syner at folket i stadig større grad søkte å få gjennomslag for vilja si utan å ty til vald.⁴⁴¹ I forteljinga om slutten på det siste shogunatet har ein gjeve opplevingane til folk utanfor den politiske eliten mykje merksemd,⁴⁴² og mellom anna gjennom kritiske vitnesbyrd frå vanlege

⁴³⁵ Ibid., s. 12-23 - over dei første sidene i forteljinga fortel ein, heile tida med utgangspunkt i andre område enn dei japanske øyene, om opphavet til menneskeslekta, utvandringa frå Afrika, jordbruksrevolusjonen og dei første sivilisasjonane. Av eksempel på landområde utanfor Afrika som gradvis vart busett av menneske, trekkjer ein fram Australia og Amerika. Eit lite verdiskart på ei av sidene syner kor tid dei første menneska kom til dei japanske øyene.

⁴³⁶ Ibid., s. 24-29 – i denne forteljinga syner ein til at det i ein periode døydde mange spedbarn, og at folk generelt ikkje vart gamle. Dette skuldast til dels *menneskelege* feilgrep, som ei overivrig hausting av naturen.

⁴³⁷ Ibid., s. 44-45 – her er det til dømes satt av to sider i hovudforteljinga til å greie ut om skatte- og vernepliktsordningane i *ritsuryou*-staten. Ein klagesong frå ein vernepliktig soldat fungerer som inngongen til forteljinga om tilhøva desse bondesoldatane tenestegjorde under. Under det nye skatte- og tvangsarbeidsregimet vart folk nærast jobba i hel og flykta frå jorda si.

⁴³⁸ Dette syner forteljinga mellom anna ved å fortelje at bønder fleire gongar gjennom 1000-talet overlevte klagebrev til myndigheitene (Ibid., s. 50-51), at ei religiøs gruppe protesterte mot vanstyre (s. 60-61) og, gjennom å sitere eit enkelt klagebrev frå 1275, forteljast det om kor steile frontane mellom bøndene og myndigheitene var på 1200-talet, og korleis bøndene truga både med vald og å flykte frå jorda (s. 70-71). Under eit bondeopprør i 1428 deltok folk frå baa kjønn og i alle aldre (s. 80-81).

⁴³⁹ Ibid., s. 78-79 - frå denne tida fekk også bebuarar utan jord og unge menneske teke med i driften av landsbyen. Gjennom forhandlingar på dei lokale “tinga” (*yoriai*), leia av landsbyleiarane *otona*, vart ein einige om lovar og løyste tvistar.

⁴⁴⁰ Ibid., s. 182-183 - *mukashi ikki, ima enzetsukai*

⁴⁴¹ Ibid., s. 130-131 – gjennom Edo-æraen (frå byrjinga av 1600-talet til 1868) fann det stad 3 700 bondeopprør i landet, og ei “rammeforteljing” fortel om eit vellukka opprør i 1840, kor bøndene fekk gjennomslag for krava sine utan at nokre liv gjekk tapt – eit eksempel på stadig fleire vellukka “opprør”.

⁴⁴² Ibid., s. 164-165 - misnøya med shogunatet spreidde deg i befolkninga, som opplevde prisstigning og konkurranse i samband med opninga av hamnene for utanlandske varer. Store opptøyer, somme leia av kvinner, får plass i forteljinga.

folk⁴⁴³ fortel ein om samfunnstilhøve som ikkje vart rettvise sjølv etter Meiji-restorasjonen, ei hending mange hadde store forhåpningar til.⁴⁴⁴

Når det gjeld forteljinga om minoritetar i det japanske samfunnet, søker den japanske oldtidsstaten her å ikkje berre å leggje under det uavhengige *emishi*-folket i nordaust, men òg eit anna folk sør i landet, *hayato*.⁴⁴⁵ Det gamle Japan⁴⁴⁶ er her ei mindre “organisk” eining enn i dei andre verka, eit eksempel på at *nasjonar må skapast*. Forteljinga om *emishi*-folket handlar både om at dei blir erobra og utsatt for ei naturkatastrofe, men det er òg ei forteljing om ei positiv integrering av det erobra folket i den nye staten.⁴⁴⁷

“Forfedra” til *aino*-folket melder seg i forteljinga allereie på 900-talet, ein periode kor dei handla både med japanarar og andre i området. Her er det *ainoane* som oppsøkte folk på hovudøyene, og sat med andre ord ikkje å venta på at japanarar skulle ta kontakt.⁴⁴⁸ Ei skildring av produksjonen av det tørka tareproduktet *kombu*, ettertrakta i store delar av Aust-Asia, tener som ein inngang til ei forteljing om kor integrert dette folket var i den regionale handelen.⁴⁴⁹

7.3 Det moderne Japan

Grunnleggjinga av det moderne Japan var ei naudsynt utvikling i retning folkeleg medråderett, men den unge staten representerer ikkje stort meir enn eit første steg på vegen mot dette i denne forteljinga. Den er kritisk til mykje ved den nye staten,⁴⁵⁰ men syner òg at myndiggjorte borgarar umiddelbart tok fatt på arbeidet med å gjere staten meir demokratisk og liberal.⁴⁵¹ Eit eksempel er

⁴⁴³ Ibid., s. 166-167 – «Somme misnøgde røyser sa at «keisaren sine planar er eit narrespel!»» - *Tenchou no goshushi wa mayakashi mono da*.

⁴⁴⁴ Ibid. - Meiji-regimet vidareførte somme av dei autoritære lovene frå shogunatet, og representerer slik ei ufullstendig frigjerjing.

⁴⁴⁵ Ibid., s. 42-43

⁴⁴⁶ Eksl. Hokkaido.

⁴⁴⁷ Ibid., s. 50 - ikkje berre vart *emishi*-folket på 800-talet overmanna militært, men området der mange av dei budde i same periode råka av ein øydeleggjande tsunami. Folk av *emishi*-ætt blir i denne forteljinga gjeve posisjonar i statsapparatet etter at områda deira hadde blitt innlemma i den japanske staten. det står at personar av dette folket fekk stillingar i administrasjonen nordaust i landet.

⁴⁴⁸ Ibid., s. 49

⁴⁴⁹ Dei selde produkt som mellom anna vart konsumert på teatera i Kyoto og vart nytta i kinesisk medisin.

⁴⁵⁰ I denne forteljinga kvittar ikkje det nye regimet seg med det gamle standssystemet, men byttar det ut med eit nytt - landet hadde framleis eit hoff og eit aristokrati, medan det store fleirtalet vart gjort til borgarar (*kokumin*) (Ibid., s. 172-173). Grunnloven er lite tilfredsstillande sett med moderne auge. Ein legg vekt på korleis grunnlova forankra suvereniteten i keisaren, ein institusjon som hadde (altfor) mykje makt, hadde status som “heilag” og var øvstkommanderande for dei væpna styrkene (s. 186-187).

⁴⁵¹ Ganske umiddelbare forsøk på å gi større delar av folket fleire rettar frå innsida av nasjonalforsamlinga var mislukka, men kampen held fram. Ein fekk fleirtal for å gi kvinner fleire rettar i Underhuset, men lovforslaget vart

forteljinga om organisasjonane som gjennom livlege diskusjonar forfatta egne grunnlovskast,⁴⁵² eit engasjementet som møtte motstand då regimet sørga for å gjere det vanskelegare for å danne organisasjonar.⁴⁵³

Den nye og moderne økonomien la vidare tidlegare livsformer i grus, og ikkje berre for dei tidlegare kastelause, som no mista privilegia sine.⁴⁵⁴ Gjennom augo til ei 15 år gamal jente, ein arbeidar på ein av dei mange fabrikkane som no vart bygd i Japan, fortel ein kor harde arbeidstilhøva på slike stader var.⁴⁵⁵

I denne forteljinga er den nye staten sine imperialistiske ambisjonar tydelege i mellom anna omtalen av det nye skulevesenet i landet. Her stod «morallære» og militær eksersis i fokus,⁴⁵⁶ og i historie- og geografifaga fekk dei unge høyre om utanlandske erobringar – då desse vart gjennomført - og keisarfamilien sitt guddommelege opphav.⁴⁵⁷ Seinare på 1800-talet får vi høyre at «riks-japansk» (*kokugo*) fekk plass i skulen, nok eit uttrykk for at nasjonar ikkje er “naturlege”.

Forteljinga om det politiske- og organisasjonslivet i landet på 1910- og 20-talet, fortel i klartekst om konsekvensane av myndighetene sine grep for å stramme inn politisk fridom. Parti på venstresida, som hadde høg oppslutning etter innføringa av allmenn røysterett, vart hardt ramma av «fredsbevaringsloven», som berre i 1933 fekk 1200 personar dømt.⁴⁵⁸ Den store depresjonen sine negative følgjer for verdshandelen, og den øydeleggjande effekten dette hadde på Japan, skildrast i detalj gjennom ulike eksempel.⁴⁵⁹

Forteljinga om tilhøvet mellom ainoane og majoritetsbefolkninga kjenneteiknast av mistillit og svikefull åtferd frå japanarane si side,⁴⁶⁰ noko som toppar seg i assimileringperioden etter

avvist i Overhuset (Ibid., s. 186-187). Fleire år seinare skulle eit lovforslag om å tillate kvinner å delta i lokalval lide same skjebne (s. 218-219).

⁴⁵² Ibid., s. 184-185

⁴⁵³ Ibid.

⁴⁵⁴ Privatiseringa av jorda endra livet i landsbyane, kor ein tidlegare hadde styrt mykje i fellesskap, og dei nye skattane var for høge for somme (Ibid., s. 176-177). Også i denne forteljinga fekk dei tidlegare kastelause det verre i den nye staten: Avviklinga av standssystemet gjorde livet vanskelegare for “dei kastelause”, som no mista sine særrettar knytt til yrkesveg - men framleis vart diskriminerte. Dessutan argumenterer ein for at så lenge samfunnet framleis har ein keisarfamilien og ein adelen, hadde det framleis eit standssystem (s. 172-173).

⁴⁵⁵ Ibid., s. 180-181

⁴⁵⁶ Ibid., s. 174-175

⁴⁵⁷ Ibid., s. 200-201

⁴⁵⁸ Ibid., s. 182-183, 214-215, 216-217, 218-219, 232-233 – vi får høyre om intellektuelle som innfører konseptet «demokrati» i landet, og at den politisk aktive delen av befolkninga, inkludert kvinner, gradvis vart meir medviten sin eigen situasjon. Utsegnet frå ei samtidig kvinne, som peiker på det gale ved at ho som skattebetalar ikkje hadde røysterett, er eit eksempel på det folkelege, politiske engasjementet som veks i perioden.

⁴⁵⁹ Ibid., s. 224-227

⁴⁶⁰ Ibid., s. 122-123

Meiji-restaurasjonen.⁴⁶¹ Ryūkyū-kongedømet er eit sentralt knutepunkt i det regionale handelsnettverket,⁴⁶² og også forteljinga om assimilieringa av dette riket er kritisk og handlar i stor grad om motstand.⁴⁶³

7.4 Utlandet og utkanten – gjennom krig og fred

Forteljinga om møtet mellom ulike kulturar og nasjonar byr på fleire eksempel som syner det positive ved internasjonalt samarbeid, forståing og forsoning.⁴⁶⁴ Dei mange og viktige bidraga frå innvandrarar frå det asiatiske kontinentet til dei japanske øyene på 500-talet, *toraijin*, løftast tydeleg fram,⁴⁶⁵ som at det var slike migrantar som underviste dei første buddhistiske lærde i Japan, som var kvinner - eit tidleg eksempel på innvandrarar og kvinner sine bidrag i utviklinga av japansk kultur- og samfunnsliv.⁴⁶⁶

Frå tid til anna forlet forteljinga dei japanske øyene og Aust-Asia, ofte for å syne eksempel på transnasjonal utveksling av varer og kulturelle impulsar, i byrjinga i *ikkje-europeisk* regi.⁴⁶⁷ Kommersiell og kulturell interaksjon mellom Japan og omverda, til dels ved at japanarar buset seg ute og folk frå utlandet buset seg i Japan, går att gjennom heile mellomalderen,⁴⁶⁸ og det mongolske imperiet framstår her mindre aggressivt overfor Japan enn i fleire andre forteljingar, då det her ikkje ber om «underkasting».⁴⁶⁹ Ei illustrerande forteljing om *søtpoteta* utgjer ei rammeforteljing om den etter kvart stadig meir “globale verda”.⁴⁷⁰

⁴⁶¹ Ibid., s. 188-189 - på denne tida, seint 1800-tal, forbaud ein ainoane å gjennomføre religiøse seremoniar og å fange dyr på den tradisjonelle måten.

⁴⁶² Ibid., s. 84-85

⁴⁶³ Ibid., s. 188-189

⁴⁶⁴ Ibid., s. 35 - då riket til den japanske dronning Himiko låg i konflikt med eit anna, sende kinesarane ho ei “gul krigsfane og nokre oppmuntrande ord”

⁴⁶⁵ Desse menneska er tilstades i teksten andre stader enn berre i eigne avsnitt. Dei danna heile landsbyar i Japan på 400-talet (Ibid., s. 37), og konstruerte forsvarsverk for det japanske regimet på 600-talet (s. 40-41).

⁴⁶⁶ Ibid., s. 38-39

⁴⁶⁷ Etter ein gjennomgang av framveksten til islam, får vi til dømes høyre om muslimske handelsmenn i Indiahavet (Ibid., s. 48-49). Desse handelsmenna skulle nokre hundreår seinare bli utfordra av portugisarar, som trengde seg inn i området med våpen i hand (s. 92-93).

⁴⁶⁸ Det første kapittelet om mellomalderen skildrar livet i den japanske hamnebyen Hakata, kor mange kinesiske handelsmenn busette seg (Ibid., s. 58-59). Seinare fortel ein om *toujinmachi*, byar på Kyushu kor koreanarar og kinesarar busette seg (s. 96-97).

⁴⁶⁹ Som ei makt som la tilhøva til rette for internasjonalt handel og kulturutveksling. I dette verket var det “venlege relasjonar”, ikkje underkasting, ein søkte, men ikkje fekk, av dei japanske herskarane. Etter dei feilslåtte invasjonforsøka etablerte ein i alle høve venlege relasjonar (Ibid., s. 72-73)

⁴⁷⁰ Ibid., s. 90-91 - denne rotgrønsaken kallast *satsuma-imo* (*imo* = potet) av japanarane. *Satsuma* er namnet på det japanske lenet som hadde ein nær relasjon til Ryukyu (eit alternativt namn på grønsaken er *ryukyu-imo*), og introduserte resten av Japan for poteta etter sjølv å ha fått tilgang på den via Ryukyu. Dette kongedømet hadde på si

Forteljninga om dei japanske invasjonane av Korea på 1590-talet er i dette verket eit tydeleg eksempel på mykje av det mest sentrale i forteljninga som heilskap: eit uomtvistleg eksempel på det negative ved krig, men samstundes på at seinare forsoning er mogeleg.⁴⁷¹ Invasjonen gir oss òg eit eksempel på det universelle ønsket om frigjering og medråderett: koreanarar nytta kaoset som rådde til å fri seg frå det undertrykkjande systemet ein allereie hadde i landet⁴⁷² - undertrykkjing og urett var (og er) eit universelt fenomen.

I forteljninga om koloniseringa av Nord-Amerika blir samfunna til dei innfødde amerikanarane gjort *meir konfliktfylte* etter møtet med europearane,⁴⁷³ men dei søkte å få ein slutt på konfliktene på deliberativt vis.⁴⁷⁴ Dei såkalla «arvesyndene» til USA er vidare særst sentrale i denne forteljninga – kritiske eksempel på imperialisme, krig og undertrykkjing.⁴⁷⁵ Eit eksempel på at førmoderne samfunn har mykje ein kan lære av, og som tydeleggjer det kritikkverdige ved moderne, imperialistisk verksemd, ikkje naudsynleg europeisk, dukker opp att i eit talande eksempel mot slutten av forteljninga i dette verket.

På same måten som at Japan sin Meiji-restaurasjon representerer ei *ufullstendig* frigjering, gjer også både danninga av USA og den franske revolusjonen det i denne forteljninga, noko franske Olympe de Gouges, som vart skuffa over at kvinner ikkje hadde røysterett i det nye Frankrike, og forteljninga om slavekvinna Elizabeth Freeman er eksemplar på.⁴⁷⁶

Her gir forteljninga om den japanske Iwakura-delegasjonen si “danningsreise” til den vestlege verda etter restaurasjonen ei opplæring i kva verdisyn som rådde blant eliten i stormaktene, og *korleis verda difor fungerte*. Dei vart fortalt at det var små nasjonar si oppgåve å bli utnytta av større, noko delegasjonen såg med eigne auge i Sri Lanka, då dei stoppa der på vegen heim.⁴⁷⁷

side kjøpt den av kinesarar, som hadde fått den frå spanjolar, som hadde teke den med seg over Stillehavet frå Amerika.

⁴⁷¹ Gjennom vitnesbyrd syner ein korleis japanske troppar tok koreanarar til fange og selde dei som slavar, og fortel at koreanarar på si side gjorde innbitt motstand (Ibid., s. 104-105). Relasjonane mellom Japan og Korea betrer seg etter ikkje så mange år, noko som illustrast gjennom forteljninga om den særst entusiastiske mottakinga ein koreansk delegasjon i Japan fekk i samband med innsetjinga av ein ny shogun (s. 124-125).

⁴⁷² Ibid.

⁴⁷³ Ibid., s. 146-147 - skytevåpna europearane hadde med seg skapte konfliktar mellom stammene

⁴⁷⁴ Ibid., s. 146-147 - Indianarane finn så saman i Irokserføderasjonen, kor dei hadde eit forum for løysing av tvistar, med eit “parlament” med mannlege representantar, men som også kvinner kunne delta i valet av. Føderasjonen sørga for langvarig fred i området.

⁴⁷⁵ Ibid., s. 146-147 - ein nemner slaveriet og den stadige fortrenginga av urbefolkninga, som via «Tårenes veg».

⁴⁷⁶ Ibid. – Freeman vann fridomen sin ved dom, då slaveri vart dømd å vere i strid med delstatsgrunnloven i Massachusetts.

⁴⁷⁷ Ibid., s. 178-179

7.5 Imperialisme og krig i moderne tid

Som første moderne nasjon i Asia er Japan eit førebilete for andre land i verdsdelen, men er i denne forteljinga ei makt som aktivt motarbeider nasjonalistiske og republikanske ambisjonar i nabolanda sine.⁴⁷⁸ Sjølv om japanske borgarar hjelpte kinesarar i arbeidet med å grunnleggje ein sjølvstendig, kinesisk republikk, sørga *den japanske staten* på si side for at eit samla og sjølvstendig Kina ikkje vart realisert,⁴⁷⁹ noko den òg gjorde overfor innbyggjarane i Korea og på Taiwan.⁴⁸⁰ Det er inga tvil om at Japan frå byrjinga av 1900-talet er å rekne som ei av verdas imperialistiske stormakter.⁴⁸¹

Forteljinga fortel òg om *afrikansk* motstand mot kolonisering i denne perioden, og at folk her fann saman på tvers av religiøse skiljelinjer for å kjempe mot europeiske imperialistar. Det målast eit variert bilete av folkeleg motstand mot kolonimakter mange stader i verda, og eit vitnesbyrd frå ein kvinneleg koreansk student, som deltok i demonstrasjonar mot dei japanske kolonimyndigheitene i 1919, tener som ein inngang til ei forteljing om liknande rørsler verda over.⁴⁸²

Fleire vitnesbyrd, mellom anna frå barn,⁴⁸³ er med på å fortelje fram forteljinga om krigshandlingane, og følgjene av desse, i perioden 1931-1945, både i og utanfor Japan. Forteljinga

⁴⁷⁸ Ibid., s. 194-195 – i Korea kjempa til dømes det japanske militæret – under krigen mot Kina – mot ei koreansk bonderørsle.

⁴⁷⁹ Krefter i Kina ønskte å følgje Japan sitt eksempel etter nederlaget i 1895, og mange av dei vitja Japan, kor dei mottok støtte frå fleire japanarar, og makta å grunnleggje Republikken Kina i 1911. Etter den første verdskrigen pressa Japan Kina til å gå med på ei rekkje krav som krenka suvereniteten til landet, og anti-japanske organisasjonar såg dagens lys (Ibid., s. 208-209). Prinsippa om sjøvråderett synte seg å ikkje gjelde i Asia, så Kina fekk difor ikkje medhald i sitt ønske om at Japan skulle trekkje tilbake krava dei stilte landet under den første verdskrigen (Ibid., s. 210-211). Seinare, på 1920- og 30-talet, var det rikssamlingsarbeidet til Jiang Jieshi som framstillast som hovudårsaken til at det japanske militæret iscenesatte fleire “episodar” for å kunne styrke kontrollen over området (s. 230-231).

⁴⁸⁰ Japansk koloniserings- og assimileringarbeid i Korea skildrast i detalj, og det same gjer koreanarar sin motstand mot denne (Ibid., s. 202-203). Etter nederlaget mista Kina kontrollen over Taiwan, og før japanarane hadde etablert seg på øya, hadde innbyggjarane erklært at øya no var ein sjølvstendig republikk. Motstanden mot japanske kolonimyndigheitene heldt fram i lang tid, og ønsket deira om å få opprette eit eige parlament på øya vart avvist (s. 219).

⁴⁸¹ Ibid., s. 196-197, 198-199 – landet deltek i koalisjonen på åtte land som slo ned boksaropprøret, allierte seg med Storbritannia og sigra over Russland i 1905.

⁴⁸² Ibid., s. 212-213 - som i Egypt og Polen. Marie Curie si oppdaging av og døyning av grunnstoffet “polonium” fortel om eit ønske om å rette merksemd mot landet hennar sin eksistens under den russiske tsaren. Vidare fortel ein om draumen til ein viss Mirsaid Sultan-Galiev, som ønskte å samle alle tyrkiske folk. Denne vart knust då han vart avretta av sovjetiske myndigheiter.

⁴⁸³ Ibid., s. 251, 268-269 - konsekvensane krigen hadde for barn, elevane sine jamnaldrande, tydeleggjerast gjennom vitnesbyrda til Anne Frank, Audrey Hepburn og ein tenåring som opp- og overlevde bombinga av Hiroshima og såg andre skuleborn døy. Dei brutale og langvarige etterverknadane av denne bombinga synast gjennom forteljinga om ein skuleelev som døyde av kreft ti år etter å ha blitt truffe av radioaktivt regn i byen

om den andre verdskrigen gjer det tydeleg at krig er eit *universelt onde*, mellom anna ved å syne at ingen partar respekterte sivile liv i konflikta.⁴⁸⁴ Grunna manglande forsyningar vart den meinige japanske soldat tvunge til å ta mat frå til dømes kinesiske sivile, og sær mange av dei som døyde i krigen, døyde av svolt, ikkje kulene frå fienden - langt frå noko som kan minne om ein ærerik død.⁴⁸⁵ Sensuren av proletarlitteratur⁴⁸⁶ innleier ein gjennomgang av det strenge sensurregimet det japanske folket levde under i denne peridoen, eit informasjonsregime som hindra dei i å få vite korleis krigen utvikla seg – og søkte å fylle dei med hat mot fienden.⁴⁸⁷

7.6 Etterkrigstida – ei modningstid

I etterkrigstida fortel ein fram ein endeleg modningsprosess av *heile* det japanske folk, kvinner som menn, barn som vaksne, både politisk og organisatorisk,⁴⁸⁸ og forteljninga er tydeleg på at demokratisk engasjement og sinnelag *ikkje* var noko som kom med okkupantane,⁴⁸⁹ mellom anna gjennom ei forteljing om politisk engasjerte kvinner innleiingsvis.⁴⁹⁰ Den nye grunnloven blir her motteke positivt, og kopiar av den blir frakta lange avstandar slik at heile folket får ta del i feiringa.⁴⁹¹ Men okkupasjons erfaringa var ikkje udelt positiv for frigjeringa av det japanske folk: ein praktiserte streng sensur, mellom anna når det gjaldt omtale av atombombinga, og forbaud etter kvart streikar.⁴⁹² Kontrasten er elles stor til Korea, kor det òg forteljast om eit levande organisasjonsliv i den umiddelbare etterkrigsperioden, men at dette vart slått ned på då den kalde

⁴⁸⁴ Ibid., s. 234-235 - den *japanske* bombinga av kinesiske byar set den seinare amerikanske bombinga av japanske byar inn i sin rette kontekst: *Ingen* partar respekterte sivile i denne krigen - *krig er eit universelt onde*.

⁴⁸⁵ Ibid., s. 234-239

⁴⁸⁶ Ibid., s. 233 – romanen “Krabbeskipet” (*Kanikousen*) vart gjeve ut i 1929.

⁴⁸⁷ Ibid., s. 233, 243 – Særleg mot «Det tyranniske Kina» (*Bourei Shina*) og «det barbariske Vesten» (*Kichiku Beiei*).

⁴⁸⁸ Forteljninga fortel om ein japansk innsats – inneia av kvinner – mot atomvåpen, som kom på beina i etterkant av *Daigo Fukuryū Maru*-hendinga, ti år etter nederlaget (Ibid., s. 268-269). Forteljninga om organisasjonslivet blant unge tek utgangspunkt i ein innsats for å låne ein av dei få elefantane som var att i landet frå ein dyrehage i Nagoya, slik at born i andre delar av landet fekk sjå og oppleve den (s. 262-263).

⁴⁸⁸

⁴⁸⁹ Og deira arbeid for å «demokratisere» (*minshuka*) det japanske samfunnet.

⁴⁹⁰ Ibid., s. 258-259 – i innleiinga fortel ein om ei kvinne som dreiv valkamp i det utbomba Tokyo. Hennar kampsaker var ein innsats *mot* krig (broren hennar døyde i kamp på Filippinene) og *for* rettane til kvinner. Vi får vite at ein organisasjon som kjempa for rettighetene til kvinner vart stabla på fote berre ti dagar etter den japanske overgjevinga, altså *før* dei allierte okkupasjonsstyrkene hadde installert seg. Eitt av resultatene av dette engasjementet ser vi etter det første nasjonale valet i etterkrigstida: Inga nasjonalforsamling hadde høgare andel kvinner enn den japanske.

⁴⁹¹ Ibid., s. 260-261 - Ein feira den med seremoniar, og siterer ei fabrikk-kvinne på at ho tykte det var bra den forbaud krigføring. Ein kopi vart smugla med til Okinawa slik at folk her kunne ta del i markeringa også. Den grunnlova var folkesuvereniteten klårt uttrykt, i motsetnad til den førre. Ein smugla den nye grunnloven til det amerikanskokkuperte Okinawa, for å la folka der ta del i hendinga også

⁴⁹² Ibid., s. 258-259

krigen skjerpa seg. Delinga av landet og krigen frå 1950-1953 skapte enorme lidningar.⁴⁹³

Forteljinga er tydeleg på korleis den nye skulekvardagen nærast var den tidlegare sin positive motpol, at ein på alle punkt gjekk bort frå det ein hadde i åra før 1945⁴⁹⁴ – eit eksempel på grunntropen “*Historien oppprepar sig inte - førr helt annat än nu*”, sjølv om det i denne forteljinga er tydelege krefter som på somme område ønskjer å skru klokka tilbake til “*førr*”.

At korkje representantar frå land som Korea eller Kina, «landet som hadde lidd mest grunna japansk aggresjon»,⁴⁹⁵ deltok på fredskonferansen mellom Japan og allierte makter i 1951, kritiserast, men ein gjenoppretta gradvis relasjonar med desse og andre land i tiåra etter krigen.⁴⁹⁶

Det japanske forholdet til USA er ei kjelde til mykje usemje og negative konsekvensar i dette læreverket, i hovudsak knytt til krig og konflikt, som til dømes på Okinawa.⁴⁹⁷ Også i Japan var det motstand mot det militære samarbeidet med USA,⁴⁹⁸ og japanske myndigheiter sin plan for «inntektsfordobling» (*shotokubaizou*) i byrjinga av 1960-åra framstillast eksplisitt for eit grep som tok sikte på å «underkue» dei politiske motsetnadane i befolkninga.⁴⁹⁹ Vidare problematiserer verket at det uttalt pasifistiske Japan tente godt på krigen i Vietnam, og at myndigheitene i landet støtta amerikansk krigføring i landet. Paradoksalt nok bidrog altså *krig* til at landet kunne reise seg etter krigen.⁵⁰⁰

7.7 Forsoning, fred, berekraft og rettferd

Over dei siste ti sidene, kor ein etter kvart vender blikket framover mot det som enda ikkje har funne stad, går mellom anna *forsoning* att. Ein fortel om innsatsen for å leggje bak seg historisk urett på eit vis som tilfredsstillar ofra, og illustrerer dette ved å syne til forsoningsarbeid mellom Japan og offer for japansk aggresjon.⁵⁰¹ Tett knytt til forsoning etter tidlegare krigshandlingar er

⁴⁹³ Ibid., s. 264-265

⁴⁹⁴ Ein ungdomsskuleelev siterast på at den nye skulekvardagen, med klassar kor både kjønn var representert og ein gjekk vekk frå det militære fokuset, var mykje meir positiv enn den tidlegare. I historiefaget byrja ein no med å syne til arkeologiske funn når ein såg på landet si eldste historie, ikkje myter (Ibid. s. 264-265).

⁴⁹⁵ Ibid., s. 266-267 – *Nihon ga sensou de mottomo ookina higai wo ataeta...*

⁴⁹⁶ Ibid.

⁴⁹⁷ Ibid., s. 266-267, 276-277 - det amerikanske nærveret på Okinawa gjennom fleire tiår etter krigen har her store negative konsekvensar, og motstanden frå innbyggjarane er stor.

⁴⁹⁸ Gjennom tryggleiksavtalen som på kort kallast *Anpo*-traktaten.

⁴⁹⁹ Ibid., s. 270-271

⁵⁰⁰ Ibid., s. 272-273, 274-275 – vidare utgjer utsegn frå unge og håpefulle skuleelevar, som drøymar om ei betre framtid enn sine foreldre, forteljinga sin inngang til dette temaet; den enorme vekstperioden i landet si historie.

⁵⁰¹ Ibid., s. 280-281 - her syner ein til stort sett positive steg for å skape forsoning mellom japanarar (representert ved selskap og statlege myndigheiter) og asiatiske offer for japanske overgrep. Slik tydeleggjer ein moglegeheitene som ligg i ektefølt forsoningsarbeid mellom tidlegare “fiendar”.

kampen for å hindre nye: Lesarane oppmodast til å hindre at kreftene som ønskjer at landet sitt militære skal nyttast i krigshandlingar får gjennomslag.⁵⁰²

Vidare handlar no- og framtida om kampen for å skape ei berekraftig verd, og forteljinga syner til dei negative sidene ved økonomisk vekst - og at ei vektleggjing av anna er mogeleg.⁵⁰³ Lesarane får høyre om skilnaden mellom fattige og rike land, at Japan gjev assistanse utviklingsland,⁵⁰⁴ og at det ikkje berre er i utviklingsland den økonomiske kvardagen til folk er usikker: den er ikkje like sikker som den ein gong var i Japan heller - ei implisitt oppmoding om å arbeide for eit meir humant arbeidsliv?

Dei siste to sidene byr på eit par slående uttrykk for det mykje av læreverket har handla om. Først ei hending frå Stillehavskrigen som syner at krig rammar og “perverterer” alt liv.⁵⁰⁵ Deretter følgjer deler av livshistoria til ein person som har det japanske namnet *Kitagawa Gentaro*, ein mann som tilhørde Uilta-folket på Sakhalin-øya. Han vart fødd inn i eit samfunn som omtalast som *berekraftig, solidarisk og fredeleg*, eit samfunn kor ein var venleg mot framande. Han vart etter kvart tvunge inn i den japanske hæren, enda opp som krigsfange i Sibir etter krigen og vart seinare i livet nekta krigspensjon av den japanske staten.

Det var først då det moderne - og imperialistiske - samfunnet trengde seg på at han som ung lærte orda for “krig” og “fred”, og forteljinga avsluttast nettopp med ei oppmoding til alle lesarar om å skape eit samfunn kjenneteikna av “fred”, her definert som ein tilstand prega *ikkje berre* av eit fråvere av krig, men òg store økonomiske skilnadar, undertrykkjing av menneskerettar og miljøødeleggjingar. Her kan det vere naturleg å sjå til Uilta-folket for inspirasjon, og å nytte det ein finn i historia: «Om ein ønskjer å realisere denne “freden”, er det viktig å lære kva som i fortida har gjort at den har gått tapt.»⁵⁰⁶

I møte med utfordringa om å skape ein nasjon og ei verd kjenneteikna av “fred” i denne

⁵⁰² Ibid., s. 282-283 - under ein gjennomgang av krigar i nyare tid, særleg Irakkriegen og dei sivile lidingane den medførte, kjem ein inn på usemjene om det japanske forsvaret si rolle, og at japanske troppar *de facto* deltok i krigshandlingar i Irak gjennom si forsyningsrolle. Gjennomgangen avsluttast med ei meir eller mindre klår oppmoding om å ta ansvar og gjere sitt for å sørge for at forsvaret ikkje blir gjeve eit mandat til å delta i krigføring i framtida.

⁵⁰³ Ibid., s. 284-285 –Bhutan har vald ein berekraftig veg. Der er det «gross national happiness» som gjeld, og eit eksempel om eit byggjeprojekt som vart lagt på hylla av omsyn til ein fugleart, syner kor opptekne ein her er av økologi..

⁵⁰⁴ Ibid. - mellom anna gjennom å arbeide for å auke risproduksjonen i fleire afrikanske land.

⁵⁰⁵ Ibid., s. 288-289 - ein amerikansk soldat finn ein katt under ei stridsvogn på stillehavsatollen Tarawa i 1943, det første eksempelet på dyr si rolle i krig, ofte som nyttedyr.

⁵⁰⁶ Ibid. – *Heiwa wo jitsugenshitai to nozomu nara, donoyounishite heiwa ga kowasare, ushinawaretekita no ka, kako no rekishi kara manabitoru koto ga hitsuyoudesu.*

definisjonen, noko som fordrar ein aktiv innsats, er det som om ein her oppmodar lesarane om å lære av ei eksemplarisk forteljing om ein stad og ei tid *utanfor* det japanske majoritetssamfunnet. Samfunnet til Uilta-folket (og andre førmoderne samfunn som nemnast gjennom verket, som dei ein fann i Amerika) ser som nemnt ut til å ha hatt dei naudsynte føresetnadane for eit slik “fredeleg” samfunn, før dei i si tid vart «korrumperte» i møtet med “moderne” krefter utanfrå.

I denne forteljinga syner korleis det japanske folk, menn, kvinner og barn, har kjempa seg til ein stadig større grad av medråderett når det gjeld samfunnsutviklinga, og no bør ein altså nytte denne tileigna retten til å styre framtida inn på rett kurs, både ved å sjå til førmoderne samfunn og på forteljinga om sitt eige og andre samfunn si historie, for å gjere seg medviten om kva som i fortida har satt “*freden*” i fare.

8 Avslutning - Japan mellom nasjonal eigenart og internasjonalisme

8.1 Innleiing

Som det kjem fram i gjennomgangen av dei seks ulike læreverka, har eg identifisert ei meir eller mindre felles *grunnforteljing* over desse bøkene. Dei ulike verka skil seg frå kvarandre i kor *tydeleg* dei fortel fram dei ulike forteljingsmønstra og funksjonane som kan identifiserast i denne forteljinga, og er ikkje minst ulike når det gjeld kva *retningar* dei peikar ut for framtida til Japan og verda.⁵⁰⁷

I det følgjande vil eg sjå nærare på korleis dei ulike verka fortel fram dei to dimensjonane *innland-utland* og *folk-elite*, to dimensjonar som i varierende grad kan seiast å utgjere omdreiingsaksen i alle verka sine forteljingar om Japan frå urtid til no- og framtid. Eg vil diskutere korleis verka si vektning av desse ulike dimensjonane ender opp med å produsere ulike nasjonale forteljingar. Først følgjer ein gjennomgang av det eg vil seie er den nemnte *grunnforteljinga* slik den forteljast i verka, og korleis desse dimensjonane er heilt sentrale.

Medan dei fire hovudstraumsverka kan seiast å vekte desse dimensjonane like mykje i forteljingane dei fortel fram, kretser derimot forteljingane i «Ny lærebok i historie» og «Saman lærer vi historia til menneska» kring høvesvis *nasjonen* og *eliten* i «Ny lærebok i historie», to element som nærast er å lese som *eitt* i dette verket, og *folket* og *eliten*, både innanfor og utanfor dei japanske landegrensene, i «Saman lærer vi historia til menneska».

8.2 Grunnforteljinga i hovudstraumsverka

Grunnforteljinga kan difor seiast å ta to plan, der det eine nettopp handlar om forholdet *innland-utland*. Dette er forteljinga om eit samfunn – i dei fleste verka leia av ein stort sett klartenkt elite – kor den *indre* utviklinga *alltid* har hengt tett saman med den *ytre*, stoda i det som til ei kvar tid utgjer *verda*. Når verda og omstendene endrer seg, har Japan endra seg med dei, opp til nyare tid heile tida med *kontrollen* over denne utvikla på eigne (altså eliten sine) hender. Då ein på 1600-talet i ein periode slapp verda litt for tett innpå – og eit tap av denne kontrollen framstillast som ein moglegheit – fortel ein at eliten tok drastiske grep for å hindre dette i å skje.

Forteljinga om nasjonen blir slik til i spenninga mellom det nasjonale og utanlandske, då

⁵⁰⁷ Som til dømes i forteljingane si handsaming av ur-Japan, den japanske periferien, den jamne japanar og landet sin omgang med utlandet - særleg i nyare tid.

utviklingar *ute* fører til utviklingar *inne*. Då dette *ute* var einstyddande med ein Kina-sentret verdsorden, innretta Japan seg etter spelereglane som gjaldt i denne, og modellerte mellom anna samfunnet sitt etter eit kinesisk førebilete, men då ein såg at denne verda gjekk mot slutten, og at eit nytt *ute* med heilt nye spelereglar var i ferd med å oppstå, skifta Japan ham og tilpassa seg den nye verkelegheita på effektivt og vellukka vis. Som somme tekstar uttrykkjer det, var det nærast Japan sjølv som gav den gamle verda nådestøtet, då denne måtte gravleggjast for godt om Japan skulle ha framgang i den nye.

Nederlaget i 1945 representerer difor eit tydeleg brot i denne forteljinga, og følgjer ein periode kor den japanske eliten, etter å ha sett at den rådande, internasjonale ordenen vart rive ned nok ein gong, søkte å tilpasse seg den nye verdsordenen som då oppstod, noko den denne gongen mislukkast med. Resultatet var at den samfunnsberande eliten tilsynelatande mista all kontroll over samfunnsutviklinga for første gong i forteljinga.

Men i den nye verda som oppstod etter 1945, synte Japan seg nok ein gong særst godt i stand til å tilpasse seg, nærast så godt at ein i 1990-talsverka får eit inntrykk av at det ikkje kan bli betre. For at landet skulle oppnå denne velstanden, fortel fleire av verka i ulik grad fram ei forteljing om den imperialistiske perioden som ein «blindveg», og at velstanden og fridomen ein no nyt i landet er eit resultat av at denne vegen lukka seg.

Forteljinga om nederlaget som *naudsynt* er òg tydeleg i forteljinga som forteljast fram langs den andre sentrale dimensjonen, utviklinga i relasjonen mellom *folk* og *elite*, og dette gjeld alle verka unnateke «Ny lærebok i historie». Den gamle eliten vart sat på sidelinja av framande makter, som *saman med folket* tok nasjonen nærare ein tilstand kor ein større grad av medråderett og jamstilling for den jamne japanar rådde.

8.3 Forteljingsmønster

I ein diskusjon om kva *forteljingsmønster* som lar seg identifisere i forteljingane kring dimensjonane *innland-utland* og *folk-elite* i dei ulike verka, er det for det første tydeleg at dei fleste verka fortel fram ei forteljing - langs den første dimensjonen - som i varierende grad kan seiast å vere prega av “*framsteget*” og, på same tid, “*intet nytt sker under solen*”. “*Framsteget*” er tydeleg i måten ein fortel fram den japanske nasjonen si utvikling frå å vere eit samfunn som går frå å vere ein internasjonal *utpost*, ein mottakar av meir eller mindre *alt* – av kulturell, teknologisk og politisk art - som var *naudsynt* for intern utvikling og bevaring av sjølvstendet sitt, til i nyare tid

sjølv ende opp som ei kjelde for mykje, både materielt og immaterielt - og verka er særskilte i kva dei legg vekt på her - som blir verdsett internasjonalt.

Denne utviklinga, som altså jamt over har vore kjenneteikna av at den japanske eliten, i dei fleste læreverka, har hatt ei *vaktsam* interesse for omverda, kan difor òg seiast å minne om tropen “*intet nytt sker under solen*”. Dette *evige* handlingsmønster framstillast i varierende grad som noko «erkejapansk», og den nemnte *vaktsemda* er mest openberr – og forståeleg – i forteljingar der utlandet i stor grad representerer eit trugsmål mot kultur, folk og/eller territorium – på same måte som det er ei naudsynt kjelde for å bevare dei same tinga.

Også langs den andre dimensjonen, *folk-elite*, er dette i dei fleste verka ei forteljing om “*framsteget*”, eller meir presist “*u-modellen*”, då forteljinga i mange verk starter med at innbyggjarane på øygruppa nærast eksisterer i eit paradisi på jord, i ei verd kor korkje smerte, naud eller undertrykkjing eksisterer. I det følgjande skal eg samanlikna korleis dei ulike verka fortel fram denne innleiande forteljinga, og sjå kva føringar den legg for den vidare nasjonale forteljinga.

8.2 Opprinninga og den tidlege kontakten – tradisjonsforteljingar

I «Nytt samfunn – historie» (1996), «Historielærebok for ungdomsskuleelevar» (1996) og i «Ny lærebok i historie» har «det japanske» i ein eller fleire former eksistert sidan urtida,⁵⁰⁸ sidan tida før ein for alvor etablerte relasjonar med det som låg utanfor. Dette har i ulike grad implikasjonar for kor mykje av det utanfrå som må *tilpassast* då ein byrjar å ta til seg impulsar i stor skala. Medan det er tilfellet at ein i 1990-talslæreverka nyttar *nasjonale* (og anakronistiske) omgrep om dei tidlege samfunna og menneska her, er det berre i «Ny lærebok i historie» at ei tydeleg *tradisjonsforteljing* er å lese, ei forteljing kor særskilte mykje av det boka kallar «japansk» finn forma si.

⁵⁰⁸ I NLH (2017) omtalast til dømes dei første menneska på øyene som «forfedra til oss japanarar» - *watashitachi nihonjin no sosen*. Lesarane oppmodast til å sjå føre seg korleis samfunna deira - som var eldre, fredelegare og meir avanserte enn tidlegare trudd - kan ha “lagt grunnlaget for den japanske kulturen og japanarane sin “behagelege” personlegheit” - “*Nihonjin no odayakana seikaku to Nihon bunka no kiso ga hagukumareta...*” I denne forteljinga finn det dessutan ikkje stad migrasjon i stor skala etter at vassnivået stig for kring 10 000 år sidan, ein unik detalj ved denne forteljinga (s. 26-27, 30-31, 38). I NSH 1 (1996) omtalast desse første menneska som «prototypen på japanarar» (*nihonjin no genkei*), og gjennom deira «blanding» med seinare migrantar “vart i løpet av mange år japanarane, med eit felles språk og ein felles kultur, til” - *nagai toshitsuki no aida ni, koutsuu no kotoba ya bunka wo motsu nihonjin ga dekitekita to kangaerareru* (s. 6-12), medan HUE 1 er meir eksplisitt når det gjeld dei *fysiske* attributtane til desse menneska, då denne «blandinga» i den forteljinga resulterer i eit folk som etter kvart utvikla “karakteristikkar” (*taishitsu*) og ei “kroppbygning” (*taikaku*) som var “japanar-aktig” (*nihonjinrashii*) (s. 19).

Denne opprinningshistoria styrkast ved at denne boka er den einaste som ikkje fortel om (storstilt) innvandring frå verda utanfor etter at landbrua til kontinentet forsvinn under vatn.⁵⁰⁹ I denne isolerte perioden dannast det i dette verket ein sjølvstendig japansk *sivilisasjon*,⁵¹⁰ som så strekkjer ut ei hand til kontinentet når behovet melder seg. Verket er vidare åleine om å påstå at samfunna på øyene tidleg etablerer ein *tradisjon* med å ta til seg nytt utanfrå, *men samstundes* vere medviten om det ein har, ein tradisjon som følgjer med nasjonen opp til moderne tid.⁵¹¹

Som nemnt er ei proaktiv og nysgjerrig haldninga til verda utanfor å rekne som ein evig tradisjon i alle verka - ein interesse som har vore naudsynt for å følgje utviklinga. Mindre openberr er forteljninga om ein parallell innsats for å *ta vare på* det ein har – kva no enn det er. *Toraijin*, innvandrarar frå Korea på 500-talet, spelar ei særskild viktig rolle i utviklinga av det tidlege Japan på nærast alle tenkjelege områder i alle forteljingane,⁵¹² men deira nærvær er ikkje like tydeleg i alle tekstane. Det er særleg i «Saman lærer vi historia til menneska» deira sentrale rolle blir understreka,⁵¹³ noko som støyr opp om læreboka si forteljing om det japanske som eit internasjonalt prosjekt.

8.3 Verda

Forteljinga om Japan sin omgang med europearane enda som kjent med ei «lukking» av landet kring 100 år etter det første møtet, og det er til tider tydelege ulikskapar å sjå i korleis verka fortel fram det som leia til denne drastiske avgjersla. I alle forteljingane fører statleg undertrykkjing av kristne til eit opprør, som følgjast av eit forbod og ei lukking av landet, men forteljingane *grunngeiv* regimet sine handlingar på ulikt vis.

I «Saman lærer vi historia til menneska» er det grunnlaus sjåvinisme og framandfrykt hos eliten som ligg bak,⁵¹⁴ medan dei fleste andre forteljingane i ulik grad fortel at ei frykt for

⁵⁰⁹ NLH, 2017, s. 30-31, 38

⁵¹⁰ NLH, 2017, s. 32-33

⁵¹¹ Ibid., s. 184-185 – utkastet til det moderne Japan sin første grunnlov vart forfatta av japanarar som “hadde rådført seg med europeiske grunnlovar, men hadde teke utgangspunkt i Japan sin tradisjonelle religion og kultur” - *Nihon no dentoutekina shuukyō ya bunka wo dodai to suru kenpō sōan wo tsukutta* - akkurat som elitene i tidlegare tider.

⁵¹² NSH 1, 1996, s. 33 – dei hadde med seg overlegne jordbruksreiskapar, irrigasjonsteknologi, tekstilar av høg kvalitet, det kinesiske teiknsystemet (*kanji*), konfutsianistiske verk og seinare buddhismen.

⁵¹³ Gjennom fleire eksempel syner ein korleis dei både aktivt formidla kontinental lærdom til dei innfødde og bidrog til å trygge staten ved å reise forsvarsverk.

⁵¹⁴ SHM, 2019, s. 100-101, 110-111

europaisk erobring – der misjonæraane utgjorde fortroppane - låg til grunn for dei strenge tiltaka.⁵¹⁵ Som einaste læreverk framstillar «Ny lærebok i historie» dei kristne misjonæraane som representantar for konkrete truslar mot etablert japansk kultur og mot japanske liv.⁵¹⁶

Kontrasten mellom europaisk og ikkje-europaisk imperiebyggjing er i somme av verka særst tydeleg, då til dømes mongolsk eller islamsk ekspansjon blir framstilt som positive - dette var tolerante imperier som bygde bruar mellom aust og vest - medan europaisk framferd i Amerika i dei fleste nye læreverka resulterer i øydelagte sivilisasjonar, massedød og slaveri. I «Ny lærebok i historie» er den geografiske dimensjonen ved europearane erobringslyst klart uttrykt,⁵¹⁷ men dei *menneskelege* kostnadane av erobringa av Amerika er ikkje inkludert.

“Ny lærebok i historie” er elles unik i sin hyppige bruk av *europaiske* vitnesbyrd i forteljinga, og då helst i samband med eksempel på til dømes positive japanske karaktertrekk eller prestasjonar. Det er tydeleg ein meiner at det stør truverdet ditt om du kan syne til at ein europear har kome med panegyriske omtale av samfunnet ditt, at europear kan sjå eit spegelbilde, ja, kanskje til og med noko som er *vakrare* enn sitt eige, i det japanske samfunnet.

Forteljinga om relasjonen mellom det japanske majoritetssamfunnet og samfunna i utkanten, altså ainoane og befolkning på Ryukyu/Okinawa, er kvalitativt og kvantitativt annleis i dei nyare lærebøkene samanlikna med dei eldre. «Historielærebok for ungdomsskuleelevar» (2016) og «Saman lærer vi historia til menneska» skil seg ut ved å fortelje spesielt kritiske forteljingar om assimileringssinnsatsen overfor ainoane - dette førte til ei *uomtvisteleg* forverring av liva til desse menneska, drive fram av den japanske staten sitt arbeid for å tilpasse seg den nye, moderne verda.

Når det gjeld forteljinga om relasjonen til befolkninga på Ryukyu-øyene, er ikkje denne like øydeleggjande, i alle høve ikkje før ein kjem til andre verdskrig. Forteljinga om bebuarane på øya si opplevingar under slaget der er via mykje plass i «Historielærebok for ungdomsskuleelevar» (2016) og «Saman lærer vi historia til menneska», som er vel så kritiske overfor den japanske hæren – som representantar for majoritetssamfunnet – som overfor amerikanarane si framferd. I dei eldre forteljingane, og i «Nytt samfunn – historie» (2016), er ainoane nemnt som éi av gruppene som framleis blir diskriminert i det japanske samfunnet, ei diskriminering lesarane

⁵¹⁵ NSH 1 og 2 og HUE 1 og 2

⁵¹⁶ NLH (2017) - gjennom deira oppmodingar til hærverk av japanske, ikkje-kristne heilagdomar og si deltaking i handel med japanske slavar

⁵¹⁷ Som einaste læreverk har denne inkludert omtale av *Tordesillastraktaten*.

oppmodast til å jobbe for å bli kvitt.

I «Ny lærebok i historie» finn ein i langt større grad ei forteljing om *frigjering* og sivilisering i samband med denne relasjonen,⁵¹⁸ i alle høve ei forteljing kor dei negative følgjene ved assimileringa (særleg av ainoane) leggjast fram saman med positive bidrag frå majoritetssamfunnet. Vidare seier verket at innlemminga i den nye japanske staten var ønska av store delar av befolkninga på Ryukyu - som hadde mykje til felles, etnisk og språkleg, med japanarane - sjølv om assimileringa tok lenger tid enn den burde.

8.4 Imperialisme

Forteljinga om japansk imperialisme er i dei fleste verka ei *negativ* eksempeforteljing – som noko Japan aldri bør gjere om att, både av omsyn til eige velvære, og, som særleg er synleg i «Saman lærer vi av historia», fordi slik framferd er eit *universelt onde*. I denne forteljinga stiller landet seg – på same vis som andre stormakter – *i beste fall* i vegen for andre nasjonar sine ambisjonar om sjølvstende, demokrati og kulturell autonomi. I «Ny lærebok i historie» er derimot biletet meir komplisert. I somme parti av forteljinga er japansk imperialisme eit kvalitativt heilt anna fenomen enn den vestlege, nemleg eit frigjeringsprosjekt i det som kan minne om ein «rasekrig», og det forteljast fram ein tydeleg samanheng mellom japansk innsats i okkuperte område og seinare frigjering frå kolonimaktene.

I «Ny lærebok i historie» har Japan innteke ein leiarposisjon i dette frigjeringsprosjektet fordi landet, grunna sin klartenkte elite, makta å halde seg sjølvstendig i den nye verkelegheiten som oppstod då europearane ekspanderte inn i verdsdelen. Eliten i Kina og Korea var for konservativ og for lite snarrådige, og ikkje minst uvillige til å lytte til japanske råd, og enda opp med å bli teke over av andre makter.

Medan dei to 1990-talsverka og «Saman lærer vi historia til menneska» plasserer seg på eit *negativt* ytterpunkt i måten dei fortel fram utviklinga av japansk imperialisme, er forteljinga “Nytt samfunnsfag - historie” (2018) og “Historielærebok for ungdomsskuleelevar” (2016) å finne ein stad mellom desse motpolane, men dei heller utan tvil mot det kritiske og negative. I det store og heile er dette forteljingar om eit Japan som i hovudsak *anten* er frigjerande eller undertrykkande, men kor det er rom for små nyansar.

⁵¹⁸ Dette gjeld særleg av aino-samfunnet, der den nye staten sine forbod verker «rimelege» - til dømes forbodet mot å skikken med å brenne hus menneske døydde i – og bygde ut eit helse- og skuletilbod til ainoane.

Forteljninga om japansk imperialisme, og den følgjande amerikanske okkupasjonen, inneheld likevel *nyttige* erfaringar som i dei fleste lærverka blir gjeve ein stor verdi: erfaringane både under og like etter krigen har gjort Japan unikt veileigna til å fremme fred i verda, eit arbeid landet har eit særskild ansvar for å bidra i.

8.5 Demokrati og fridom

Demokrati, i første rekkje i form av ein grad av medråderett for vanlege bønder, er i alle forteljingane eit japansk grasrot-fenomen, som med andre ord *ikkje* kom til landet frå den vestlege verda. «Saman lærer vi historia om menneska» fortel i stor grad ei forteljing om demokratiet som eit *universelt* fenomen, og at ein kan finne eksempel på at vanlege folk til alle tider ønskjer fridom og jamstilling uansett kor dei er i verda,⁵¹⁹ og er eit verk som ikkje manglar eksempelforteljingar om korleis fridom og demokrati har blitt oppnådd eller undertrykt.

I forteljninga om danninga av den nye staten etter Meiji-restaurasjonen i 1868 er europeiske idear aktuelle, og motstridande krefter i det japanske samfunnet - som har ulike idear om korleis den nye staten bør sjå ut - hentar inspirasjon frå ulike delar av dette idélandskapet. Medan eliten ser til Det tyske keisarriket i utforminga av den nye statsforfatninga, argumenterer motstandarane for liberalisering og demokratisering av denne med eit utgangspunkt i *franske* og *britiske* idear. Gradvis får dei sistnemnte ideane innpass, sjølv om utanlandske makter, i første rekkje USA, måtte slå den japanske staten i krig før ein verkeleg ser forandring.

Det er forteljninga i «Saman lærer vi historia om menneska» som altså gjev klarast uttrykk for at demokratisk sinnelag heile tida eksisterte i det japanske folket - som i alle folk – men som eliten hadde undertrykt fram til nederlaget. Så fort dette regimet ikkje sit med makta lenger, byrjar den folkelege, demokratiske aktiviteten å blomstre.

Også i dei fleste andre verka ser ein at okkupantane etter krigen «realiserar» eit sett allereie eksisterande ønskjer i den japanske befolkninga, og at delar av folket mellom anna tek aktivt del i utforminga av ein ny grunnlov.⁵²⁰ Denne grunnloven trer derimot fram som noko *framand*, som eit symbol på japansk makteslause og audmjuking, i forteljninga i «Ny lærebok i historie»,⁵²¹ og

⁵¹⁹ Her fortel ein til dømes om demokratiske organ blant den nordamerikanske urbefolkninga og at koreanske bønder frigjorde seg frå sitt urettvise samfunnssystem under den japanske invasjonen av landet på 1590-talet.

⁵²⁰ Sjø t.d. NSH 1 (1996), som syner kor stor oppslutning den nye grunnloven hadde i folket når det gjaldt prinsippa om pasifisme og folkesuverenitet (s. 277).

⁵²¹ NLH, 2017, s. 253 - etterkrigsgrunnloven vart forfatta av okkupantane *på engelsk (eibun)*, og det i løpet av ei veke, og skal ha gjeve japanske myndigheiter eit sjokk over at landet i denne grunnlova mellom anna sa frå seg

representerer eit *brot* i tradisjonen forteljninga har etablert - som noko utanfrå som japanarane berre i avgrensa grad kunne tilpasse sin eigen verkelegheit.

Grunnlova og oppmodingar om å vere aktive medborgarar, både på eit nasjonalt og internasjonalt plan, står sentralt vidare i mange av forteljningane, mellom anna i samband med ulike utfordringar Japan og verda står i eller kan kome til å møte i framtida, som i samband med fremminga av fred.

8.6 No- og framtid - Japan sitt ansvar i verda

Forteljningane i dei fleste nye verka er ganske annleis enn dei ein finn i 1990-talsverka når det gjeld Japan og landet si oppgåve og/eller *ansvar* overfor verda elles. I dei eldre verka har landet, i tillegg til arbeidet med å forsvare prinsippa i grunnloven sin i internasjonale fora, òg ei tydeleg uttrykt utfordring knytt til økonomisk rettferd: Japan er ei økonomisk suksesshistorie, og har her meir enn nok *overskot* til å sørge for å gjere verda til ein meir rettferdig stad. Landet kritisert av andre land for at ikkje den attraktive marknaden deira er meir tilgjengeleg for importvarer – omverda ønskjer i større grad å ta del i den japanske suksessen. Vidare er andre verdskrig framleis aktuell i desse forteljningane, som fortel at Japan har eit ansvar for å gjere opp for seg og ikkje gløyme.

I dei nyare verka ser framtida ganske annleis ut, då Japan her eksisterer i ei verd kor både *tryggleiken* og *stabiliteten*, økonomisk som politisk, ein kan lese om i 1990-talsverka til ein viss grad ikkje er der lenger. Dette er forteljingar om ein forverra økonomi, både når det gjeld BNP og arbeidskvardagen til den jamne japanske arbeidstakarar,⁵²² territoriale konflikter med nabolanda,⁵²³ ei befolkning råka av særleg låg fødsels- og dødsrate⁵²⁴ og globale miljøutfordringar og nasjonale naturkatastrofer.⁵²⁵

«Ny lærebok i historie» er det einaste læreverket som løftar opp territorialtvistene som det mest sentrale Japan må ta hand om i framtida – i tillegg til å fremje fred og japansk kultur i utlandet. I dei to nye hovudstraumsverka er det omsynet til miljøet som er det mest presserande, der Japan si erfaring med til dømes naturkatastrofer blir gjeve ein høg grad av aktualitet. På eitt område er likevel ei forteljing om eit uomtvisteleg «*framsteg*» å finne i desse tre læreverka:

retten til å føre krig. Ein godtok utkastet då ein frykta for stillinga til keisaren. Japan vart fråteke mogelegheiten til å møyssommeleg tilpasse det importerte til sin eigen verkelegheit.

⁵²² NSH 2, HUE 2, SHM

⁵²³ NSH 2, HUE 2, NLH

⁵²⁴ NSH 2

⁵²⁵ NSH 2, HUE 2, NLH

japanske kulturprodukt, både av «høgare» og populær art, blir verdsatt verda over som aldri før - Japan er utvilsamt ein *kulturnasjon* av internasjonalt kaliber.⁵²⁶

Forteljinga i «Saman lærer vi historia til menneska» vekter alle temaa, både dei ein finn i dei eldre og nyare lærebøkene, likt: berekraft, solidaritet og fred. I avslutninga løfter forteljinga fram eit førmoderne samfunn som eit eksempel til etterfølgjing – eit samfunn som nærast er den moderne verda sin *positive* motpol, og opptrer i ei tydeleg positiv eksempelforteljing kor dei tre nemnte verdiane blir hegna om. Forteljinga oppmodar samstundes til meir enn eit uklart definert «arbeid for fred»: i denne nye verkelegheiten har det japanske militæret allereie aktivt vore i bruk i utlandet (Irak), og kreftene som ønskjer å gjere det til den nye normalen, har overtaket. Krig, og korleis dette øydelegg liva til uskuldige menneske og andre levande skapningar, er til stades gjennom heile denne forteljinga – og lesarane oppmodast til å engasjere seg for å skape eit samfunn kjenneteikna av læreboka sin vide definisjon av tilstanden “fred”.

8.7 Nye og eldre utgjevingar – kva er ulikt?

Ovanfor og i analysene av dei ulike verka har eg allereie greia ut om skilnadar mellom dei eldre og nyare utgåvene av «Nytt samfunnsfag – historie» og «Historielære bok for ungdomsskuleeleavar», men her vil eg syne og klargjere kor dei ulike utdanningsdokumenta kan ha hatt ei rolle å spele. Her vil det òg vere relevant å syne korleis «Ny lærebok i historie» og «Saman lærer vi historia til menneska» har valt å møte dei mest tydelege krava i desse dokumenta.

I gjennomgangen av dokumenta eg rekna som relevante, synte eg mellom anna at ein i godkjenningsskriteria finn eit punkt som seier at boka må *vere tydeleg* om til dømes historiske hendingar kor det er realhistoriske detaljar historikarane er usamde om. Eit openbert eksempel på ein stad kor det i utgangspunktet er freistande å tenkje at dette har hatt ein verknad, er i lærebøkene si handsaming av «Nanjing-massakren». Ikkje berre har dei nye læreverka fjerna estimatet for talet på drepane, som éi av dei eldre lærebøkene oppgir,⁵²⁷ noko som kan knyttast til det nemnte kriteriet, men dei har òg endra namnet ein nyttar om hendinga. Når det gjeld læreverk som har vore på marknaden ei stund, veit eg at desse endra omtalen av hendinga for fleire år sidan, og fjerna estimatet, før dette kravet var på plass,⁵²⁸ men det er nærliggjande å sjå føre seg at omtalen av

⁵²⁶ Japansk populærkultur kaprar merksemda til stadig fleire i utlandet, at japanske forfattarar har blitt gjeve Nobels litteraturpris og at japansk matkultur har blitt stadig meir populær.

⁵²⁷ NSH 1, 1996, s. 254 – «kring 200 000 personar» - *yaku niman nin...*

⁵²⁸ Nozaki, Y., 2008, s. 145

hendinga i eit nytt verk som “Saman lærer vi historia til menneska” nettopp er som den er grunna dette kravet.

Medan hendinga faktisk kallast «Nanjing-massakren» (*Nankin daigyakusatsu*) i brødtkeksten i dei 1990-talsverka, omtalast den som «Nanjing-episoden» (*Nankin jiken*) i alle dei nye læreverka, unnateke “Ny lærebok i historie”, som faktisk “reklamerer med” at den ikkje inneheld noko informasjon om denne hendinga i det heile teke.⁵²⁹ I margen i «Historielærebok for ungdomsskuleelevar» (2016) finn ein ein vidare ein påstand om at «ingen japanarar fekk vite om (denne hendinga) før krigen var over»,⁵³⁰ og båe verka informerer oss om at ein framleis jobbar med å avdekke alt om denne hendinga, inkludert tal på drepane – og at ein difor ikkje ser noko tal i teksten.⁵³¹

Når det gjeld «trøystekvinnene», er desse nemnt i båe 1990-talsverka,⁵³² men er heilt fråverande i “Nytt samfunn - historie” (2018), “Historielærebok for ungdomsskuleelevar” (2016) og “Ny lærebok i historie”. I «Saman lærer vi historia til menneska» finn ein derimot ein referanse til dei i margen, kor ein siterer ståstaden til japanske myndigheiter.⁵³³ Det opprinnelege utkastet til læreboka, som altså ikkje vart godkjent, tok nok ikkje utgangspunkt i den ståstaden.

I samband med både «trøystekvinnene» og dei omtalte territorialtvistene, er det nærliggjande å peike på kriteriet som seier ein må ta utgangspunkt i det som til ei kvar tid er myndigheitene sin ståstad. I 1990-talsverka er det berre konflikta med Sovjetunionen/Russland om «Nordområda» (*Hoppou ryoudo*) som er nemnt, og det i margen.⁵³⁴ I dei nye læreverka står alle konfliktene å lese om, anten i sideforteljingar/brødteksten/margen,⁵³⁵ i margen og brødteksten⁵³⁶ eller, i «Saman lærer vi historia til menneska», berre i margen. Dette læreverket har altså handsama dette temaet og «trøystekvinnene» på nokonlunde identisk vis – ein har plassert omtalen av dei båe i margen – men i det eine tilfellet har ein gått så langt som mogeleg, medan ein i det

⁵²⁹ På ein lapp kring omslaget til læreverket står det å lese at ein her ikkje finn nokon omtale av «den oppdikta Nanjing-episoden» - *Kyokou no Nankin jiken*

⁵³⁰ HUE 2, 2016, s. 220 – *sensou ga owaru made, Nihon kokumin ni shirasaremasendeshita*.

⁵³¹ Ibid. * 2

⁵³² NSH 1, 1996, s. 263 – “Det var òg mange unge kvinner som vart sendt til fronten som “trøystekvinner»» - *juugun ianfu toshite kyouseitekini senjou ni okuridasareta wakai josei mo tasuu ita*.

HUE 1, 1996, s. 271 – «Mange (frå Korea og Taiwan) var «trøystekvinner»» - *Juugun ianfu datta hitobito...*

⁵³³ «Saman lærer vi historien til menneska» (SHM), 2019, s. 281 – «det føreligg ikkje materiale som klart gjev uttrykk for at den japanske hæren eller myndigheitene tvang (desse kvinnene)» - *Gun ya kanken ni yoru iwayuru kyousei renkou wo chokusetsu shimesu youna shiryō wa hakensareteinai*.

⁵³⁴ NSH 1, 1996, s. 284, HUE 1, 1996, s. 282

⁵³⁵ NSH 2, 2018, s.168-169, 242, 252-253, HUE 2, 2016, s. 168, 239, 244, 246-247

⁵³⁶ “Ny lærebok I historie» (NLH), 2017, s. 248, 252, 258, 272-273

andre gjort så lite som mogeleg, med tanke på kva godkjenningskriteria tillet og krevjer.

Er det derimot noko i læreverka som tyder på at den reviderte opplæringslova, og målet om å fremme kjærleik til land og heimstad, har hatt ein effekt på innhaldet, eller representerer denne revisjonen berre ein symboltung, *men effektlaus* siger for høgrenasjonale krefter i Japan? Det er freistande å konkludere med det siste. Elles er det jo mogeleg at ein kan «fremme kjærleik til land og heimstad» ved å syne til *prestasjonar* som omtalast som *nasjonale*, skildre desse i positive ordelag og føre prov for deira «verdi» gjennom å syne til begeistring frå eksterne kjelder. I så fall kan både «Ny lærebok i historie», «Nytt samfunn – historie» (2018) og «Historielærebok for ungdomsskoleelever» (2016) seie å gjere nettopp dette i måten dei fortel fram *kulturnasjonen* Japan.

8.8 Funksjonen til forteljingane

Kva kan ein avslutningsvis seie om kva *funksjon* desse forteljingane kan tenkjast å ha på lesarane sine? Kva oppmodar og/eller åtvarar dei mot? I dei fleste nye læreverka fortel ein fram ei framtid som handlar om å treffe ein balansegang mellom å *bevare* og å *skape*, men ein har til dels særskilte ulike idear om kva som er verdt å nettopp ta vare på framover. Desse handlingane knyter seg til dei nemnte dimensjonane mellom *inn-* og *utland* og *folk* og *elite*, då mykje av det som «står på spel» i framtida omhandlar det same som det forteljingane om fortida handlar om.

For å byrje med «Ny lærebok i historie», er det det konkrete og territorielle – det *nasjonale* – som aktivt må vernast frå utanlandske trugsmål i no- og framtida. Av desse utanlandske trugsmåla er ingen meir trugande enn Folkerepublikken Kina, ein stat som i denne forteljinga nærast ikkje er anna enn ei samling *negative eigenskapar*.⁵³⁷

Dette er i tråd med ein impuls for å *bevare* som er sterkt til stades gjennom heile forteljinga i dette læreverket. Bevaringa av «det japanske» styrer alt eliten – forteljinga sin hovudaktør – foretar seg overfor utlandet. Som eg nemnte i analysen av dette verket, er det tydeleg at ein her fortel fram ei framtid som gjer det naudsynt å sørge for at ein kan forsvare seg militært – og at nasjonen difor må «ta tilbake» grunnlova, per i dag eit utprega *importert* produkt i denne

⁵³⁷ NLH, 2017, s. 272-273 – Kina er *ikkje* så velstående som ein kan få inntrykk av, sjølv om det har teke forbi Japan og no er verdas nest største økonomi. BNP per innbyggjar i landet er likevel «mykje lågare» (*haruka hikui*) enn i Japan. Det er ekstreme skilnader mellom fattig og rik i landet, og alvorlege miljøproblem. Eit fotografi av nokre menneske i ei kinesisk byggate illustrerer det siste, medan eit kart over landet fremjer eit anna argument: her er alle konflikter, interne som ekstrene, Kina har vore involvert i sidan 1949.

forteljinga, då dette framandelementet avgrensar militær maktbruk, noko som i framtida kan kome til å setje alt det japanske i fare, noko som i dette verket vil representere eit tydeleg tap – og ein skal ikkje sjå bort frå at somme av lesarane kan ende opp med å trekkje den same konklusjonen.

I «Nytt samfunn – historie» (2018) gjeld det både å bevare og å skape. Ein oppmodar lesarane om å balansere nasjonale og internasjonale omsyn i møte med framtida, og som einaste verk peikar det eksplisitt ut ei framtid kor nasjonen bør ta grep for å bevare sine *innbyggjarar*, som blir stadig færre grunna den låge fødsels- og dødsrata i landet (*shōshikōreika*), men kor skapinga av eit berekraftig samfunn òg er sentralt – eit mål som sjølvsagt kan knytast til verdas vel og ve, men som òg vil ha store implikasjonar for nasjonen. Fokuset på miljø- og berekraft er altoverskuggande i «Historielærebok for ungdomsskoleelevar» (2016), kor ein gjennom heile verket fortel fram ei forteljing om Japan som ein nasjon som gjennom heile si historie har hatt eit nært tilhøve til naturen og naturkreftene, eit forhold som har gjeve landet erfaringar som både kan kome den sjølv og verda elles til gode i møte med no- og framtidige miljøutfordringar.

I «Saman lærer vi historia til menneska» kan ein derimot argumentere for at ein i framtida bør gå inn for å *skape* «fred», i den utvida definisjonen av ordet ein her legg til grunn. Ein ber lesarane nytte – i alle høve vere medviten om - retten til medråderett som det japanske folk har vunne gjennom sin kamp for rettferd, demokrati og jamstilling i denne forteljinga, då det er via denne ein kan finne ein veg mot ei verkeleggjering av ei fredeleg verd, ei verd som er *solidarisk, berekraftig og fri for krig*.

Lærebøker

Nye lærebøker (godkjent i 2015):

- “Nytt samfunn - historie (NSH 2) frå forlaget *Toukyou shoseki*⁵³⁸
- “Historielærebok for ungdomsskuleelevar” (HUE 2) frå forlaget *Teikoku shoin*.⁵³⁹
- “Ny lærebok i historie” (NLH) frå forlaget *Jiyuusha*.⁵⁴⁰
- “Saman lærer vi historia til menneska” (SHM) frå forlaget *Manabisha*.⁵⁴¹

Lærebøker (utgjeve 1996):

- “Nytt samfunn - historie (NSH 1)
- “Historielærebok for ungdomsskuleelevar” (HUE 1)

⁵³⁸ *Atarashii shakai-rekishi* (新しい社会・歴史), *Toukyou shoseki* (東京書籍)

⁵³⁹ *Shakaika-Chuugakusei no rekishi* (社会科・中学生の歴史), *Teikoku shoin* (帝国書院)

⁵⁴⁰ *Atarashii rekishi kyoukasho* (新しい歴史教科書), *Jiyuusha* (自由社)

⁵⁴¹ *Tomoni manabu ningen no rekishi* (ともに学ぶ人間の歴史), *Manabisha* (学び舎)

Litteraturliste

- Aronsson, P. (2004) *Historiebruk – att använda det förflutna*. Studentlitteratur, Sverige.
- Barnard, C. (2004) *Language, Ideology and Japanese History Textbooks*. Taylor & Francis, Storbritannia
- Bukh, A. (2007) *Japan's History Textbook Debate: National Identity in Narratives of Victimhood and Victimization*. Asian Survey, Vol. 37, No. 5.
- Cave, P. (2012) *Japanese Colonialism and the Asia-Pacific War in Japan's History Textbooks: Changing representations and their causes*. Modern Asian Studies, Vol. 47, No. 2.
- Dierkes, J. (2010) *Postwar History Education in Japan and the Germanys: Guilty Lessons*. Routledge, UK.
- Fukuoka, K. (2018) *Japanese history textbook controversy at a crossroads?: joint history research, politicization of textbook adoption process, and apology fatigue in Japan*. Global Change, Peace & Security. Vol. 30, No. 3.
- Gu, X. (2016) *Evaluation in US and Japanese history textbooks*. De Gruyter Mouton, Text & Talk, Vol. 36, No. 2
- Gu, X. (2015) *Evidentiality, subjectivity and ideology in Japanese history textbooks*. Discourse & Society, Vol. 26, No. 1.
- Heiret, J., Ryymin, T. S. og Skalevåg, J. A. (red.) (2013) *Fortalt fortid - norsk historieskriving etter 1970*. Pax forlag, Oslo.
- Jones, A. og Vickers (red.) (2005) *History Education and National Identity in East Asia*. Routledge, Storbritannia.
- Kap. 8: Dierkes, J. *The Stability of Postwar Japanese History Education and Global Changes*.
- Nielsen, N. K. (2010) *Historiens forvandlinger – historiebrug fra monumenter til oplevelsesøkonomi*. Aarhus Universitetsforlag, Danmark.
- Ku, Y. (2014) *Japanese History Textbook Controversies, 1995-2010: Transnational Activism versus Neo-nationalist Movement*. Pacific Focus, Vol. 29, No. 2.
- Mutsumi, H. (2009) *History Education and International Relations: A Case Study of Diplomatic Disputes over Japanese Textbooks*. Koninklijke Brill NV, Nederland.
- Nelson, J. K. (2002) *Tempest in a Textbook: A Report on the New Middle-School History Textbook in Japan*. Critical Asian Studies, Vol. 34, No. 5.

Nishino, R. (2008) *The Political Economy of the Textbook in Japan, with Particular Focus on Middle-School History Textbooks, ca. 1945-1995*. Internationale Schulbuchforschung. Vol. 30, No. 1.

Nishino, R. (2010) *Narrative Strategies Regarding Japanese Ethnic Origins and Cultural Identities in Japanese Middle-School History Textbooks*. Journal of Educational Media, Memory & Society. Vol. 2, No. 1.

Nozaki, Y. (2008) *War Memory, Nationalism and Education in Postwar Japan: The Japanese History Textbook Controversy and Ienaga Saburo's Court Challenges*. Routledge, Storbritannia.

Nozaki, Y. & Selden, M. (2009) *Historical Memory, International Conflict, and Japanese Textbook Controversies in Three Epochs*. Journal of Educational Media, Memory & Society, Vol. 1, No 1.

Orr, J. J. (2001) *The Victim as Hero: Ideologies of Peace and National Identity in Postwar Japan*. University of Hawaii Press, USA.

Rose, C. (1998) *Interpreting History in Sino-Japanese Relations*. Routledge, Storbritannia.

Rüsen, J. (2005) *History – Narration, interpretation, orientation*. Berghahn Books, Storbritannia.

Saaler, S. (2005) *Politics, Memory and Public Opinion : The History Textbook Controversy and Japanese Society*. Iudicium verlag, Tyskland.

Saaler, S. & Schwentker, W. (red.) (2008) *The Power of Memory in Modern Japan*. Global Oriental, Storbritannia.

-Kap. 2: Yoshida, T. *For the Nation or for the People? History and Memory of the Nanjing Massacre in Japan*

-Kap. 3: Ahn, Y. *Japan's "Comfort Women" and Historical Memory: The Neo-nationalist Counter-Attack*

Schneider, C. (2008) *The Japanese History Textbook Controversy in East Asian Perspective*. The Annals of The American Academy, 617.

Yoshifumi, T. (2015) *The Abe Government and the 2014 Screening of Japanese Junior High School History Textbooks*. The Asia-Pacific Journal, Vol. 13, No. 2.

Artiklar m.m frå Internettet:

“Schools hit with protests for using history textbook mentioning “comfort women””, The Mainichi, 9. August 2017:

<https://mainichi.jp/english/articles/20170809/p2a/00m/0na/015000c>

Læreplan, historiedelen av samfunnsfag, ungdomsskoletrinnet

(Gakushū shidōryō), Ministry of Education, Culture, Sports, Science and Technology.

http://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/new-cs/youryou/chu/sya.htm#rekishi

Godkjenningsskriterier for lærebøker, Ministry of Education, Culture, Sports, Science and Technology.

http://www.mext.go.jp/a_menu/shotou/kyoukasho/1260042.htm